Vegen blei sidan vølt til rideveg.

Frå 1798 var det fast ordning med skyss-stasjon i Hylen. 10. november 1798 skreiv amtmann Sheel brev om dette: «Skydsskafferbrev for Bondemand Helmich Stephsen Hylen paa Skydsskiftestædet Hylen i Solle-dahls Præstegield.» I brevet stod det m.a.:

«Friderich Otto Sheel, Kongelig Majestæts til Danmarks og Norges, Kammerjunker og Amtmand over Stavanger Amt- Giør vitterlig: at eftersom der falder en almindelig Vej fra den indre Ende af Hylsfjorden over gaarden Hylen ved denne Fiord og Waage ved Solledalsvatnet, hvor mange reisende af Bønder som bor i den øvre Deel af dette Vand og andre fra Røldahl samt fra Østlandet, uden at der på denne Vej hidentil har været nogen Skydsskaffer ansat der kunde gaae de reisende tilhaande ved at foreskaffe den behøyende Befordring for dem selv og deres førende Sager, saa har jeg fundet det fornødent for de reisende at ansætte Skydsskaffer paa nogen af bemeldte Gaarde, ligesom jeg hermed antager og beskikker Helmich Stepensen Hylen til herefter at være Skydsskaffer paa bemeldte Gaard Hylen for alle reisende som passerer over denne Gaard og skal vandværts paa Hylsfjorden eller landværts til Skydsskiftet Waage eller andet stæds.»<sup>3</sup>

Også på Vidvei var det skysskifteordning for folk som reiste over frå nedre Suldal til Suldalsvatnet.

I 1857 kom det i gang landhandel i Hylen. Det var Osmund Tysdal frå Årdal som sette seg til som handelsmann. I 1868 byrja det ein handel til i Hylen. Det var bonden Helmert Hylen som då fekk løyve til å driva handel.

Om Osmund Tysdal går det ordet at han dreiv stor

som handelsmann i Hylen. Albert Vasshus fortel om dette i ein artikkel frå 1928:

«Det er sagt han eingong selde 200 tunner rug på eit par dagar. Eit år gjekk der 1600 tunnor kornvara og erter frå isen gjekk upp til slåtten. Det stod mann i korningen og mælte støtt sume tider. Og sjeldan hadde han mindre enn ein  $\frac{1}{2}$  dalar på tunna. Da han mælte i kornet, sildra han det i målet so varlegt som råd var, og varskulde dei som stod inne um å vera rolege so det inkje kom diss i golvet, for då seig kornet i målet. So gjorde han strok yver målet. Men so laust låg kornet, at det seig so det vart ei heil bora på målet, då dei drog det yver golvet for å tøma i sekjkene.

Han kjøpte att varone folk kom med. Smør kosta 8–9–12 skilling og talg 5 skilling marki, bork pålag i ort vågjo. Haustane for han til Røldalsmarknaden og handla og ordna med skuldnarane sine. Han hadde ståande eit stort kjer med saltlake som han la smørstykkji i etterkvart, og for so til byen med store slompar. Dei vilde ha det til at han gjerne stod å mælte og levera korn heile dagen, og sette seg først til skriva det inn um kvelden, og då vart det ikkje alltid rett, som venttande var.»<sup>4</sup>

## HYLEN BLIR DAMPSKIPSSTOPPESTAD

Med så stor trafikk over Hylen fann Det Stavangerske Dampskibsselskab det interessant å byrja med båtruter til kommunikasjonsknutepunktet inst i Hylsfjorden. I 1867 kom Hylen med på rutenettet til dampbåten «Ryfylke». Dette året byrja det båtruter på fleire nye stoppestader i Ryfylke, m.a. Sauda, Suldalseid, Årdal, Hebnes og Åmsosen. Sand var med på dei første dampskipsrutene på Ryfylkefjordane då desse rutene kom i gang i 1855.<sup>5</sup> Det er verdt å merkja seg at Suldalseid fekk båtstopp i 1867, men etter det ein veit kom Vanvik til litt seinare. Suldalseid hadde tradisjon som sjøplass for folk i nedre Suldal, og staden låg og lageleg til i leia.

I 1875 stod det ferdig veg mellom Suldalsosen og Sand, og dette blei ein meir praktisk veg å bruka en den gamle sjoarvegen over til Hylsfjorden. Skysstasjonen på Vidvei blei lagt ned då vegen Sand–Osen kom i 1875.<sup>6</sup> I Suldal melde tankar om dampbåtrute på Suldalsvatnet



D/S Haukelid i Hylen kring århundreskifte.

seg, og etter 1½ års konkret arbeid, kunne dampbåten «Suldal» gå første tur oppover vatnet den 13. august 1885.

No blei det meir vanleg for austmenn og andre å reisa med dampbåten til Suldalsosen og fara derfrå til Sand framfor å gå i land i Våge og nytta vegen gjennom

Hylsdalen til den gamle sjøplassen i Hylen. Trafikken i Hylen minka, og det fekk følgjer for handelsmennene. Krambuene stengde, men dampskipa gjorde framleis turar inn Hylsfjorden i mange år framover.

At Hylsfjorden og Hylsdalen var ein naturleg veg å fara, er reisa til prins Oscar av Sverige eit døme på. Prins Oscar (seinare kong Oscar 2.) var i 1872 i Haugesund for å avduka minnesteinen på Haraldshaugen. Frå Hauge-



Sommaren 1872 hadde Hylen like godt rutetilbod som Sauda. Men kring 1880 gjorde dampskipa turen inn Hylsfjorden berre annakvar veke. Den dagen som før hadde vore Hylsfjord-dag, veksla båtane mellom Hylsfjorden og Saudafjorden. Dermed fekk Sauda forsprang på Hylsfjorden i rutetilbod. Rundt 1880 fanst det båtruter til Hylen vinterstid, men det vanlege var båtruter på Hylsfjorden sommar og haust.

I ein rapport frå 1888 går det fram at Saudafjorden var ein meir naturleg fjord å trafikker enn Hylsfjorden. Der står det om dampskipa «som i Ruten Stavanger-Saude flere gange ugentlig anløber strandstedet (Sand); sjeldnere gaar dampskibene ogsaa ind Hylsfjorden med anløbssteder ved Vanvik og Hylen.» Suldalseid hadde og båtstopp i 1888. Denne stoppestaden låg i Suldal herad, slik at Suldal då hadde dampskipssamband med Stavanger: «Endelig maa det nevnes at herredet ogsaa har direkte dampskibsforbindelse med Stavanger idet Vidvei paa Suldalseidet anløbes af de dampskibe, der gaar ind til Hylen.»<sup>8</sup>

Om vintrane låg bygdene langs Hylsfjorden heller avstengde frå omverda. Ikkje gjekk det rutebåt, og fjorden var ofte islagd. I Rasmus Løland sine livsminne som blei nedskrivne kring 1900 og gitt ut som bok i 1988 («Sjølvbiografi») seier Løland dette om tilhøva vinterstid: «Der gjeng ikkje eimbaat i Hylsfjorden um vinteren, og der er ofta is. Der kan daa vera innestengt i vikevis, og følt vondt aa koma utsyver til handelspannen og posthuset. Turistar hev ikkje uppdaga Hylsfjordi – som vel er.» Turistane reiste til eller frå Hylen og stansa ikkje andre stader.

Hausten 1890 gjekk «Rogaland» til Hylen kvar fredag. Båtreisa frå Stavanger til endestaden for ruta tok 7 timer. Det var vanleg å stoppa ved Suldalseid på inntur og på Vanvik når båtane gjekk utover att. På Suldalseid gjekk ikkje båten til kai; her måtte folk som hadde

aerend til båten, ro ut på fjorden. I rutehefta stod dette merkt med eit X. Hausten 1891 fanst same ruteordninga som året før.

Vintersdag gjekk det ikkje båt til Hylen. I vinterrutene for 1894/95, 1895/96 og 1896/97 t.d. var det ingen ruter på Hylsfjorden. Sommaren 1897 gjekk «Rogaland» til Hylen kvar torsdag. Avgangen frå Stavanger var kl. 08.00, og båten snudde i Hylen kl. 14.30. Til Stavanger kom han kl. 20.00. I eit ruteoversyn frå DSD på engelsk med tanke på turistferdsle frå sommaren 1897 var det orientert om reisealternativet om Hylen. Der stod det at båten på Suldalsvatnet gjekk frå Våge kl. 18.00 og kom til Nes timen etter. Enno hadde DSD omtanke for folk som ville nyta den gamle ferdavegen gjennom Hylsdalen og fram til Våge ved Suldalsvatnet.

Hausten 1896 gjekk «Haukelid» til Hylsfjorden kvar torsdag. Rutene galldt frå 2. september til 30. oktober. «Haukelid» byrja torsdagsruta si kl. 06.00 om morgonen og gjekk om Fogn, Halsnøy, Ombo, Jelsa og Marvik til Sand. Etter Sand kom «Haukelid» til Suldalseid kl. 11.00, Hylen kl. 11.45 og Vanvik kl. 12.30. Båten gjekk vidare om Sand, Hjelmeland, Fister og Tau før han nådde Stavanger i kveldinga. Sauda hadde samtidig båtsamband med Stavanger to gonger for veka. Det gjekk båt til Sauda måndag og fredag kveld, og båten returnerte morgonen etter. Rutetilboden for folk i Sauda var dobbelt så stort som det Hylsfjorden hadde.

Rundt 1905 og nokre år framover hadde Hylen to båtstopp for veka sommarstid og om haustane. Våren 1909 finst det døme på at båten ikkje gjekk til botnen av Hylsfjorden. Då hadde «Haukelid» ruteærrend berre til Drarvik, Vanvik og Suldalseid..

Hausten 1915 hadde Hylsfjorden båt to gonger for veka. «Sand» gjorde turen inn Hylsfjorden på tysdagar om Suldalseid, Hylen, Tengesdal og Vanvik. Stoppa var midt på dagen, og det er grunn til å merkja seg at også

Tengesdal fekk båtstopp. Torsdag kom «Sand» til Hylen om kvelden og låg over til fredag morgen. Liknande ordning fanst i 1916, men ikkje året etter.

Trafikkgrunnlaget for dampskipsruta Veikna, og rutene minka. Men i mange år framover kom det til å gå båt til Hylen om haustane. Denne ruta var m.a. eit tilbod til folk som skulle frakta smale heim frå sommarbeite. Hausrutene galdt frå 1. september til sist i oktober. I 1923 og fram til 1935 gjekk det båt til Hylen midt på dagen om tysdagane, og båten gjorde vendereis etter eit kort stopp i fjordbotnen. «Sandeid» hadde ansvaret for denne ruta i mange år; men eit par år var det «Hjelmeland» som tok seg av haustruta til Hylsfjorden. I 1923 t.d. stoppa «Sandeid» på Tangen og var oppom Suldalseid på veg til Hylen og gjekk om Tengesdal, Vanvik og Tangen på uttur etter 1½ times liggjetid i Hylen.

I 1930-åra gjekk det berre båt til Hylen i september månad, og frå 1935 var det heilt slutt med dampskipa til Det Stavangerske Dampskeibsselskap i Hylsfjorden. Då hadde det i fleire år funnest andre ruteordningar.

Når det ikkje høvde for folk å bruka dampbåten dei få gongene han viste seg i fjorden, laut folk i mange år ro når dei skulle til Sand for å gjera ærend på strandstaden, eller dei ville nå i dampbåten til Stavanger og andre stader. Konfirmantane heilt frå Tengesdal rodde til Sand når dei gjekk for presten. Først på 1900-talet hadde Hylsfjorden därlege rutetilbod. Det var då folk i Hylsfjorden sjølve kom på å byrja med ei motorbåtrute for å skaffa folk i fjorden eit betre rutesamband.

#### ANDERS BAKKEN STARTAR BÅTRUTE MED MOTORBÅT

Anders Bakken frå Vanvik byrja saman med faren å driva rutefart mellom bygdene i Hylsfjorden og Sand. Dette kan ha vore så tidleg som i 1913–14. Anders Bakken

(f. 1899) var berre ungguten då han blei med på rutefart. Ein liten open båt som bar namnet «Rappen» blei nytta i rutene. Til dagleg kalla folk båten for «Paddå». Sidan kjøpte Anders Bakken skøyta «Ørn» og brukte henne til ruter mellom Sand og Hylsfjorden. Dette var i 1924.<sup>1</sup> Alt i 1925 selde Bakken «Ørn» til Bernhard Bjerga. Anders Bakken ville prøva lykka i Amerika og reiste bort frå heimetraktene.

#### A/S JØSENFJORD PRØVER SEG I HYLSFJORDEN

I 1920 blei det skipa eit nytt selskap som satsa på rute drift i konkurranse med Det Stavangerske Dampskeibsselskap i ein større del av Stavangerske sitt ruteområde i Ryfylke. Selskapet fekk namnet A/S Jøsenfjord, og i 1921 viste ein ny rutebåt seg på Hylsfjorden. Det var M/S «Fisterfjord», nybygd for ruteselskapet A/S Jøsenfjord. Dette båtselskapet starta i 1920 med kutteren «Jøsenfjord», men frå jonsoktider 1921 disponerte det nye selskapet to båtar og kunne utvida ruteområdet. A/S Jøsenfjord prøvde seg med rutetrafikk heilt til Sand og Hylsfjorden. Hausten 1921 hadde «Fisterfjord» rute til Sand på onsdagar og gjekk utover att fra Tangen og Sand torsdag føremiddag. Sidan kom båten inn i sjølve Hylsfjorden.

Hausten 1922 gjekk «Fisterfjord» frå Sand om tysdagsmorgonen til Hylsfjorden og stoppa på Suldalseid, Vanvik, Tangen og Ropeid før båten kom til Sand att og la i veg utover om Vatlandsvåg, Foldøy, Ombo, Hidle og Aubøsund på veg til Stavanger. På onsdagar gjekk «Fisterfjord» frå Stavanger kl. 16.00 og kom til Vanvik kl. 22.30. Fredag hadde båten rute frå Vanvik kl. 07.00 om Tangen, Sand, Hjelmeland, Fister og nokre andre stoppestader på turen til Stavanger.

I A/S Jøsenfjord sine vinterruter frå 1922/23 hadde «Fisterfjord» ei rute på Hylsfjorden. Kvar tysdag gjekk



M/B Ørnen som Bernhard Bjerga dreiv rutefart med mellom Sand og Hylsfjorden.

«Fisterfjord» frå Sand kl. 07.00 om Suldalseid, Vanvik, Tangen, Ropeid og Sand før båten la kursen ut Sandsfjorden og stoppa fleire stader før han kom til Stavanger kl. 16.00.

Konkurranseen mellom Det Stavangerske Dampskibsselskap og A/S Jøsenfjord i ein stor del av ruteområdet i Ryfylke førte til ein samarbeidsavtale mellom dei to selskapa. DSD overlet det meste av ruteområdet i Austre Ryfylke til A/S Jøsenfjord mot at dette selskapet sluttar med rutene til Sand. Våren 1923 var «Fisterfjord» ikkje lenger å sjå i Hylsfjorden.

#### «ØRNEN» TRUFAST PÅ HYLSFJORDEN I MANGE ÅR

Bernhard Bjerga, som overtok ruta mellom Sand og Hylsfjorden etter Anders Bakken, kom frå Amerika etter eit 12 år langt opphold. Han hadde slektsøter i Hylsfjorden; var fødd på Bjerga og voks opp i Tengesdal. Etter heimkoma skaffa Bernhard Bjerga seg ein større motorbåt som blei nytta til skyssoppdrag. Bjerga busette seg på Sand der han bygde hus. For «Ørnен» gav han 3.800 kroner, men etter eit års tid kosta han på båten mykje. Skipskontrollen melde sine krav, og mest alt over vassflata på «Ørnen» blei skifta ut. Ombygginga skjedde hos båtbyggjar Johannes Naustvik i Vatlands-

våg. Etter ombygginga hadde Bernhard Bjerga investert 10.000 kroner i «Ørnen». Privatpersonar hjelpte til og lånte pengar. «Ørnen» fekk og ny motor, og den gjorde at fartøyet gjekk kring 8 mil i timen.

«Ørnen» hadde lasterom og salong under dekk. Båten kunne ta med 60 personar og hadde bra lastekapasitet. Bjerga sjølv skipra og hadde ansvaret i maskinen, men det var alltid med ein mann til om bord. I 1930-åra arbeidde Harald Knutsen på Ørnen. I krigsåra var sonen til Bernhard Bjera, Olav Bjerga, med som mannskap. Også andre arbeidde på «Ørnen».

«Ørnen» gjekk i rute til faste tider mellom Sand og stoppestadene i Hylsfjorden: Vanvik, Suldalseid, Tangen, Drarvik, Valskår og Tengesdal. Vanvik var avgjort den største bygda og viktigaste stoppestaden; til nokre av kaiane sokna det få familiar. «Ørnen» gjekk ikkje til Tengesdal og Valskår alle rutedagane. Det hende at båten gjorde turen heilt inn til Hylen, men det var utanom den vanlege ruteplanen.

Bjerga gjekk mange ekstraturar med «Ørnen», både til Hylsfjorden og Sauda, m.a. frakta han dokteren på Sand.

«Ørnen» låg ofte på Sand om nettene, men enkelte dagar «overnatta» båten i Hylsfjorden og byrja ruta der om morgonen. På fredagane reiste det alltid mykje folk frå Hylsfjorden til Sand for å handla og gjera andre ærend. Den dagen let det seg gjera å følgja til Sand om morgonen og komma heimatt same dagen. Det var handelsmann i Vanvik, men mange frå Hylsfjorden handla på Sand. Onsdagar og søndagar hadde ikke «Ørnen» ruter. Likevel hande det at båten gjekk kyrkjerute på søndagane for at folk skulle ha høve til å komma til gudsteneste på Sand.

På Sand korresponderde «Ørnen» med dampskipa til Stavanger på måndagar og fredagar; tysdag og laurdag var det råd å reisa frå Stavanger og følgja «Ørnen» inn

Hylsfjorden etter at rutebåten frå Stavanger kom til Sand. Dette stod avmerkt i DSD sine ruter. Varer og passasjerar kunne gå på same billett mellom Stavanger og Hylsfjorden, utan det blei rekna omlastingskostnader. Denne ordninga bygde på ein samarbeidsavtale mellom Bernhard Bjerga og DSD. Stavangerske betalte ein fast som kvar månad til Bjerga; og fraktinntekter frå Hylsfjorden til Stavanger skulle DSD ha. Bjerga leverte oppgjer til Stavangerske kvar månad og førte eige reknescap for inntekter mellom Hylsfjorden og Stavanger. Dette meiner Bjerga var ei ordning han hadde fordel av, og Stavangerske ville sikra seg at det ikkje kom konkurrentar i eit rutedistrikt der dei ville ha kontrollen.

Last som blei frakta med «Ørnen» på inntur frå Sand var gjødning, kraftfor og alt som bøndene elles hadde bruk for. Dessuten fekk handelsmannen varer med rutefartyet. Utover gjekk det slakteyr som skulle enda sine dagar hos slaktar Marvik på Sand, m.a. mykje lam om haustane. Mange dyrka frukt i Vanvik, og om haustane før det store mengder frukt ut fjorden. Hausten var ei god tid for båtruta med bra fraktinntekter på rutene til Sand.

Lasta blei oftest plassert på dekk, det var ikkje vanleg å bruka lasterommet på «Ørnen». Bak styrehuset blei det på eine sida laga til eit overbygg for krøtertransporten, slik at dyra skulle få ei viss livd. Her stod det folk og prata.

«Ørnen» hadde ansvaret for postforsla til og frå Hylsfjorden. Dette skaffa faste inntekter på same måte som tilskotet frå DSD. Rutetrafikken på Hylsfjorden gav brukande økonomiske resultat for Bernhard Bjerga. Skøyta var billig i drift, og Bjerga er i ettertid nøgd med det økonomiske resultatet.

Ruteopplegget var nokolunde det same frå år til år. I den andre verdskrigen måtte rutene minkast noko på grunn av vanskar med å skaffa nok olje, men «Ørnen»



Ørn i Vanvik ein gong i 1930-åra.

hadde lenge rute tre dagar for veka i krigsåra, på tysdagar, torsdagar og fredagar.

Vinterstid låg det ofte is i Hylsfjorden, og dette hindra «Ørn» i å gjennomføra rutene sine. Når isen la seg tjukk, laut båten gi opp. Då gjekk Bjerga så langt han greidde og la til ved iskanten. Folk tok seg utover fjorden på isen til den ventande båten og fekk samband med omverda på den måten.

Ein gong bad to kvinner Bjerga gå ekstratur til Hylen. Far deira var nyleg død. Det låg is i fjorden, men Bjerga

lova å prøva. Isen fraus meir og meir, men det gjekk. Dei kom vel fram til Hylen. Etter ei rask matstund byrja tilbaketuren. «Ørn» tok likkista med til Sand og gjekk oppom Suldalseid for å henta ei ku, men gravferdsfølgjet laut eit par dagar etter ta seg fram frå Hylen til Våge og følgja båten på Suldalsvatnet når dei skulle til kyrkjegarden på Sand.

Frå enkelte i Hylsfjorden kom det ønske om større og betre båt i ruta, men Bernhard Bjerga var lite mota på å skifta ut «Ørn» for di han meinte det ikkje var driftsgrunnlag for større og meir moderne båt. Sommaren 1946 gjekk Bjerga til Stavanger med «Ørn», for båten



D/S Robert ved kai i Vanvik.

skulle ein tur på slip. Han hadde ymta frampå om at han ville selja og slutta med heile rutefarten, og eit par karar kom til han og spurde om det var sant at han tenkte på å selja fartyet. Jau, Bjerga ville selja til den pris takstfolka sette. Takst kom det heller fort, og det enda med sal. Eit par karar frå Mosterøy overtok «Ørn»en, og Bjerga reiste heimatt til Sand og sette støkk i folk i Hylsfjorden. No stod dei brått og uvaenta utan båt.

Ei midlertidig ruteløysing med ei skøyte kom i stand, men dette var ei lite tenleg ordning. Folk i Hylsfjorden

skjøna dei laut gjera noko, og det kom i gang arbeid med å skaffa ny, fast rutebåt.

#### HYLSFJORD RUTELAG BLIR TIL

Bygdefolk i Hylsfjorden søkte samarbeid med Det Stavangerske Dampsksibsselskab om å skipa eit selskap til å stå for ruteferdsla på Hylsfjorden. Den 8. januar 1947 var det konstituerande generalforsamling i Hylsfjord Rutelag A/S på Sand. I lovene for selskapet blei det slege fast at selskapet skulle驱va frakt- og passasjerfart på Hylsfjorden. Forretningskontoret blei lagt til Sand.

„FISTERFJORD“		
Fra Valde .....	5 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	fm.
Tytlandsvik ...	6 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Basli .....	-	
Skiftun .....	7	-
Hjelmeland ...	7 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Hunsnes .....	8	-
Ølesund .....	8 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Sandanger ....	8 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Fister .....	8 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
til Stavanger ...	10 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Fra Stavanger .	3	em.
Fister .....	5	-
Sandanger ....	5 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Ølesund .....	5 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Hunsnes .....	5 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Hjelmeland ...	6 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Skiftun .....	6 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Jelsa .....	7 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
til Sand .....	9	-

Varer mottas og utleveres hele Dagen i Ekspeditionen paa Stenkarkaien.

## Bløte og stive Hatter

Vinter-huer - Skole-huer  
Blaa-huer i siort nyt Utvalg hos

**Sophus Thomsen** Hjørnet av Østervåg og Bredgaten

Rutetabellen til Jøsenfjord Rutelag vinteren 1922/23. Vi ser at Fisterfjord gikk om Hylsfjorden før turen til Stavanger på tysdag.

Aksjekapitalen i Hylsfjord Rutelag var på 50.000 kroner fordelt på 500 aksjer a kr. 100,-. DSD åtte 303 av

„FISTERFJORD“		
Fra Sand .....	7	fm.
Suldalseide....	7 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Vanvik .....	8	-
Tangen .....	8 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Ropeid .....	8 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Sand .....	9 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Vatlandsvaag ..	10 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Hebnes .....	11 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Følløy .....	11 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Jørstadvaag ...	12	m.
Nesheim .....	12 <sup>1</sup> / <sub>2</sub> em.	
Aubøsund .....	12 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Nord Hidle....	1	-
Eidsund .....	1 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Skartveit .....	1 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Byre .....	2	-
til Stavanger ...	4	-
„JØSENFJORD“		
Fra Stavanger .	12	m.
Fiskaaen .....	2	em.
Fister .....	2 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Sandanger....	3	-
Ølesund .....	3 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-
Hunsnes .....	3 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
Hjelmeland ...	4	-
Tytlandsvik ...	5	-
Valde .....	5 <sup>3</sup> / <sub>4</sub>	-
Eidene, Ytre ..	6 <sup>1</sup> / <sub>2</sub>	-
til Hålandsosen.	8 <sup>1</sup> / <sub>4</sub>	-

Varer mottas og utleveres hele Dagen i Ekspeditionen paa Stenkarkaien.

## Dragt- og Kaapetøier

*i Klæde og Chevlot*

SILKE-  
FLØIEL-  
ULD- **KJOLETØIER** SORTE  
OG  
KULØR.

## Vinter-Kaapetøier

**Sophus Thomsen**

aksjane, og mest alle dei andre aksjane kjøpte folk i Hylsfjorden. I alt hadde Hylsfjorden Rutelag 37 aksjonærar. Knut Tengesdal frå Tengesdal sat med heile 50 aksjar, tredje største aksjonær åtte 20 aksjar. Dei fleste



Gamle Hylsfjord som gikk inn i rute på Hylsfjorden etter Ørnens i 1947. Jentene på dekket er ukjente.

andre aksjeeigarane frå Hylsfjorden skaffa seg berre nokre få aksjar kvar.

På skipingsmøtet blei det avgjort at Hylsfjord Rutelag skulle ta over båten «Viking», innkjøpt frå Danmark av Det Stavangerske Dampskipsselskab for kr. 24.818,40. I tillegg kom utgifter i samband med overtaking, heimföring, ombygging og utstyr på kr. 24.000,-. «Viking» fekk namnet «Hylsfjord» og var på 29 tonn. Skipsekspeditør Sverre Underbakke på Sand blei forretningsførar for det nye båtselskapet, og i styret sat: direktør Johs. Johansen (formann), direktør Erling Aanensen

(nestformann), bonde Knut S. Tengesdal og bonde Ingemund Drarvik.

Så kunne «Hylsfjord» byrja med rutefart. Johs. Løland mёнstra på som førar, og Lars J. Tjelmeland hadde arbeid som nummertomann om bord. Takstane blei fastsette til 60 øre mellom Sand og Tangen. Mellom Sand-Vanvik og Sand-Suldalseidet betalte vaksne ei krone og til Tengesdal og Valskår kosta ein vaksen billett kr. 1,25. Barn følgde til halv pris. Det let seg gjera å betala for varer mellom Stavanger og Hylsfjorden utan ekstra omlastingskostnader på Sand. Hylsfjord Rutelag fekk frå starten ansvaret for postföringa til bygdene i fjorden.

«Hylsfjord» hadde rute til Sand om morgonen med retur anten om ettermiddagen eller kvelden. Eit par dagar før veka gjekk «Hylsfjord» så tidleg at han korresponderde på Sand kl. 08.00 med rutebåten til Stavanger. Dei dagane gjorde «Hylsfjord» ein ny rundtur sommarstid og kom til Sand att i 10-tida. Grunnen var mjølketransport til meieriet på Sand. Slik var ruteopplegget t.d. sommaren 1949. Då gjekk «Hylsfjord» alle dagar bortsett frå søndag. Vinterstid var det ikkje ruter på tysdagar og torsdag. Sidan blei berre torsdag rutefri dag. Tengesdal og Valskår hadde båtsamband eit par dagar før veka. Elles starta «Hylsfjord» dagen sin i Vanvik. Det kom heller snart i gang ruter til Sauda på laurdagane. Desse rutene brukte folk i Hylsfjorden til å senda frukt til Sauda om haustane.

Fra oktober 1948 fekk «Hylsfjord» nytt mannskap. Då overtok Einar Løland som førar, og Gulleik Andersen mønstra på som motor- og dekkemann. Desse to gjorde teneste på «Hylsfjord» i mange år.

Drifta gjekk med underskot, og i 1948 og 1949 fekk Hylsfjord Rutelag 8.000 kroner i statstilskot. Det var første gongen at det blei ytt statstilskot. Bernhard Bjerga dreiv utan slikt tilskot. Sverre Underbakke hadde 500 kroner for rekneskapsføringa, frå 1951 blei summen dobla. I 1952 mottok Hylsfjord Rutelag 2.000 kroner for postføringa. No hadde statstilskotet auka til 13.000 kroner for året. Takstane gjekk opp, og passasjerane betalte no 90 øre for strekninga Sand– Tangen, kr. 1,50 til Vanvik og Suldalseid og kr. 1,90 til Tengesdal og Valskår.

I 1955 kom det ønske om ei rute til Sand om søndagane i sommarferien, men styret fann ikkje behovet stort nok til å kunna gå inn for ei slik rute. Dessutan ville underskotet auka, sa styret i si nektingsgrunngjeng. (Styrevedtak 5. juli 1955)

Fram gjennom alle år sat sentrale personar i DSD-

leiinga som formann og nestformann i styret for Hylsfjord Rutelag. I praksis hadde Det Stavangerske Dampskipsselskab makta i det vesle Hylsfjord-selskapet. DSD sat og med aksjefleitalet i rutelaget.

Driftsgrunnlaget for båtruta på Hylsfjorden var heller veikt, og store tal kunne ikkje Hylsfjord Rutelag operera med i årsmeldingane. I 1955 t.d. var «Hylsfjord» i fart 297 dagar, frakta 6.024 passasjerar og 650,4 tonn last. I alt gjekk «Hylsfjord» 40 ekstraturar i 1955. Størst trafikkgrunnlag var det i Vanvik der det og blei drive landhandel. På dei andre stoppestadene budde det lite folk, så båtruta kunne ikkje rekna med mykje trafikk.

Ruteopplegget for «Hylsfjord» skaffa folk i Hylsfjorden dagrutesamband med Stavanger to dagar før veka der det let seg gjera å reisa heimanfrå om morgonen og komma tilbake frå ein bytur til Stavanger same dagen. Elles hadde folk i Hylsfjorden eit godt rutesamband med Sand der det fanst offentlege kontor og mange butikkar. Mjølketransporten var ei fast fraktinntekt i alle år.

«Hylsfjord» hadde rute til Sauda kvar laurdag året gjennom. Båten gjekk om Tangen og Mollatveit. Til Sauda kom «Hylsfjord» seint på føremiddagen, og båten returnerte til Sand om ettermiddagen. Dermed kunne folk frå Sand, Tangen–Fatnes- og Lølandområdet og dei som budde på Mollagardane brukte fleire laurdagstimar til handling og andre ærend i Sauda. I 1955 gjorde «Hylsfjord» 46 turar til Sauda og frakta 1.342 personar. Dette gav ei inntekt på kr. 284,25. Godsfrakter gav ei inntome på kr. 1.172,71. Etter avtale med Sauda kommune, garanterte kommunen for ei minsteinntekt på kr. 125,- pr. tur. Hylsfjord Rutelag hadde tilgode kr. 1.734,04 av Sauda kommune i 1955. Det var Sauda kommune som sikra driftsgrunnlag for «Hylsfjord» si Sauda-rute.

Det rusla og gjekk etter eit fast mønster med rutetra-



Nye Hylsfjord i påsketrafikken midt på 1970-talet.

fikken til Hylsfjord Rutelag gjennom åra. Om vintrane skapte isen ofte vanskar, så «Hylsfjord» kunne ikkje gå inn fjorden «sin» og greidde berre å ta seg fram mellom Sand og Tangen. Dermed blei folk i Tengesdal, Valskår, Li, Hylen og Suldalseid avstengde. Somme tider kunne dei fara på isen, elles var det å ta føtene fatt gjennom skog og mark. Dei som hadde Vanvik som sin stoppestad, nytta Tangen når isvanskane melde seg.

Inntektene til Hylsfjord Rutelag minka vinterstid når isen hindra rutetrafikken. Elles kunne inntektene svinga med fruktavlingane. Fleire dyrka frukt i Vanvik også i

etterkrigsåra, og gode fruktår resulterte i auka fraktinntekter for «Hylsfjord». Dette slo og ut på ruta til Sauda, m.a. sa styret at därleg frukthaust i 1957 var grunnen til trafikknedgang på Sauda-ruta.

#### NY BÅT

Vesle «Hylsfjord» hadde ikkje plass til mykje last på dekket sitt, og båten mangla lasterom. Etter ti års drift kom det spørsmål etter ny og betre båt. I 1958 vedtok styret for rutelaget å kjøpa båten «Alf 2» som styret fann godt skikka som avløysar for «Hylsfjord». Eit alvorleg maskinhavari aktualiserte spørsmålet om nytt

båtmateriell, og styret valde å satsa på ny båt framfor å kjøpa ny motor til den gamle.

Det blei ikkje noko av kjøpet av «Alf 2», og styret byrja å planleggja bygging av ny båt. 12 verksteder gav tilbod, og overingeniør Endresen laga teikningar. Lågaste tilboden kom frå Westermoen i Mandal med kr. 255.000,-. Sand Sparebank gav eit lån på kr. 250.000,- mot garanti frå DSD. Den utrangerte båten kjøpte Brødrene Anda i Stavanger for 4.500 kroner.

Nybygd «Hylsfjord» kom til eigaren den 28. mai 1959. Båten var på 59,9 tonn og hadde ei lengde på 18 meter. Breidda var 5,40 meter. Den nye «Hylsfjord» fekk betre lastekapasitet og enn forgjengaren og hadde plass til 85 passasjerar.

Medan nybåten blei bygd, leide Hylsfjord Rutelag eit par skøyter til å stå for rutetrafikken, m.a. «Aksel» frå Sandeid som gjekk frå først i 1959 og ut mai.

Rekneskapen for 1960 viste eit underskot på 35.000 kroner. Selskapet fekk av den grunn eit ekstraordinært statstilskot til drifta. Frå 1961 auka takstane med 10 prosent. Driftskostnadene steig, noko som førte til auka behov for statstilskot. Utan offentlege tilskot ville det vore uråd og halde oppe eit skikkeleg rutetilbod på den trafikksvake Hylsfjorden. Dette gjekk for Bernhard Bjerga med hans nøkterne opplegg frå åra før den andre verdskriga, men etterkrigstida kom med hardare driftsvilkår og strengare krav. I 1962 mottok Hylsfjord Rutelag 62.000 kroner i statstilskot.

Isvanskane skifte få år til år. Dette førte til ekstraturar for å halda opa råk. I 1963 var Vanvik utan båt frå 19. til 27. desember, altså rett før jul og i julehelga. 1968 var og eit vanskeleg isår. Frå 10. januar og til ut mars hadde «Hylsfjord» mest berre ruter på Tangen, og i 1970 gjekk båten berre mellom Sand og Tangen frå midt i februar til ut i mars. Frå folk i fjorden kom det ønske om sterkare motor i «Hylsfjord» så han kunne greia seg

betre i isen, men då styret drøfta dette i 1971, blei saka utsett sidan det no såg ut til å bli alvor av vegprosjektet Løland-Sauda.

Eit anna bygdeønske var og framme til vurdering på denne tid. Det gjaldt ombygging av «Hylsfjord» så han kunne ta lastebilar. No greidde båten berre å få med ein

### Sommerrute for M/s „Hylsfjord“

Mandag	Torsdag	Lørdag
Fra Tengesdal ... Kl. 6.00 om mellomsteder til Sand ..... 7.45	Fra Vanvik ..... Kl. 9.00 om mellomsteder til Sand ..... 10.30	Fra Vanvik ..... Kl. 6.30 om mellomsteder til Sand ..... 7.45
Fra Sand ..... 19.15 om mellomsteder til Tengesdal ....	Fra Sand ..... 14.00 om mellomsteder til Vanvik .....	Fra Sand ..... 10.30 Tangen ..... Mollatveit ..... til Sauda ..... 12.15
Tirsdag	Fredag	Søndag
Fra Vanvik ..... Kl. 9.00 om mellomsteder til Sand ..... 10.30	Fra Tengesdal ... Kl. 8.00 om mellomsteder til Sand ..... 10.15	Fra Vanvik ..... Kl. 9.00 om mellomsteder til Tengesdal ....
Fra Sand ..... 19.15 om mellomsteder til Vanvik .....	Fra Sand ..... 14.00 om mellomsteder til Vanvik .....	Fra Sand ..... 10.15 Mollatveit ..... Tangen ..... til Sand ..... 14.45
Onsdag		
Fra Vanvik ..... Kl. 9.00 om mellomsteder til Sand ..... 10.30		Fra Sand ..... 18.30 om mellomsteder til Vanvik .....
Fra Sand ..... 14.00 om mellomsteder til Vanvik .....		

### Sommerrute for M/s „Ropeid“

BILFERJEN „ROPEID“  
Fra og med 1. juni til og med 30. september

Fra Sand	Kl.	Korresponderer med:	Fra Ropel kl.
Alle hverdager	7.15	Rutebil til Ølen, Haugesund, Hardanger	7.30
	10.00	Rutebil til Sauda	10.15
	12.00	Rutebil til Ølen, Haugesund, Hardanger	12.15
	14.15	Kombinert rute til Ølen	14.30
	16.00	Rutebil til Sauda	16.15
	17.30	Rutebil til Ølen, Haugesund, Hardanger	17.45
	19.15 <sup>a)</sup>	Båt fra Stavanger Rutebil til Sauda	19.30 <sup>b)</sup>
Søndag	21.45	Rutebil til Sauda	22.00
	8.30*	Rutebil fra Sand kl. 9.00. Skip fra Solheimsvik	8.45
	12.00	10.00 til Nesflaten	12.15
	13.00	Rutebil til Ølen, Skånevik, Haugesund, Hardanger	13.15
	16.00	Båt fra Stavanger	16.15
		Rutebil fra Ølen, Skånevik, Haugesund, Hardanger og til Sauda	
	17.30	[Båt til Stavanger]	17.45
	21.45	Rutebil til Ølen, Haugesund, Hardanger	22.00

\* Rutebil kjører i løpet 10.45-11.00. I) Torsdag 14.15-14.30, 14.30-14.45. II) Lørdag 14.15-14.30.

<sup>a)</sup> Etter 15. september avgang etter rutebårens ankomst frå Stavanger.

<sup>b)</sup> Etter USA pr. fly.

Dei spører tid ved å ta fly. Undersøk priser og betingelsor hos oss. Vi reserverer plass hos SAS, Pan American World Airways system såvelsom andre europeiske og amerikanske flyselskap.

### Sommarruta til M/S Hylsfjord frå 1959.

personbil. Noko ombygging blei det ikkje, men folk på nordsida av Hylsfjorden bortsett frå Tengesdal hadde høve til å leiga Ropeid-ferja for å frakta større bilar mellom Sand og Tangen. Frå 1969 kom det ruter på søndag ettermiddag om somrane. Eit gammalt ønske blei endeleg røyndom.

Trafikken på Hylsfjorden var nokså stabil i 1960-åra. I 1969 følgde 1.220 personar til eller frå Tangen. For andre stoppestader var passasjertala slik: Vanvik/Suldalseid 2.400, Tengesdal/Valskår 436, og mellom stoppestadene i fjorden reiste 282 personar. I alt utgjorde dette 4.338 passasjerar. I 1965 betalte den nyorganiserte Suldal kommune for ein fast tur til Hylen for «Hylsfjord» kvar månad i åra 1952–64. At «Hylsfjord» skulle gjera ein tur inn til Hylen for å skaffa dei som budde der eit båttilbod, var ei innarbeidd ordning.

Frå 1971–72 fekk «Hylsfjord» faste skuleskyssoppdrag med å frakta ungdomsskulelevar frå fjorden til og frå ungdomsskule på Sand. Dette gav sikre inntekter. Men andre inntekter kom vekk. Frå 1. juni 1976 henta Sand Meieri mjølka frå Hylsfjorden med tankbil som Ropeid-ferja frakta til og fra Tangen. Dermed blei mjølke spanna borte frå «Hylsfjord», og båtdrifta mista ei trygg inntektskjelde. Først på 1970-talet blei det prøvd med ei turistrute mellom Sand og Hylen på fredagar sommarstid, men dette tok heller snart slutt. Trafikkgrunnlaget var for veikt.

Gardane på Suldalseid, Valskår og Lid fekk vegutlysing til Suldalsdalføret og før den gamle vegen som folk i Suldal før hadde brukt når dei skulle til sjøen. Men no let det seg gjera å ta seg fram til gardane på sørsida av Hylsfjorden med bil. Hylen fekk vegsamband til omverda med tilknytning til Suldalsvegen, og vegen frå Løland til Sauda blei ferdigbygd sist på 1970-talet. Alt dette skapte ein endra trafikksituasjon, og grunnlaget for båtruta på Hylsfjorden minka kraftig.

Ein annan grunn til redusert trafikk med rutebåten var at stagnasjonsspøkelset hadde sett sine synlege merke i Hylsfjorden. mange såg ikkje noko framtid på små og brattlendte bruk. Levestandardkrav og velstandsvekst gjorde at mange unge valde å satsa på ei framtid andre stader enn ved i fjorden der dei trødde barneskorne. Levegrunnlaget var for veikt i Hylsfjorden.

Frå 1. september 1980 blei «Hylsfjord» si rute til Sauda lagt ned. No kom det i gang bussrute mellom Vanvik og Sauda, og ungdomsskuleelevene frå Hylsfjorden fekk Sauda som skulestad. I 1979 minka passasjertalet sterkt på Hylsfjord-ruta. Folk skaffa seg bil og tok seg fram på nye vegen. Det var ikkje bruk for sjøvegen i same grad som før. Livet kjendest lettare for mange i Hylsfjorden med vegsamband til omverda. Berre Tengesdal mangla vegtilknytning. Men også hit var vegen ventande som eit resultat av Ulla-Førre utbygginga.

I 1981 melde årsmeldinga til Hylsfjord Rutelag om sterkt trafikknedgang, og året etter drofta styret nedlegging av båtruta når vegen til Tengesdal stod ferdig. Rutene til «Hylsfjord» blei reduserte, og i 1982 frakta båten berre 953 passasjerar; ein kraftig nedgang i passasjertalet. Men dette var venta, og alle såg det som ein naturleg konsekvens av den kommunikasjonsomlegginga mest alle sette stor pris på.

Den 28. januar 1982 vedtok fylkessamferdselsstyret at båtruta på Hylsfjorden skulle leggjast ned. Vedtaket lydde slik: «Båtruten på Hylsfjorden som utføres av M/S Hylsfjord, opphører med virkning fra 1. april 1983.» Onsdag 30. mars gjekk «Hylsfjord» ut fjorden sin for siste gong. Ein litt underleg dag var det for folket i fjorden, men dei hadde sett fram til å få vegutlösing. At båtruta blei vekke, såg dei fleste på som ein naturleg del av ei ønskt utvikling. Ola Løland var skipper dei siste åra, og Cornelius B. Løland gjorde teneste som motor-



*Anna av Sand* frakter basarfolk frå Sand til Suldalseid i 1954.

og dekksmann. Kort tid etter «Hylsfjord» slutta i rutefart, blei båten seld til Sigurd Hillestad i Høylandsbygd i Sunnhordland.

På styremøte i Hylsfjord Rutelag i Stavanger den 27. mai 1983 vedtok ein å opploysa selskapet. På dette møtet var berre 3 aksjonærar til stades, dei representerte 330 aksjar. Avviklingsmøtet for Hylsfjord Rutelag blei halde på Sand Fjordhotell den 25. mai 1984.

#### OPPSUMMERING

Frå å vera ei viktig samferdselsåre den første tida det

gjekk dampskip på Hylsfjorden, opplevde denne fjorden å bli uinteressant som gjennomfartsstad. Det var Hylen sin sentrale funksjon som skaffa andre grader langs fjorden rutesamband på 1800-talet. Men då ferdsla over Hylen tok andre vegar, opplevde Hylsfjorden å bli mest utan båtsamband. Ei tid var det like sjølvsagt for dampskipa å velja Hylsfjorden som Saudafjorden. Men etter kvart som rutetilbodet i Ryfylke blei utvida, fall Hylsfjorden mest vekk frå rutene til Det Stavangerske Dampskeibsselskab.

Det var på den tid bygdeinteressene tok fatt og organiserte båtruter, først i privat regi og sidan gjennom eit eige rutelag i samarbeid med Det Stavangerske Dampskeibsselskab. Utan DSD i ryggen ville det vore vanskeleg



Sandsfjord som gikk i rute Hylen-Stavanger noen år. Det var Nils Nj. Eide og Askel Eide som åtte båten.

å organisera rutelagsdrift. Etter kvart såg det offentlege det som si oppgåve å yta tilskot til båtrutene på Hylsfjorden.

Vegbygging førte til omlegging av ruteferdsla frå sjø til land, og grunnlaget for båtrutene på Hylsfjorden blei vekke. Dei nye vegane var ei positiv hending for folk i Hylsfjorden.

I dag finst det ei motorbåtrute til Sand ein gong for månaden. Denne ruta gir folk utan privatbil høve til å komma til kommunesenteret på Sand utan å reisa om Sauda og kryssa fjorden med Ropeid-ferja. Men Sand er ikkje lenger det naturlege bygdesenteret for folk på

nordsida av Hylsfjorden. Her er Sauda det sjølvsagde senteret og plassen folk reiser til i mange samanhengar. Ungdomsskuleelevene frå Vanvik reiser med buss til Sauda, og dei unge frå Vanvik blir konfirmerte i Saudakyrkja. Hylsfjorden bandt folk saman den tid sjøen var den naturlege ferdavegen, i dag skil han folk på nordsida av Hylsfjorden frå resten av Suldal kommune.

Rutehistoria i Hylsfjorden fortel om varierte ruteordningar i skiftande tider utan at det nokon gong har vore grunnlag for eit omfattande rutetilbod. Folk var her som elles i Ryfylke knytte til sjøen og båtane sine. Samferdselssoga er derfor ein viktig del av historia om livet i grendene langs Hylsfjorden.

## NOTETILVISINGAR:

1. Hoftun: Suldal kultursoge. Gamle Suldal. 1981, s. 313.
2. Salveson: Bygdesoga for Sand, 1927, s. 102–103.
3. Veka: Frå gjestgjevartida i Ryfylke. Stavanger 1977, s. 7–.
4. Vasshus: Ferdsel på gamle fjellvegar. Stavanger Turistforenings Årbok 1988, s.
5. Lorentzen: Det Stavangerske Dampskipsselskab 1855–1955, s. 64.
6. Aurenes: Rogaland Fylke gjennom 100 år. 1937, s. 177.
7. Hoftun: Suldal kultursoge, s. 315–316.
8. Strøm: Topografisk–Statistisk Beskrivelse over Stavanger Amt. Kristiania 1888, s. 377 og 388.
9. Torgersen: Fjordabådane. Stavanger 1981, s. 94.

## KJELDER:

- Styreprotokoll for Hylsfjord Rutelag. I DSD's arkiv.  
Rutehefte for Det Stavangerske Dampskipsselskab. Stavanger Museum, avd. Sjøfartsmuseet.  
Rutehefte for A/S Jøsenfjord. Jøsenfjord Rutelags arkiv.

## INFORMANTAR:

Fleire har gitt opplysningar og fortalt om rutetrafikken på Hylsfjorden, m.a. Gudrun Bakken i Vanvik og Bernhard Bjerga på Sand.

---

NJÅL TJELTVEIT, 46, er kultursjef i Hjelmeland kommune. Han har ein rik, lokalhistorisk produksjon bak seg og har også skrive barnebøker.

# Øvre Suldal Smørlag

AV SISSEL MOSSING

Tidlig i dette århundre var bosetninga i Suldal preget av primærnæring. Hovedvekta var lagt på krøterdrift, for det meste ku, sau og geit.

Fra Suldalsosen og nedover langs lågen leverte bøndene melka til meieriet på Sand. Her ble den videreført til smør, ost og lignende. Veinettet var etter forholdene godt utbygd i Nedre Suldal.

Det mest lønnsomme produktet var smør, og inntil 1936 solgte hver eneste produsent i Øvre Suldal smøret sitt privat. Selv om bøndene fikk bra betalt for smøret sitt, så kunne de få enda mer for det om de skipa til et eget smørlag. Å leve det til meieriet på Sand var umulig pga. transporten, derfor dukket ideen opp om et eget smørlag i distriktet her.

## ETABLERING AV ØVRE SULDAL SMØRLAG

På årsmøte i Nesflaten Handelslag i februar 1936, ble det oppnevnt en komite som skulle undersøke muligheten for å skipe et eget smørlag i Øvre Suldal. De som ble oppnevnt var: Tormod Kjetilstad, Nils E. Havrevoll, Ola J. Vetrhus, Vegleik Roaldkvam, Jakob Tufteskog, Leiv Haugen, Halvard Bratland og Nils Hegerland. Disse var representanter for alle kvervene, det vil si:

I Øvre Suldal fantes kun veien mellom Nesflaten og Røldal. Her lå kvervene langs Suldalsvatnet. «Suldalsdampen» het båten, som knyttet grendene til omverdenen. Den fraktet både varer, folk og fe. På grunn av dette, ble melka foredlet rundt om på gårdene i Øvre Suldal.

Bråtvit, Roaldkvam, Bleskestad, Nesflaten, Bratlandsdal, Røldal, Hamrabø og Kvilldal.

Alle disse plassene sokna naturlig til Nesflaten, og Nesflaten ble også stedet hvor smørlaget skulle være. At Nesflaten ble valgt, kom vel av at her var det hotell, post, handelslag og plass til smørlaget i Nesflaten Handelslag sine lokaler. Dessuten endepllass for Suldalsdampen og i bunn av Bratlandsdal. Årsaken til at Røldal ble med, var veien ned til Nesflaten som var åpen hel året. (Vegen til Odda var stengt om vinteren).

Denne arbeidende nemda ble enstemmig valgt til det første styret, og i april samme året kom smørlaget i gang. Det fikk navnet Øvre Suldal Smørlag og driften skulle ligge under Nesflaten Handelslag.

Øvre Suldal Smørlag ble drevet etter «Vedtekter for smørlag». (Godkjent av Landbruksdepartementet 26. september 1935.)

Øvre Suldal Smørlag sorterte under Rogaland Smørlag, som var styrt av Vestlandsmeieriet og Norske Meieriers Salgssentral. Årsmøte i smørlaget valgte sin representant til årsmøte i Rogaland Smørlag (vanligvis formannen), som igjen var representert i Norske Meieriers Salgssentral.

Nå var Øvre Suldal Smørlag en realitet, og i april samme året begynte produsentene å levere smør til Smørlaget på Nesflaten.

Jon Sandvik fra Bråtveit var formann i Øvre Suldal Smørlag fra 1957 til 1974. I 10 av disse årene var han også formann i Rogaland Smørlag.

#### LEVERING AV SMØR

Smøret ble levert til smørlaget en gang i uka, og da helst dagen før det skulle saltes.

Fra Røldal ble det sendt med postbilen ned til Nesflaten. Postbilen tok også med seg smøret ifra produsentene i Bratlandsdalen.

Dette gikk stort sett greit både sommer som vinter. Fra de andre kvervene langs Suldalsvatnet, ble smøret enten bært på ryggen eller kløva ned med hest til Suldalsvatnet, hvor Suldalsdampen fraktet det videre inn til Nesflaten.

I Hamrabø var det også stor smørproduksjon, men her var det adskillig vanskeligere å få det ned til vatnet. Terrenget var både bratt og ulent, så her ble smøret sendt ned med løypestreng. Det ble pakket i flate paker og lagt i kasser. Så byttet produsentene i Hamrabø på å få det med Suldalsdampen.

Rundt om på Nesflaten ble bare smøret levert inn på handelslaget.

Som vi skjønner var Suldalsdampen en viktig brikke i smørlaget på Nesflaten.

I 1936 var det Thorvald Bråtveit som var bestyrer ved

Nesflaten Handelslag. Han bygde opp organiseringen rundt smørleveransene. Da smøret kom til handelslaget, var det bestyreren som veide opp leveransene fra de enkelte leverandørene, noterte dette og la smøret inn på smørhuset. Her inne ble smøret saltet.

Deretter ble det pakket etter bestillingslister og solgt



Smøret blei kinna heime på gardane. Her slår Valborg Havrevoll fløyten i kinna.

videre. Av beklagelige grunner er det ikke noen årsoppgaver fra tiden før 1960 som er oppbevart, men i 1960 ble Bjarne Steine bestyrer ved Nesflaten Handelslag og han har tatt vare på (for egen del) noen årsoppgaver fra den tiden han var ansatt ved handelslaget. Det var han selv som utarbeidet disse.



*Smøret er ferdig og blir vaska slik at saupet renn av.*

I 1960 ble det levert inn 10.314,7 kg usalta smør fra leverandørene til bearbeiding på smørhuset. Da det var ferdig blanda og salta, ble 6.772,7 kg sendt til Norske Meieriers Salgssentral i Stavanger (Rogaland Smørlag). 1.769,9 kg ble solgt over disk ved Nesflaten Handelslag og 324,1 kg ble solgt i Røldal. Så ble 1.421,- kg solgt tilbake til produsentene. Dette var smør som var til overs, det vil si at det var overproduksjon i perioder av året. Den såkalte tvangsreturnen ble beregnet ut etter hvor mye smør den enkelte produsent leverte.

Sammenligner vi salgssummen med statstilskuddet og driftstilskuddet, ser vi at produsentene fikk bra betalt for smøret sitt.

Det var bestyreren ved handelslaget som stod for fordelingen av de forskjellige tilskuddene, og smørlagets årsregnskaper. Han passet på at den enkelte produsent fikk godskrevet sin innleverete smørsmengde og at tilskuddene ble riktig fordelt.

Arbeidspengene som Nesflaten Handelslag fikk, skulle også dekke lønn til den personen som arbeidet med selve saltinga. Hun ble betraktet som ansatt ved handelslaget.

Handelslaget fikk betalt av smørlaget for hver kilo mottatt smør. Kr. 0,40 pr. kg fikk handelslaget for det smøret som skulle saltes, og kr. 0,10 pr. kg for det smøret som var ferdig salta. Om sommeren hadde produsentene dispensasjon til å salte smøret sitt selv.

Det var et gjennomsnitt på 40 smørleverandører fram til 1975. Røldal leverte også smør til Øvre Suldal Smørlag fram til 1957, da fikk de skipa til et eget smørlag. De leverte også til Rogaland Smørlag.

#### MELKESTELL

Melk hadde en naturlig plass i kosten i naturalhusholdningens tid. Stellet av melka var ikke lett vindt for hus-



*Smøret blir pakka for levering til smørlaget.*

mora. Det krevde både dyktighet, omtanke, påpasselighet og mye arbeid å få tatt vare på og utnytte alt på beste måte. Vi skal se på hva de gjorde med melka for å få ut fløten, og kinne den til smør.

Etter melkinga måtte melka helst stå lunt, da skilte fløten seg lettere ut. Slik stod den et døgn eller to på hyller i kjøkkenet eller stua. Fløten ble så tatt av, ofte med en skummeskje, som de kalte den.

Karene som melka stod i kunne også ha et hull lengst

nede. Når tappen ble tatt ut, rant melka ut, mens fløten ble liggende igjen. Derav kommer navnet rennmelk. Det kunne være både söt og sur melk.

Fløten ble samlet i rømmedaller (rømmestråk) og satt lunt til den skulle kinnes. Smørtrau og smørause ble bare brukt til smørstellet. Hver ting til sitt bruk.

Kinning av smør var et av de viktigste arbeider for husmora på garden og for den som stelte på stølen. Smøret var det mest ansette av alle melkeproduktene, både som mat og som handelsvare.

Det ble samlet fløte i en hel uke til kinninga. Det var best om fløten kunne få stå så kjølig at den holdt seg sot til alt kunne syrnes på en gang. Hvis ikke måtte det røres i den så den ble jevnt sur. Fløten ble syrnet dagen før kinninga ved at det ble rørt inn i den litt sur fløte eller melk, og den ble satt lunt så den ble sur. Sur fløte ble vanligvis kalt rømme. Det var lettere å få smør når fløten var sur. På denne måten fikk smøret friskere smak og ble også mer holdbart.

Den eldste form for kinne er stavkinne. Det var en høy, smal trebutt, laget av stav. Den stod på gulvet. Når en kinna, ble den lange stokken med korset ført opp og ned i rømma.

Senere kom sveivekinna, den hang i et stativ. Stavkorset gikk langsmed hele kinna, og kunne sveives rundt.

Var rømma fet og passe varmt, kunne smøret komme i løpet av 20–30 minutter. Men var den tynn, for kald, eller «trå», kunne det ta timer før smøret skilte seg ut. Da kunne det leite både på tålmodigheten og armene. Da ble alle gode råd prøvd, som f.eks. å ha litt kaldt vann i rømmen, ganske lite så ikke saupen ble for tynn eller å sette kniver i gulvet rundt kinna.

Når det ble smør, kunne den som var øvet, tydelig høre det. Den tynne saupen hadde en annen lát en den tykke rømmen, og en kjente at smøret på stavkorset hadde en annen tyngde. Da måtte en straks slutte å kinne, så smøret ikke ble overkinna.

Det var en fordel at det var tappehull i kinna, så saupen kunne tappes ut. Deretter måtte smøret vaskes.

Slik ble smøret laget stort sett over hele landet.

#### SMØRPRODUKSJONEN PÅ VETRHUS

Helga Vetrhus, født i 1904, fortalte at hun fikk en del hjelp av barna både til melking og bæring. Mannen

hennes Ola J. (var med å skipe Øvre Suldal Smørlag) kunne ikke melke. Men hun lærte opp sønnen sin Jon (født i 1932) til det.

Om somrene var Helga på stolen med kuene og geitene. Da hadde hun barna med seg. På stolen lagde hun både ost og smør. Smør ble kinna en gang i uka, og da salta hun det selv. Deretter ble det kløva ned til Bråtevit med hest og sendt til Nesflaten med Suldalsdampen.

På stolen hadde hun geiter og 8–10 kyr. Hun hadde ikke annet enn kinna som ble drevet med håndmakt til å hjelpe seg med når hun lagde smør.

På Vetrhus hadde de stølsdrift fram til 1954.

Da svigerdatteren, Inger Johanne (gift med Jon) overtok fjøsstellet, ble det etterhvert noe lettere. Det ble melkemaskiner i fjøset og elektrisk separator, men hun måtte bære melka fra fjøset over gårdspllassen og ned i kjelleren to ganger om dagen.

Til en kilo smør går det 22–25 l melk, og når Vetrhus leverte ca. 35 kg smør i uka, ble det ca. 60 l melk å bære etter hver melking. Så det var tungt arbeid. Hun sa også at hun fikk hjelp av barna når det passet seg slik. Melka måtte tilbake til fjøset som kalvefør.

Kinninga ble gjort en gang i uka. Da ble smøret skilt ut fra saupen. Saupen ble brukt til f.eks. saupsuppe, prim, vafler eller i brøddeigen.

Deretter måtte smøret vaskes i vann. Vanligvis holdt det med 3 ganger, men enkelte ganger måtte det vaskes både 8 og 9 ganger. Om sommeren var det veldig viktig å ha riktig temperatur i rommet der kinninga foregikk. Ble det for varmt, kunne smøret bli som majones. Men etter fryseboksen kom, kunne hun bare legge smøret der en liten stund.

Forandring ble det også tidlig om våren når kuene kom ut på beite. Den letteste kinninga var rett etter at kuene hadde hatt kalv. Da ble det smør nesten med en gang.



Smørlaget heldt til i eit bakrom i bygningen til Nesflaten Handelslag så lenge det var i drift. Nå er bygningen fråflytt og til sals, men utstyret til smørlaget står framleis i bakrommet.

Når smøret var ferdig, ble det pakket i 10 kilos paker og fraktet ned til Suldalsvatnet.

Om vinteren kunne det hende at de måtte bære det på ryggen, men i de siste åra ble det brukt traktor. Inger Johanne fortalte også at hun ble veldig sliten i ryggen, men etter at de fikk melketank og direkte levering til meieriet har hun etterhvert blitt bedre igjen.

## SMØRHUSET

Smørhuset var et rom i Nesflaten Handelslag. Der inne var elta, vekt, en vask og et kjøleskap. Før strømmen kom, var det en vedovn der kjøleskapet senere ble plassert.

Da smørlaget startet opp i 1936, ble det brukt et «tråg» til å salte smøret i. Det var en trekasse (kiste) som var ca. 1,5 m lang, 0,5 m bred og 0,5 m dyp. Her ble smøret lagt ned i, og saltet ble knødd inn med hånd-



Berta Mo i arbeid med elta. Her blei smøret lagt ut over i passelege skiver, tilsett salt og elta.

makt til det var ferdig. Det var veldig tungt både for ryggen og armene.

Så ble det en ny «oppfinnelse». Et «bråk» ble festet på veggen, ca. 1 m fra gulvet, med et bord under. Selve bråket kan forklares slik: En rund trestokk, 0,5 m lang, var festet til veggen med en jernring. Smøret ble lagt på bordet og bråket ble løftet opp og ned, opp og ned til

smøret var ferdig salta. Denne teknikken ble brukt fram til 1948, da ble «elta» innkjøpt.

Selv elta bestod av et hjul som roterte, med en arm (kjevle) som roterte motsatt veg og pressa smøret ned. Hjulskiva var av hardtre – trolig et importert treslag, og den hadde et hull i hver ende hvor veska rann ut. Denne hjulskiva av tre ble støtta opp under et hjul av støpejern med jernkant. Innenfor jernkanten var det en kant rundt elteskiva av tre/spon. Før strømmen kom, hadde elta sveiv og 2 stykker stod og snudde den. De som



Når smøret hadde vore gjennom elta noen ganger blei det rulla i hop, klappa saman og voge til etter bestillingslister.

snudde var enten betjeningen på Handelslaget eller medlemmer i smørlaget.

Så i 1958 fikk elta motor og akslingen fra motoren var festa til et tannhjul under elteskiva. Til den vertikale akslingen under elteskiva var det festa et mindre støpejernshjul. Elta hvilte på en fot av støpejern.

De første som salta smøret for Øvre Suldal Smørlag var Inga Gautun og Brita Øvrebø. I tillegg hjalp også

Ågot Bråtveit til. Hun var gift med Thorvald Bråtveit, som var bestyrer. Etter krigen ble Valborg Bråtveit ansatt, og hun var der til Berta Moe begynte i 1954.

#### SLIK FORTELLER BERTA OM ARBEIDET!

Jeg var på Nesflaten Handelslag en gang i uka og kom som regel dit klokka ni om morgenen. Da lå smørpakken ferdige inne på smørhuset. Etter motoren kom, var det bare å starte den og sette elta igang. Jeg pakket

først ut smøret og la papiret til side. Så delte jeg smøret opp i skiver og la de utover elta. Hver elte tok 12,5 kilo. Når dette var spredd utover, ble saltet strødd over. Jeg tok en skvett vann i det, for da ble det lettere fordelt.

Blandingsforholdet, smør/salt var:

Letsalta smør: 30 g pr. kg  
Vanlig salta smør: 40 g pr. kg

I den siste tiden brukte jeg Nezo-salt, men før kom saltet i sekker. Nå måtte elta gå noen minutter, mens smøret ble klemt utover, samtidig rulla jeg smøret opp til klumper og sendte det under kjevla på elta. Dette gjorde jeg flere ganger, helt til alt saltet var godt blanda i smøret. Jeg ble jo rutinert med tiden, og var aldri i tvil om når smøret var ferdig.

Da klappa jeg det fint, og veide det opp etter bestillingslistene. Disse hadde betjeningen på handelslaget gjort klare. Ellers kjente jeg igjen smøret på innpakkinga. Hver produsent hadde sin fasong på smørpakkene. Det var også forskjell på smørfargen. Om sommeren var smøret gulere enn på vinteren og det kunne være forskjell i fargen fra leverandør til leverandør.

Det var mange produsenter som leverte mindre enn 12,5 kilo i veka. Da måtte jeg blande smøret godt, før saltinga kunne begynne.

Gjennomsnittlig var det 200–300 kg usalta smør som skulle gjennom elta i løpet av dagen. Så arbeidsdagen den ble ganske lang. Etter at alt smøret var ferdig salta og pakka, var det innpakningspapiret som skulle vaskes. Før brukte produsentene pergamentpapir til smøret. Det var mye bedre enn det papiret som ble brukt på slutten. Det smuldra så lett opp. Men dette pergamentpapiret måtte reingjøres og sendes tilbake til de som eide det. Kassene som smøret kom i, måtte også returneres.

Hvis det var mye smør, fikk jeg hjelp av betjeningen på handelslaget med pakkinga av smøret. Det som ikke var bestilt bort, ble sendt i 25 kilos kasser til Rogaland Smørlag. I perioder ble det også solgt smør til både Odda og Sauda, men det var visstnok ikke helt lovlige. Det var nok Rogaland Smørlag som skulle distribuere varen sin selv. Produktet fra Smørlaget her, kvalifiserte seg også til smørblomstmerket den tiden det var aktuelt. Det var i 60 årene, før vi fikk meierismøret. Siden fikk smøret vårt kløvermerket som nå tilsvarer meieri-smøret.

Fettprosenten i smøret ble også høyere i 60 og 70 årene. Det kom nok av foringa. Kyra fikk mer kraftfor og melkemengden steig også.

Vel, når alt med smøret var ferdig, stod reingjøringa av smørhuset igjen. Reinsligheten var veldig viktig, så alt måtte vaskes grundig etter bruk. Så innen min arbeidsdag var over, kunne klokka være både åtte og ni om kvelden, dvs. ca. 12 timers arbeidsdag.

Denne faste ukedagen min på handelslaget holdt jeg på med helt til våren 1986. Da var det slutt på Øvre Suldal Smørlag. Det hadde vært arbeidsplassen min helt ifra 1954.

I disse 32 årene har også lønna mi forandret seg en del. Da jeg begynte hadde jeg 10 kr. dagen, og så steg den slik:

1963	35,- kr. dagen
1968	50,- kr. dagen
1972	60,- kr. dagen
1973	70,- kr. dagen
1976	120,- kr. dagen + 1 forkle og 1 tørkle i året.

Slik lønna var i 1976, var den også da jeg sluttet i 1986, men når sant skal sies, så var det jo ikke slike mengder med smør i 80 årene. Det minka kraftig på slutten. Så lønna var vel bedre da, enn i 70 åra. Jeg

måtte søke styret i handelslaget om jeg ville ha lønns-tillegg. Det kom ingenting automatisk.

Det var jo også forskjell på årstidene på smørlaget. Det kunne være store problemer med smøret om vinteren. Noen ganger når jeg kom om morgenen, var smøret helt klaka, spesielt det ifra Røldal. Da måtte jeg knø smøret bløtt, før det kom i elta. På varme sommerdager hadde jeg smøret i leirkar, for at det ikke skulle bli for bløtt. Disse problemene ble borte da strømmen kom i 1958.

Vi fikk noen kjekke problemer på slutten i smørlaget også. Etter «Norge rundt» programmet i 1985, ble etterspørselen på smør mye større. Det ringte folk helt ifra Tromsø som ville ha tilsendt smør, men dessverre var produksjonen så liten da, at det kun ble bare til de faste kundene.

Etter at smørlaget er blitt historie, lagør jeg mitt eget blandingssmør hjemme på kjøkkenet. Da tar jeg en halv kilo meierismør/setertype og halv kilo melange og blander godt sammen. Det smaker det samme som smøret jeg bearbeidet og salta i 32 år, ihvertfall nesten.

## SMØRLEVERANSER

Jeg antar at smørmengden var stabil fram til 1940. Fra 1940–1945 brukte bøndene smøret sitt selv. Det var et populært byttemiddel under krigen. Så snart freden var et faktum, startet Øvre Suldal Smørlag opp igjen, etter de samme vedtekten som før. Nå kom også statstilskuddene, og det ble produsert smør der mulighetene var tilstede. Produksjonen lå på 10–12.000 kg pr. år.

Som vi vet leverte produsentene i Røldal produktet sitt til Øvre Suldal Smørlag fram til 1957. Da skipa de sitt eget smørlag, og vi kan se en svak nedgang fra 1953 til 1960.

I begynnelsen av 60 årene var produksjonen stabil på 10–11.000 kg, så kommer en svak nedgang. Forklaringen på dette var at Kvilldal fikk vegforbindelse til Suldalsosen og dermed måtte de levere melka si direkte til Sand Meieri.

Årsaken til den markerte økningen i begynnelsen av 70 årene, opp mot 13.500 kg, kan nok tilskrives veldig gode landbruksoppkjør i en kort periode. Dette gjorde sitt til at smørleverandørene produserte maksimalt.

Etter 1975 falt de mindre produsentene fra. Det ble mer lønnsomt å få seg annet betalt arbeid (kraftutbygging). Men de med 8 kyr eller mer, fortsatte som før.

I slutten av 1977 og 1978 kom veiene langs Suldalsvatnet, og etterhvert overtok «melkebilen» smørproduksjonen.

## NEDLEGGELSE AV ØVRE SULDAL SMØRLAG

Den siste formannen i Øvre Suldal Smørlag, Erik A. Havrevoll, forklarer det slik:

Da veien langs Suldalsvatnet ble offisielt åpnet i 1980, var grunnlaget for fortsatt drift i smørhuset borte.

Vestlandsmeieriet ville ha melka direkte, og produsentene måtte gå til innkjøp av melketanker, hvis de ville fortsette med melkeproduksjon.

Det tok nok sin tid før dette var i orden, og inntil 1986 fikk smørlaget subsidiene som vanlig. Men i mai samme året fikk den siste produsenten installert melketank på gården, og smørelta gikk rundt for siste gang.

Dermed var grunnlaget for Øvre Suldal Smørlag borte.

## REFERANSER

### LITTERÆRE KILDER:

Hallvard M. Hoftun: Suldal Kultursoge. Gamle Suldal.  
Roy Høibo: Folk i Ryfylke 2/85.  
Knut I. Hansen: Den gamle garden.

### MUNTLIGE KILDER:

Ågot Håanes Bråtveit.  
Bjarne Steine.  
Berta Mo.  
Helga Vetrhus.

Inger Johanne Vetrhus.

Jon Vetrhus.

Erik A. Havrevoll.

Olav Schibevaag.

### ANDRE KILDER:

Øvre Suldal Smørlag's styreprotokoller.  
Nesflaten Handelslag A/S styreprotokoller.

---

SISSEL MOSSING, 41, var lærar på Nesflaten da dette blei skrive.  
Nå har ho flyttta «heim» til Rjukan, og har fått seg lærarpost der.

*Midtstolen under Kolbeinstveit, truleg i 1936 eller 1937. Her er både geiter og kyr. Truleg er det Oline Iversflaten, ho som står midt i bildet som er budeie. Guten til høgre er Erling Bergjord, og vi gjetter på at han var høring. Dei andre er Hilda Iversflaten Aarhus (til venstre) og Olaug Iversflaten Halvorsen og Klara Hansen Medhus (ved geitene).*



# Høring i Suldal

AV TERJE BRÅTVEIT

**Ut å gjeta i 9 årsalderen! Vera heimanfrå frå tidleg vår til seine hausten!**

For oss som er voksne opp i Suldal etter krigen høyrest dette umenneskeleg ut. Det må ha vore lenge sidan, er den første tanken som slår oss. Men «lenge sidan» er eit svært så tøyeleg begrep. Velstandsutviklinga har

vore enorm i Suldal som i landet elles i vårt hundreår.

Kanskje det ennå lever dei som har vore ute på gjeting i sin barndom? I så fall skulle det vera interessant å få høyra kva dei har å fortelja...

Slike tankar var det som fekk meg til å skriva om gjetaren.

Etter å ha hørt meg litt omkring, fann eg fort ut at dei som har erfaring frå gjetarlivet er både fleire og yngre enn eg trudde.

Dermed såg eg også ei viktig oppgåve: Det desse menneska sat inne med måtte vera av stor verdi å få skriva ned. Dei aller fleste tidlegare gjetarar er trass alt gått over i pensjonistane sine rekker i dag. Sidan det mest brukte namnet på gjetaren har vore høring, held eg meg til det i stoffet frå Suldal.

I skriftlege kjelder har eg funne mykje om støling, særleg om budeia eller stølsjenta sitt arbeid med mjølkeprodukta. Noko har eg sjølv sagt også funne om høringen, men han har ofte berre komme inn som ein biperson, ein som har vore til stades. Samanhengjande skildring av hans arbeid i Suldal har ikkje vore å finna.

Forholda for gjetaren før 1900 har eg difor ein stor del freista å kartleggja på grunnlag av hermer etter namngitte personar. Dei kan vera munnleg overleverte,

eller dei kan ha blitt nedskrivne av andre i ettertid. I det heile har dei munnlege kjeldene vore svært viktige for meg i dette arbeidet, heilt avgjerande for gjetinga i dette hundreåret.

Både tidlegare høringar og stølsjenter har vore svært hjelpsame. Det har også fleire andre med interesse for den nære fortida vore.

Eg er dykk alle svært takksam.

Så kunne eg altså setja i gang, prøva å finna ut mest muleg om høringen i Suldal. Spørsmål var mange, men kan vel kort samanfattast i desse problemstillingane:

Kven var høring og korleis hadde han eller ho det i det daglege strevet?

Har høringen sine plikteer endra seg fram gjennom tidene?

Når og kvifor blei det slutt på gjetinga i Suldal?

## HISTORISK BAKGRUNN

Kva tid den første gjetaren gjekk omkring med dyreflokken sin, er uråd å vita. Vi hører om gjetarar alt i Det gamle testamentet, og i dei norske folkeeventyra les vi om han som skulle gjeta kongens harar.

Slår vi opp i ordbøker, får vi vita at ordet gjetar eller hyrding betyr ein som passar, vaktar eller vernar. Derned kan vi gå ut frå at den dagen menneska begynte med husdyr, den dagen blei det også jobb for gjetaren, han som skulle verna om buskapen mot rovdyra.

Sidan februar blei vanleg i Norge i den yngre steinalderen, skulle altså den norske gjetaren ha ei 5–6000 år lang soge.

Dei første meir direkte bevis på gjetaren sin eksistens får vi frå funn i vikinggraver: Ulike typar av «rangler» eller «skrangler» til å halda buskapen samla med, men kanskje like mykje til å skräma udyr med.

Framover mot svartedauden 1349–50, auka folketaket jamnt og sikkert i landet. Nydyrkning og stadig fleire husdyr førte til at beitemarkene vart utnytta så godt det let seg gjera, frå kysten til høgfjellet. Gjetaren var ein sentral person i dette samfunnet.

Etter svartedauden blei mange bygdelag nermast lagde aude. Jordbruksmåten måtte på sett og vis begynna på nytt, frå dei flataste og finaste gardane i botnen av dalane. Først utpå 1600-talet blir stolar og fjellbeite for alvor tekne i bruk att. Det endar opp i marginale utnytting av beiteområda på slutten av 1800-talet.

Gjetaren i Suldal har oftast hatt namnet høring, særleg i øvre delen av dalen, frå Berge og oppover langs Suldalsvatnet. Lenger nede i bygda var gjetingut (evt. - jente) meir brukt. Sidan gardane i Nedre Suldal stort sett slutta med stoling og gjeting rundt århundreskiftet, er det helst høringar eg har snakka med. Derfor brukar eg høring som namn på gjetaren.

Stølsfjagg har også vorte brukt tidlegare. Den siste

nemninga får oss med ein gong til å forbinda gjetargjerninga med stølsbruksmåten. Sjølv om høringen nok hadde oppgåver heime på garden før buskapen blei flytt til fjells, vil nok suldølar flest seia at høringen, han hadde sin arbeidsdag på stølen.

For å kunna plassera høringen inn i sitt rette element, vil eg derfor først koma med eit kort samandrag over stølsbruksmåten i Suldal dei siste hundreåra:

1668:	50 gardsbruk nytta stol
1723:	75 gardsbruk nytta stol
1907:	206 stolar
1930:	50 stolar (ca. – tal)

Sjølv om enkelte gardar kunne ha fleire stolar, kan vi av tala tydeleg sjå at utnyttinga av fjellbeita har auka monaleg fram mot år 1900. Rett før århundreskiftet nådde då også stølsbruksmåten i Suldal sitt absolutte toppunkt.

### Fram til 1900 (ca.)

Fram til 1880-åra hadde høringen ansvar for både geiter, kyr og sauver når dei gjekk på fjellbeitet om dagane. For då blei i tillegg til ku og geit også sauen mjølka. Sidan det minka med rovdyr også på denne tida, på grunn av meir effektive jaktmetodar, fekk sauen frå då av gå fritt i fjellet.

### 1900–1915 (ca.)

Stølsbruksmåten var i nedgang i Suldal. Det kunne vera mange grunnar til dette, men først og fremst:

1. Folketalet avtok sterkt. Frå toppen på 2289 i 1891 til ca. 1650 i 1920. Folk flytte til Amerika eller til betre betalte jobbar i byar og andre bygder.
2. Konsumentane i byane sette større krav til kvaliteten på mjølkeproduktene frå stølen. Margarinen blei ein hard konkurrent til det såkalla bondesmøret.
3. Bøndene, særleg i Nedre Suldal, leigde heller bort



Geitene blir mjølka. Dei fleste fortel at ein sto skrevs over geita når ho blei mjølka. Her sit dei ved siden av. Bildet er frå Gaukstolen under Vetrhus og er tatt i 1933. Stølsjentene er Borghild Fisketjøn Bakka og Randi Bråtveit Vetrhus.

kyr og geiter til Røldal om somrane. Garden Vik var eit unntak. Dei hadde kyrne heime om sommaren og leverte «søtmjølk» til hotella som grodde opp.

1920–1959

Dette er perioden for geitestøling, særleg gjeld dette

fjellgardane og gardane rundt Suldalsvatnet. Produktionsmetoden for geitost blei sterkt forbedra. Voksing avosten var mellom anna ei stor nyvinning. Stølshusa blei sterkt forbetra.

Tida før krigen var gullalderen for geitestølinga. I tillegg til geiteflokkene som høyrdé garden til, var der som regel også ein flokk leigergeiter på stølen. Men mørke skyer truga næringa: *Ein ulempe var det at ostekokinga slukte store mengder ved. Verre var det at det minka på*

folk som var viljuge til å ta arbeid som stølsjente og høring. Ungdom fekk betre løn og ikkje minst regulerte arbeidstider i byen.

Etter krigen var det derfor berre få som heldt fram med støling. Det svarte seg ikkje økonomisk å leige folk til stølsarbeid. Derfor er det typisk at mellom dei siste gardane som dreiv med geiter på stølen, var Vetrhus og Kjetilstad: To gardar som ligg høgt med utsyn over Suldalsvatnet, og som i tillegg hadde fleire døtrer på garden.

Det var desse jentene som heldt liv i stølinga siste perioden. Kven som var stølsjente, og kven som då var høring, det vart etter kvart vanskeleg å skilja.

Vetrhus sluttet med geit og støling i 1954.

På Kjetilstad blei 4.10. 1959 ein merkedag. Då, på same dagen, gifte dei tre døtrene på garden seg. Dermed var også stølinga i Suldal kun historie.

Dei få geitene som då var att i Suldal, vart sende til Røldal om sommaren saman med kyrne.

Nokre få gardar i Nedre Suldal hadde kyrne sine på eigen støl også i vårt hundreår. Stråpa, med stølen Sandsa, sluttet som dei siste i 1949. Der var det også jentene på garden som stod for alt stølsarbeidet dei siste åra.

Etter krigen satsa bøndene på å få til kulturbeite i den nærmeste utmarka. Dermed kunne dei stadig ha fleire kyr gåande heime om sommaren. Vegen til marknaden vart kortare, i Nedre Suldal til meieriet, i Øvre til Smørlaget.

## HØRINGEN

I Suldal var det vanlegvis ein gut mellom 8 og 15 år som var høring. Men frå 1920 og utover var det fleire eksemplar på jenter som gjorde hørings jobb på stølen. Somme av dei vart også kalla høring, mens andre vart kalla «lag for stølsjenta».

Johan Veka skrev i 1936 at ein hadde «... aldri små gjenter.» til gjetar. Men same mann skriv i 1928 om Brita Vallarevik (f. 1848) som «... 'jætte på Tufteskog me' hu va' lito.» Same kva som er sanninga: Mange jenter var det ikkje som gjette før 1920. Elisabet Stråpa (f. 1899), høring på Lånene, var eit unntak.

Høringen kom frå fattige kår, oftaast frå ein husmannsplass eller kanskje får ein mindre gard eller plass der dei hadde vanskar med å halda mange munnar med mat. Det var ikkje med lett hjarta foreldra sende smågutane sine på gjeting, men det var nauda som tvang dei til det. Ja, av og til blei høringane på garden også om vinteren. Foreldra var takksame for det. Dei hadde nok med å brødfø resten av familien.

Barn på garden var sjeldan høringar. I alle fall ikkje odelsguten. I tilfelle kunne det vera at han eller einkvan av søskena hans kunne få i oppdrag å sjå etter geitene haust og vår då dei beitte i heimeliane. Nei, odelsguten, han skulle vera heime om sommaren og læra seg å slå og kjøra hest. Leikekameratar om vinteren vart dermed skilde om sommaren. «Å, så eg misunte Nils,» sa Kleng Vaarvik (f. 1905), «han fekk vera heime heile sommaren, han!» Men som ordet seier: Om våren var det gardsgutane som la husmannsgutane i bakken i ryggjatak. Om hausten var det omvendt!

Utover i mellomkrigstida blei forholda gradvis endra. Veg og anleggsarbeid gjorde sitt til at det kom meir pengar i hendene på arbeidsfolk. Dei var ikkje lengre så avhengige av bøndene som arbeidsgjevarar for seg og familien. Bøndene på si side såg seg heller ikkje råd til altfor mange leigefolk. Resultatet blei derfor etter kvart at barna på garden overtok både stølsjente- og høringjobben. Ja, kona kunne av og til vera stølsjente, og i enkelte tilfelle kunne jamvel odelguten vera «lag» eller høring på stølen.

Andre namn på stølsjenta er budeie eller seterjente,

men nemninga stølsjente er det vanlege i Suldal.

Stølsjenta var ansvarleg over for bonden på garden. Hennar oppgåve var å syta for fin buskap og god avdrått. Ho var alltid den eldste på stølen. Anna er det ikkje å seia om alderen hennar. Ho kunne vera 17, men like gjerne borti 70 år.

Pliktene var såleis:

- 1) Passa dyra. Halda dei borte frå udyr, farlege myrar og ulendt terreng. Variera beiteplasser og ikkje sleppa buskapen på slåttemark, åkrar eller annan manns eigedom.
- 2) Få dyra til støls (eller heim) til mjølketid.
- 3) Hjelpa stølsjenta. Ho hadde kommandoen, og då var det som regel opp til henne kva høringen måtte gjera.
- 4) Vår og haust måtte høringen hjelpe til med førefallande arbeid heime på garden. Det kunne vera alt frå barnepass til potetopptak.

Korleis høringen utførte pliktene, kjem eg grundigare tilbake til i dei etterfølgjande kapitla om Års- og Dagsrytmien.

## ÅRSRYTMEN

Buskapen blei ikkje flytt til fjells før Jonsoktider, eller siste halvdelen av juni. Frå dyra vart slepte ut etter vinteren, oftast først i mai, måtte høringen passa på dei. Etter kvart som det grodde til i utmarka, måtte dei haldest borte frå slåttemarka og åkerlandet. Langt opp i vårt hundreår måtte derfor høringen følgja dyra, oftast geitene då, heile dagen for så å komma til gards med dei til passeleg mjølketid.

I nyare tider blei det vanleg å gjerda skikkeleg rundt innmarka. Dermed trongst det ingen høring til å halda dyra borte frå åker og eng.

Somme gardar hadde det dei kalla vårstøl, ein støl som var plassert i lågare lende enn hovudstølen. Då flytta buskapen, stølsjenta og høringen til denne stølen først. Sidan graset ikkje berre blei grønt tidlegare på vårstølen enn på sommarstølen, men også heldt seg grønt lenger der om hausten, vart derfor årsrytmien slik for buskapen:

til først i mai:	Inneforing
mai:	Heimebeite
fram til Jonsok:	Heimebeite eller vårstøl
Jonsok til først i sept.:	Stølen, også kalla sommarstølen
september:	Vårstøl eller heimebeite
oktober:	Heimebeite til dyra vart sette i hus for vinteren.

Oppsettet mitt er sjølvsgått omtrentleg. Tidspunkta varierte etter som graset grodde. Det var gode og dårlige somrar før som nå. Alle dyreslag blei kanskje heller ikkje flytte på same tid. Særleg etter at sauemjølkinga slutta, vart sauene tidleg sende til fjells. Det blei også ein tendens etter kvart at kyrne fekk kortare sesong på stølen enn geitene.

## DAGSRYTMEN

For høringen var det typiske at kvar dag var lik: Tidleg opp, hardt arbeid og lite fritid var det for ein liten kropp. Høringar som fekk liggja ute til 5-6 tida, var heldige. Særleg etter at geitestølinga tok seg opp i mellomkrigstida, var det meir vanleg å stå opp klokka 4 eller kanskje endå ein halvtime tidlegare. Ikkje rart at dei på enkelte stølar sette klokka fram eit par timer!

Ein kan kanskje undra seg på korleis stølsjenta og høringen kunne vakna så tidleg. I dette århundre var jo vekk jeklokka vanleg, så då var det ikkje noko problem for ansvarsfulle stølsfolk. Før den tid låg dei vel meir på



*Mjølkekollene blir sandskurte. Dett er Magnhild Berge Bakka som arbeider. Ho stølte på Nyastolen, hos Jakob Bakka i Bråtevit. Bildet er frå 1938.*

otte, som det heiter. Dei vakna på det tidspunktet dei hadde innstilt seg på.

Elles bar åtferda til dyra bud om når var det morgon. Dei reiste seg frå nattelegje, under stølshuset eller ute på vollen. Det klang i bjøller, og det breka og rauta. Dyra ville mjølkast. Beitemarkene venta. – Begge to inni stølsbua var vare for slike lydar.

Som regel var ungdomane heime den sommaren dei «gjekk og les». Men det er fortalt om ei jente som likevel var på stølen den sommaren. For å vera ekstra sikker på å vakna tidleg nok dei dagane ho skulle til presten, låg ho med meis på ryggen.

Høringen måtte ofta vera med å mjølka sjølv om dei minste knapt var brukande til slikt arbeid. Dei kunne nok øva inn den spesielle dra og klemmeteknikken som skulle til for å få mjølka ut or spenane. Men

sidan den som mjølka ei geit måtte stå til skrevs over henne, var det mange höringar som vart for korte i beina. Det enda gjerne med at geita sette avgarde med höringen sitjande bak fram på ryggen.

Var enkelte dyr ekstra urolege, måtte höringen halda dei mens stølsjenta mjølka.

Anna arbeid höringen måtte gjera var å bera ut skiten dyra hadde lagt etter seg i fjøset om natta. Fjøset var kjellaren under stølshuset eller kanskje under løa om dei hadde det på stølen. Det var helst berre kyrne som låg i hus om natta.

Fram til slutten av 1800-talet blei sauene også mjølka, men berre om morgonen. Mjølkesauene stod då innhegna med tregrinder om natta. Lamma måtte vera utanfor. Der heldt dei seg i ro, dei såg mora, men dei fekk ikkje patta.

Höringen si oppgåve var då å flytta desse tunge grindane kvar dag slik at heile stølsvollen etter kvart vart jamnt gjødsla.

Så var det å styra buskapen til beitestadene, fleire dagar etter kvarandre på stader der graset grodde godt, få dagar på skrinnare plasser. Höringen måtte læra namn på alle stader der han for, slik at han kunne fortelja til ei kvar tid kvar dyra hadde beitt.

Om höringen måtte følgja dyra heile dagen eller ikkje, var avhengig av mange forhold, men stort sett skjedde det:

- 1) I eldre tider – altså før år 1900, grovt rekna. Då var det meir utrygt for bjørn, ulv og jerv.
- 2) På heimebeite når ikkje innmarka var innhegna. Buskapen måtte haldast borte frå spirande åkrar.
- 3) Første tida på stølen.

For å venja dyra til beitet. Då det tidleg på 1900-talet blei vanleg med leigegeiter i tillegg til garden sine geiter, måtte dei gjerne ha ein tilvenningsperiode.

- 4) Når buskapen var berre leigegeiter.

Det var få i Suldal som baserte osteproduksjonen på kun leigde geiter. Men i mellomkrigstida var det i alle fall eit par stykke. Då måtte geitene følgjast heile dagen ei tid utover sommaren fordi dei var ukjende i beitet.

## 5) Hausten.

I enkelte tilfelle kunne geitene flyga for langt avgarde. Mjølkespreng tvinga dei heller ikkje tilbake til stølen så seint på året.

Utover på 1900-talet er likevel regelen at buskapen går åleine på beiteplassane om dagane. Höringen berre driv dei i beitet. Etterpå er opp til stølsjenta å bestemma kva höringen skulle gjera på stølen utover dagen:

Røra i ystekjelen var höringsarbeid. Likeeins blei han sett til å kinna smør eller bera vatn. Etter at kokkinga var ferdig, gjerne i 2 tida, var det å grava ut osterestar or gryta og vaska henne til liks med andre kar og kjerald. Då kunne kanskje höringen kosa seg litt med restar som låg att av dyrebare mjølkeprodukt. Men det var nok stølsjenter som sa tydeleg frå at slike godterier, det trong dyra betre enn höringen. Her må eg leggja til at slike stølsjenter var i fåtal i dette hundreåret, men dei fant dei også.

Andre oppgåver höringen hadde kunne vera å bera ved til støls. Gardsfolket hadde tidlegare vore oppe og hogge veden og lødd han opp på plassen.

Var det vatn i nærleiken, kunne höringen fiska. Det kunne resultera i kjærkommen variasjon i kosten. Men for guten var det sjølvsagt også ein form for triveleg leik – der han kunne gløyma seg bort ei stund. Midt på dagen blei det gjerne tid til litt leik. Var det andre stølar i nærleiken, kunne höringen finna leikekamerat også – ein annan gut i same situasjon. Då gjekk tida berre så altfor fort...

Låg stølen meir einsamt til, kunne dagane bli lange,



*Ystekjelen måtte og skurast. Her er vi på Lauvastølen i Kvillsdalen i 1942 eller 1943. Ho som skurar er Helene Iversflaten. Dei andre er Marta Brustveit og Jon Hoftun. Det er nærliggande å tru at den siste er horing.*

både for stølsjente og horing. Då var det om å gjera å ha noko å finna på. Som ho sa Marta Solheim (f. 1896): «Det var om å gjera å fflatla höringen vekk med ein-kwart slik at han gløynde å lengta heim!» – Med slike stølsjenter kunne arbeid og leik gli umerka over i ein-annan.

Den tida horing og buskap var heime på garden, vår og haust, kunne höringen få mange ulike oppgåver av

gardsfolket. Han slapp til dømes aldri fri om hausten før potetene var vel i hus. Dessutan var det dette med barnepass. Det er fortalt om ein horing i mellomkrigstida. Han skulle ta seg av ein skikarunge som ikkje fekk nok mjølk av mor si. Men höringen visste råd han. Han heldt berre ungen under ei geit. – Suga kunne guten, og roleg blei han...

Henting av dyr og kveldsmjølkinga avslutta arbeids-dagen. Stort sett kom kyrne heim av seg sjølv når kvel-den nærma seg. Men geitene måtte oftare hentast. I alle fall på seinsommaren då mjølkesprengen var mindre.

Mjølkinga måtte gjerast ferdig før kveldsmaten kom

på bordet. Etter ein lang dag var ikkje stølsfolket så seine før dei la seg. Trøytt av dagens strev sovna gjerne høringen i 8-9-tida.

#### LITEN OG LANGT HEIMANFRÅ

Om heimen var fattig, så vil eg nå tru at smågutane kjende seg trygge der saman med foreldra og søsken. Før dei måtte ut på gjeting, var det nok ikkje så lange reisene dei hadde vore med på. Sjølv om tenestestaden ikkje låg så langt borte i kilometer, blei det uendeleg langt for ein 8-9-åring. Ikkje visste han så vel kva han gjekk til heller. Sjølv om tenestestad var avtala mellom dei vaksne, var det oftast ukjende folk guten skulle til. Var gardsfolk og stølsjente vennlege mot han og sa dei ville ha han att neste år også, då vart han kanskje lettare å få avgarde når våren etter kom. Men det var slett ikkje sikkert at erfaring frå høringelivet gjorde det lettare å reisa. Neste år venta kanskje nye og ukjende folk og stolar ...

Ola Ospehaugen (f. 1853) vart i si tid fest som høring på Foss. Sidan han budde i øvre enden av Suldalsvatnet, og Foss er ein av gardane som ligg nederst i dal-føret, blei det ein avstand på over 3 mil. Faren rodde han den første mila til Eiasanden. Derifrå måtte han klara seg sjølv: Gå til fots, spørja seg fram, og få seg ført over vatnet og Lågen. Men då han kom til Foss, viste det seg at dei *hadde* høring der. Han hadde ikkje anna å gjera enn å snu, men gav likevel ikkje opp. På vegen oppover var han innom kvar gard og baud seg fram som høring for sommaren. Ikkje før han kom til Veka, fekk han plass, og der var han heile sommaren. Foreldra levde i den trua at Ola var på Foss like til han kom heim om hausten og fortalde korleis alt hadde seg.

Andre som var ute på det uvisse var to gutter Jone Thomsen (f. 1900) frå Fundingsland i Hjelmeland for-

talde om: Den eine var tippoldefar hans, Osmund. Han hadde med seg halvbroren sin, Per. Dei var 11 og 13 år gamle, kom over fjellet frå Suldal og bydde seg fram som høringar i Hjelmeland. Osmund fekk seg jobb på Tøtland, og der slo han seg ned og budde resten av livet.

Dei fleste høringane har nok kjent heimlengten i seg. Somme greidde seg betre enn andre. Som han sa Nils Moe (f. 1906): «Eg lengta ’kje så mykje. Eg visste det nytta ikkje det.» Men det var nok ikkje alle som tok det på den måten: Hallvard H. Hoftun (f. 1892) vart send frå Hoftun bort til Suldalseide for å gjeta, men han kom heim att han, temmeleg fort. Men, nei! *Det* var altfor lett vindt – skamleg var det også. Så dagen etter tok faren han med seg tilbake, og denne gongen kom ikkje Hallvard att før til hausten.

Eit ord var eit ord i dei dagar. Kleng Vaarvik (f. 1905) minnest eldstebroren. Han ville ikkje reisa heimanfrå. Men mora lokka og bad. Dei hadde jo lova bonden ein gjetary. *Det* kunne ikkje omgjerast.

Stadnamn i fjellet kan også fortelja sitt om høringelivet. Oppforbi Hamrabø er til dømes Gråtareljo.

Høringen var sjeldan heime i løpet av sommaren. Var vegen lang, var det ikkje til å tenkja på ein gong. Men Erling Bergjord (f. 1925) fekk reisa heim ein liten tur, han. Då han også seinare på sommaren fekk same tilbudet, takka han nei. Det var så vondt å reisa heimanfrå at det var betre å halda seg på stolen, meinte han. Likeeins var det for Ingeborg Bråtvit (f. 1918). Venninna hennar døydde ein sommar Ingeborg var «lag» på stolen. Men mora ville ikkje at ho skulle heim i gravferda fordi ho var redd jenta ikkje ville til støls att etterpå.

I slike stunder var ei forståelsesfull stølsjente god å ha. Ho kunne få høringen på andre tankar med litt list og lempe. Verre var det om ho hadde nok med si eiga lengting, eller om ho rett og slett ikkje brydde seg meir

enn katten om høringen og hans problem. Aller verst var det likevel om høringen var heilt åleine – dag som natt. Det hende *det* også:

«Ifrå gamalt», som det heiter hjå Johan Veka, var det vanleg at gardar i Bråteit og Kvilldal hadde sauher og geiter på «Strondo», eit ulendt terrenget mellom urer, bratte fjellvegger og Suldalsvatnet. Området låg einsamt og lite gjestmildt til på lag midt mellom dei to kvervane. Her var høringen ofte heilt åleine med dyra, gjerne frå slutten av mars til Josoktider, då buskapen skulle til støls. Høringane låg i løer om nettene. Dei fleste av dei hadde ein lem der høringen kunne sova, men slett ikkje alle. Då måtte høringen liggja ilag med dyra.

Men høringen hadde meir å gjera enn å passa dyra. Låg der snø på marka, måtte han skava ask, raun og selja til for. Dessutan skulle han mjølka geiter og sauher når kje og lam kunne takast frå mora. Oftast gjekk det ei veke mellom kvar gong høringen på «Strondo» snakka med folk. Då kom det ny, etterlengta matforsyning.

Tore Stuv (f. 1814) har fortalt om lengtinga si der: Etter lang tid åleine høyrdet han ein dag mannerøyster. Dei kom frå stranda lenger oppe mot Bråteit. Men Uforeberget stengde vegen opp dit. Det stupete glatt og bratt rett ned i vatnet. Tor kunne ikkje symja, men han hadde sett geiter runda berget på ei smal skor som ikkje var laga for verken sauher eller menneske. Men «fjodlaus» som han var etter å få møte folk, sette han i veg – utan tanke på faren han sette seg i.

Tormod Øvrabø (f. 1857) var også høring på «Strondo». Etter han har vi hermene: «Dei sette meg i land som ein annan kjebukk!» og «Eg gret og lengta som eg aldri seinare har gjort.»

Om muleg endå verre var det for Nils Risvoll som kom får Sauda i 1833. Han skulle vera høring i Hylen

endå så veik han var etter sjukdom. Lenge var han då heller ikkje før det vart meir nok. Han fann ein lageleg raun, knytte av seg sokkebanda og hengde seg. Som straff for uggerninga si nekta presten å gravleggja han i kristna jord. Men soga vil ha det til at bonden i Hylen gav seg ikkje før han såg kista vel over muren.

#### HUS, MAT OG KLEDE

Høringen hadde ein tung og ofte sur jobb, i alle fall han som følgde dyra heile dagen. Gjennomvåt kom høringen



Hovudproduksjonen på stølen vart etterkvart geitosten. Margit Vik står her med to ostar på Månastølen under Øystad i 1927.

mang ein gong til støls om kvelden, holsvolten kanskje. Men det var dyra og mjølkinga som kom først. Då han endeleg fekk koma inn for kvelden, var det å prøva å tørka kleda. Men attmed gruva vart dei vel så mykje svidde som tørre.

«Kom eg våt heim med buskapen, måtte eg tidt ta på dei same våte kleda morgenon etter. Men eg vart aldri sjuk av det. Ho e' så rein og frisk fjell-lufta, må veta,» sa Per Vetrhus (f. 1875).

Tida før høringen måtte til støls budde han på garden, og han hadde det som tenrarar flest i dei dagar. Men det var på stølen han var mestedelen av sommaren, og det var også der forholda var mest varierande.

I tidlegare tider budde stølsfolket under hellarar, og stølinga føregjekk der. Ja, Anna Kro (f. 1865) stølte under ein heller på Buarekvelven. Etter fødselsåret å dømma for rundt 100 år sidan.

Like opp i vårt hundreår var stølshusa så som så: «Det er snart godt nok på stølen!» sa dei gamle.

Dei enklaste stølshusa kunne ha berre eitt rom, men som regel var det ei mjølkebu i tillegg. Mellom det rommet vi i dag ville kalla stove og mjølkebua, kunne det då vera ein gong. Stova, eller soverommet, kan vi kanskje heller kalla det, kunne ha jordgolv, men regeleien var også i førre hundreåret tregolv. I kjellaren var det då plass til kyrne om natta. Elles hadde soverommet gruve og hol i taket slik at røyken kunne sleppa ut. Enkelte hus hadde open gauk i staden for ljoren i taket. Open gauk vil seia at brystveggen ikkje var kledd heilt opp til mønet.

Bord og benker var det dårleg med i eldre tid. Glasrutene var få og slepte lite lys inn. Så noko koseleg opphaltsrom kan ein ikkje seia desse «stovene» var. Særleg ikkje i ruskever. Det kunne henda snøblanda nedbør susa like inn i rommet. Då var det ikkje anna å gjera enn å breia seg ned i senga. Der gjekk det i alle fall

an å halda varmen. Krulla seterjenta og høringen seg saman i same senga, gav det ekstra varme. Men dei låg vanlegvis i kvar sine.

Senga var spikra fast til veggen, og kvar vår var det høringen sin jobb å finna lyng og anna injukt til underbord i sengene. Somme senger hadde ein jutesekk med halm i. Då måtte halmen ruskast i med jamne mellomrom. Elles kunne dei ha skinnfeller, vovne teppe og rugger over og under seg. Varmast hadde dei det likevel høringane som låg inni reindsdyrbelgar, skinn som var sydde saman slik at håra vende inn. Ulempen med dei var at dei røytte så mykje at då høringen sprang over stølsvollen om morgenon, stod et ei sky av hår etter han sidan han låg rund – med kleda på – inni belgen.

I førstninga av dette hundreåret vart dei aller fleste stølshus moderniserte. Dei måtte tilpassast nye tider med større krav til hygiene både i geitostproduksjonen og i butilhøva. Stovene blei tette, lyse og varme. Omnen kom, og med den høve til både klestørk og rasjonell matlagning.

Maten på stølen var på jamna både kraftig og nærringsrik, men hadde vel lett for å bli altfor einsidig retta mot mjølkeprodukt, eller rettare: Biprodukt frå smør og osteproduksjonen. Det var mykje graut, hagleta – ein slags dravle- og surmjølk det gjekk på. Mjølkesupa var også ein variant. I den tida sauens vart mjølka, var kald graut oppi varm sauemjølk god kost. Sauemjølka var kraftig og feit – reine fløyten – som dei sa i Hamrabø. I seinare tider kunne det henda stølsjenta steikte mjølkekake i panna.

Når bonden var til støls for å kløvja heim avdrått, hadde han gjerne med opp flatbrød og spekekjøt. Kjøt, ost og smør var stølsjenta knipen med. Det kunne og skulle helst seljast. Poteter var det svært sjeldan ein fekk på stølen. Var det tid og høve, kunne høringen, i seinare tid i alle fall, spe på med sjølvfiska aure.

Dei aller fleste høringane hadde det godt i matvegen, betre enn alternativet: Å vera heime.

Dei som følgde dyra heile dagen, fekk skikkeleg niste med seg. Ein skulle spara mest muleg på salsprodukt, men både Albert Lofthus (f. 1858) og Odd Hjorteland (f. 1872) hadde med seg ei smørørsje. Denne hadde dei saman med flatbrød oppi ei tine med fatlar. Dei drakk vatn til maten. Andre kunne ha med seg surmjølk i ei halvkanne – vel ein liter. Då måtte dei hengja denne på ein beremeis.

Utover på 1900-talet var nistematen meir og meir lik vår eigen i dag. Det vart flatbrød eller nokre brødkiver med smør på. Dette bar dei med seg i ein sekk eller ei skreppe. Drikka var i bekken.

Heimelaga vadmålsklede: Knebukse, skjorte og kanskje ei tjukkare trøye i same stoff, var høringen sin uniform langt tilbake i tida. Kvaliteten var varierande etter kva heimen kunne skaffa. Mang ein høring var svært så därleg utrusta mot uver i heia. Først i dette hundreåret kom noko som likna på regntøy: Eit slags lerretsstoff som blei innsett med linolje. Dette vart forma som ein slags regnjakke. Men kleise var stoffet, lukta gjorde det og våt og råskjen vart nok høringen likevel.

Høringen sprang helst berrføtt, kanskje for å spa på skoa, men aller helst fordi han ingen sko hadde. Gutefötene var nok herda så dei talte både kvasse steinar og kalde dagar. Men det er fortalt om dei som såg stor mon i å varma føtene i det kua la ifrå seg med jamne mellomrom.

Var det mykje rim på marka, vart føtene lett såre, forståeleg nok. Det ein då kunne gjera var å smørja dei inn med geiterømme, seier soga.

Dei siste høringane brukte nok helst sko, lersko som var laga av bygdeskomakaren. Sokkar med ler under var også ei muleg om ikkje so god løysing.

Sokkar i skoa blei elles ikkje så mykje brukta. Men

Hallvard O. Hoftun (f. 1917) var ein av dei som hadde. Då dei så etter kvart vart slitne og fulle av hol, våga han ikkje å be stølsjenta om hjelp. Nei, han snurpa saman restene med snorestreng.

Hovudplagg var det ikkje så rart med. Men dei kunne jo laga seg ein neverhatt sjølve om dei ville.



Osten blir henta. Torbjørn Bråtveit med kløvhest på Vasstolen, Nesflaten i 1946.

Det kunne vel førekomma at einkvan hadde ei skinnhuve, og opp mot våre dagar vart det mest vanleg med kjøpte brothuver.

Sommarsdagen med fint ver og rolege dyr, då greidde höringen seg med kva det var. Men i haustaver med kaldt regn dag etter dag, aldri ei tørr fille på kroppen. Då var livet vondt å leva. Trava og gå, følgja dyra, stoppa mens buskapen beitte, slå floke og venta på kvelden.

## ROVDYR

I eldre tider var rovdyra sine herjingar i buskapen ein av dei viktigaste grunnane til at dyra måtte gjestast. Derfor nokre ord om dei mest frykta fiendane til kyr, sauher og geiter. Ja, menneska hadde og stor respekt for både bjørn, jerv og ulv.

I 1908 vart den siste bjørnen skoten i Suldal. På den tida var det fleire slagbjørnar som herja i dyreflokkane. Særleg gjekk det ut over sauene som gjekk fritt i heia.

I 1920-åra var det attor bjørn i Suldalsheiane eit par somrar. Denne blei jaga austover av eit jaktslag og seinare skoten der.

Jerven drap også mange sauher i åra rundt 1910. Intens jakt og saksefangst rydda han nærmast ut på den tida. Seinare har det vore fleire streifdyr. Den siste blei skoten så seint som i 1967.

Den siste ulven blei skoten av Tollef Sørestad (1812–97). Han kunne i sine velmaktsdagar vera lei med buskapen, men han blei sjeldan gjest i Suldal siste halvdelen av 1800-talet.

Fram til ca. 1910 måtte altså höringen ta rovdyrfaren alvorleg. Det var sjeldan höringen måtte kjempa for seg og buskapen mot eit angripande dyr. Verre var nok otten for at akkurat det *kunne* henda. Han måtte ta sine forholdsreglar:

### 1) Lyd

- a) Bjøller på dyra.
- b) Ringlekjeppar og rangler.
- c) Bukkehorn eller lur.

– Filosofien bak dette var sjølvsagt at rovdyra var redde for skarpe lydar samstundes som dei verka samlande for buskapen.

### 2) Eld

Höringen måtte ha med seg kveiksle, tunder og eldstål frå gammalt, slik at han kunne gjera opp eld i ein fart. Elden skremde rovdyra.

### 3) Våpen

Staven som höringen kunne stikka eller slå med.

Etter det eg har kome over av stoff, har eg funne få teikn på at rovdyr har angripe höring og buskap. Om slikt har hendt er ikkje godt å vita. Men hadde det hendt, skulle ein gjerne tru at det hadde sett spor etter seg i segner, om ikkje anna.

Ja, heilt fritt er det ikkje. Brita frå Vallarevik (f. 1848) var i kast med skrubben, heiter det i ei herma. Ulven beit seg fast bak i ei geit, Brita tok tak i horna på geita og begge sleit. «Nå sleppe du ditt styggabeist!» skal Brita ha ropa, og skrubben tok floget...

Brita er forresten den einaste jenta som det har vorte fortalt om at ho gjette i eldre tid.

Natta på stolen var nok meir utsett. I eldre tider var det hegner av stein rundt stølvollen. Innforbi der låg dyra om natta. Var det kjent at det var rovdyr i nærlieiken, gjorde dei opp eld i hegna, og heldt vakt over eld og dyr om natta. Det kunne vera ein lageleg jobb for höringen.

Det kunne også henda at stølsjenta gjorde opp eld på haugane rundt stolen for å halda rovdyra borte.

Det er klart at mang ein höring gjekk dagleg i redsle for å møta udyr. Segner og soger blei fortalte, og leiv-

ningar etter drepne dyr hadde nok dei fleste sett i eldre tider.

Dei eg har snakka med, og som var höringar frå 1913 og utover, sa at rovdyr, det tenkte dei ikkje så mykje på. Dei visste at det ikkje var bjørn i området då.

## OVERTRU

Dette høyrer ikkje vårt hundreår til, stort sett då. Men før var det vanleg å tru at huldrefolket flytte inn i stølshusa om hausten og ut att når stølssdrifta kom om våren. Hulderfolket måtte stellast godt med, elles kunne det gå därleg med stølinga. Det skal ha hendt at huldrer har teke kyr, vil segna ha det til. Ein horing skal også ha blitt bergteken fordi mora ein gong gløymde å seia: «Gå no, son min, gå i Guds namn!» Det høyrer med til soga at höringen kom seg ut or berget att fordi han ikkje ville eta huldrematen.

Overtru har vel mykje med reglar å gjera., kva ein måtte og ikkje måtte føreta seg. Tormod Øvrabø (f. 1857) var ein av dei som kasta stein i Ofretjørna på veg til Berge-stølane. Då ville det gå han betre som horing den sommaren, trudde han.

Etter gammalt skulle ein kasta tre steinar i den tjørna og seia: «Ein for presten, ein for klokkaren og ein for alteret.»

Ein måtte ikkje slå eller skrema dyra. Då ville det bli lite mjølk å få, trudde dei, og kua ville ikkje ta kalv.

Elles er det tradisjon å tru, om ikkje spesielt nemnt i Suldal, at når höringen smidde seg stav, måtte han ikkje få han for bork. Det betydde at då ville det komma rovdyr og få dyr i buskapen.

Brekst stav skulle varsle ulukke.

Overtrua prega i større grad heile samfunnet før. Det kjende nok både horing og stølsjente vel til heimanfrå. Ein skulle alltid ta omsyn til «det løynde», så det blei

vel ikkje noko særleg ekstra omsyn å ta for dei når dei var på stølen. Men kanskje han kunne kjenna seg litt uthygget höringen der han gjekk áleine med dyra dag etter dag?

## BUSKAPEN

Frå gammalt av vår det slik at ingen støl skulle ha fleire dyr enn at stølsjenta og höringen greidde alt stellet áleine. Det kunne difor vera ein strid jobb for höringen den tida han måtte ha ansvar for både geiter, sau og kyr, fram til slutten av 1800-talet. For kyrne likar seg best i flatare lende, mens geitene meir enn gjerne finn seg føde i bergskorar og ulendt terreng. Sauene trivst best ein stad midt i mellom. Dessutan held dei seg vekke frå geitene på grunn av lukta, seier folk som har greie på slikt.

Frå 1890-åra gjekk sauene fritt i fjellet. Höringen kunne då få ansvar for 20–30 geiter og 5–6 kyr.

I mellomkrigstida vart geiteflokkane større og höringen sitt arbeid blei meir knytt til geita.

Sidan det ikkje var så mange dyr av kvart slag før geitestølinga tok til for alvor, var det greiest med ei bjølle for kvart dyreslag. Bjøllekuua blei då leiaren i kuflokken. Same funksjon fekk bjøllesauen og -geita. Bjølla vart då eit samlingspunkt for flokken. Særleg viktig kunne det vera om det var rovdyr i nærleiken.

Det var ikkje tilfeldig kva dyr som fekk æra av å bera bjølla. Dyra lagar seg ein eigen rangordning, og det var lurast å ta omsyn til det når leiaren skulle utpeikast. Men på same tid måtte leiaren ikkje berre vera myndig, men også fornuftig nok til å ta mot ordrar frå höringen.

At bjøllekyr visste godt kven dei var, er det mange eksempel på. Ei dei hadde på Svinstøl «heldt på mjølka» om ho ikkje blei mjølka først. Geitene stilte seg også tolmodig i kø når dei skulle mjølkast, og dei forlet ikkje



Slættefolket skapte liv i heia. Dei som er med på dette bildet frå Raumøro i 1912: Brita Dalen, Kari Kalsabø, Gabriel Roalkvam, Odd N. Roalkvam, Mikkel Roalkvam, Åke Bleskestad og Augun Roalkvam.

stolen før alle var ferdige. Kanskje det var bjøllegeita å takka?

Ute på beitet var bjøllene til svært god hjelp for høringen. Han hørde til ei kvar tid kvar dyra var. Særleg

var bjøllene uunnverlege i skogsterreng der trea stengde for utsikten. Liknande blei det sjølv sagt i skodde.

Seinare då geiteflokkane auka, kanskje til rundt 50 mjølkedyr, var det fleire som fekk bjølle om halsen – men slett ikkje alle. Likevel var det alltid ei av dei som var sjefen.

Verst var det å gjeta i heimeliane. Der var oversikten därleg på grunn av skogen, og der var tallause stader

der særleg geiter kunne stikka seg vekk. Då var det for høringen å gå og leita og kalla. Dei fleste høringar hadde eige namn på kvart einaste dyr i flokken.

Aller verst var det å følgja geitene i skogen etter at dei hadde komme heim frå stølen om hausten. Då fekk dei fart på seg: Første og fremst var dei «ville» etter sopp. Dei flaug frå plass til plass for å få tak i denne lekkerbisen. Og nettopp fordi det var haust, måtte dei gå over lenger avstandar for å finna nok mat.

Men dei flaug lettare om hausten av ein annan grunn også: Om våren vart jura etter kvart tunge og mjølkesprengde. Geitene var rolege og viljuge til å vera med heim til mjølking. Når det hausta derimot, var det ikkje rare mjølkesketten i jura sjølv etter ein lang beitedag. Då kunne geitene bli vrangane å ha med å gjera. I slike stunder hadde ikkje høringen anna enn gråten å ty til der han fortvila sprang omkring og ikkje fekk talet til å stemma.

Oftast var det ei og anna «kreksa» i geiteflokkene, ei som lika å stikka seg bort frå dei andre. For å få tak i saftige ungblad om våren, sopp om hausten, eller berre av rangskap. Mang ein gong kunne høringen lova vondt over slike individualistar: Ikkje eit saltkorn meir skulle ho få av han. Men slike tankar blei fort borte når geita atter var i flokken.

Av og til hende det at kyr kalva eller geiter kunne få killingar ute på beite. Når slikt var førestånde, stakk gjerne det fødande dyret seg vekk. Var høringen oppmerksam i ei slik stund, slik at han fann og tok vare på det nye livet, vart han ljosbarn, og det vanka ein ekstra godbit på han den kvelden.

På fjellbeitet kunne også dyr komma bort. Det kunne vera skodde, eller verst av alt: Høringen kunne gløyma seg bort. Ja, enkelte kunne til og med sovna. Særleg var det utsett når det var kyr som skulle gjetast, for dei beita så roleg og flytte seg så lite. Då ein så rådde or, var

det kanskje ikkje ei klauv å sjå. Då var høge punkt i terrenget gode å ha, som Høringesteinen i Klungtveitheia. Derifrå så ein langt.

Fann høringen dei bortkomne dyra før kvelden, var som regel ingen skade skjedd. Høringen kunne ha det for seg sjølv, det. Einaste var om bonden plutselig fann dyr på åkeren eller i ekra. Det ville han ikkje ha noko av, han som hadde leigt høring nettopp for å hindra slikt.

Dersom høringen mangla dyr når det stunda mot kvelden, var gode råd dyre. Høringen var stolt i yrket sitt han som få andre. Dessutan ville dei ikkje lika slikt dei som venta, klare til å mjølka. Reaksjonane kunne vera så ulike. Men var det til dømes rovdyr i nærlieiken, kunne det henda stølsjenta var like redd som sint då ho ifølge Sigurd Sandvik (f. 1913) sa: «Eg skulle brekt ris og dengt deg!»

Det gjorde ikkje ho den gongen, men det var *det* mang ein høring kunne venta i slike tilfelle. Eitt var at dyra kunne verta utsette for drap eller uhell. Men gale var det i alle høve at mjølkedyr var for lenge borte, for då kunne dei bli avgjelde før tida – mjølkemengda avtok.

Dyra kunne tumla seg uti myrar eller urder eller dei kunne gå seg fast i fjellet – gå i skorfeste.

Høringen sette mykje på spel for å få dyra or feste sjølv. Han tykte vel det var han som var skuld i at dei hadde hamna der. Hadde han berre passa betre på!

Så var det til å klyva i bratte, kanskje våte berget, utan tau eller sikring på nokon måte. Fekk han ikkje dyra ned, måtte mannsfolk hentast lange leier frå. Folk han knapt kjende. Nei, han gjorde det som stod i hans makt, så fekk det bera eller brista...

Albert Moe (f. 1920) fortalte om eit slikt tilfelle frå først i 30-åra. Han følgde ikkje geitene om dagen. Han skulle berre henta dei heim for kvelden, og der så han



Besøk på stølen. Prestastølen under Mehus i 1929. Dei som er med: Eldrid Mehus Fisketjørn, Pauline Mehus Nerheim, Magnus T. Lunde, Nils N. Mehus, ein ukjend, Øystein Lunde og Anna Mehus Heggland.

to som såg ut til å stå i skorfeste. Han hadde stor respekt for stølsjenta, så geitene måtte han ha med seg til støls, kvar klauv, elles var han ikkje sikker kva lagnad som venta han. Han klauv opp, og geitene hoppa ned til dei andre. Men då høringen også ville ta snarvegen ned, var

det han som vart sitjande i skorfeste. Oppover kom han ikkje, og nedover gjekk skora over i stup på alle kanter. I enden av skora var det eit smalt, djupt djuv. På andre sida var det ei skor som førde ned.

Han sat ei stund, berrføtt, i duskregnet og tenkte: Når vil dei komma og leita etter meg! Kvar vil dei komma? Best som det var spratt han opp, tok så lang rennerefart skora tillet og spende ifrå. – Han fekk tak med fingrane i nokre grastorver på andre sida.

Som vanleg kunne han komma til støls med alle geitene til rett tid... Men minnet om minuttane i skore vil han aldri gløyma.

Det var sjeldan dyr var sjuke. Medisin til slikt bruk var der endå mindre av.

Jurbetennelse som mjølkedyr nå til dags kan vera utsette for å få, det var så og seia ukjent. Dyra gjekk på «det naturlege», gras og ikkje kraftfor. Dei vart mjølka av menneskehender, ikkje av maskiner. Kanskje det var grunnen?

Men det hende at ei geit kunne brekka foten. Då var spjelking ein muleghet som aldri vart uprøvd. Det kan vel ikkje kallast sjukdom, men ein høring fekk ein gong oppleva at ei kjælen ku plutselig åt opp skinnhuva hans. Han såg etter henne ei tid, men fann henne aldri att.

Om høringen følgde buskapen om dagen eller ikkje, så var han så mykje i lag med dei at det oppsto eit slags vennskap. Det vart mykje moro av det. Særleg geitene kunne vera både oppfinnsame og leikne. Namn fekk dei då både etter utsjånad og oppførsel. Kyrne hadde namn frå før.

Der fanst spesielt lurne geiter som ho som likte så godt salt. Denne geita var av ein flokk som kom heim sjølv til kveldsmjølkinga. Då dei kom i småflokkar, fekk dei salt på ein stein etter kvart. Denne geita var alltid i første flokken. Då saltet var oppete, stakk ho av att, kanskje berre bak nokre steinar for så å komma til støls att med neste flokk. Klart det blei moro av slikt!

Å fletta geiteragg var også eit tidsfordriv. Til slutt hadde ikkje geitene ragg, men tallause fletter som hang og dingla. Det kunne gå sport i å finna ut kva for ei geit som vart finast.

Mikkel Austaraa (f. 1876) skriv at dei hadde ikkje klokke på stolen i hans tid. I klart ver var det greit. Då merkte dei seg kvar sola stod i forhold til fossar og fjell, og dei såg på lengda av skuggane. Men i overskya brukta

Mikkel geiteauga til å finna ut kva dagen leid: «Det svarte i auga blei avlangt om kvelden. Om morgonen var det rundt.»

Dyra blei venner. Ein kunne tykkja synd i seg sjølv mang ein gong, men jamen kunne ein tykkja synd i ei geit også der ho stod og hykte seg inntil ein stein for ikkje å få det kalde regnet rett inn på skinnet. Vått ragg hjelpte lite i slikt ver.

## VERET

### Høringestev

Å huttet! D' e' vondt å gjæta  
ut i uver å ut i væta.  
Ut i uver å ut i slubb;  
å nei, eg gjætte 'kje dagjen ut.

(Etter Sveinung Ørekvam, f. 1854.)

Torever har alltid fasinert meg, sa Kleng Vaarvik (f. 1906). Få vera ute når naturen verkeleg slo på storstromma, det var imponerande, meinte han.

For høringar flest var torever det dei likte minst, Dyra vart urolege og høringane halvredde. Dessutan var det dei harde regnbygene som følgde me.

Ingen av dyra lika for mykje regn. Særleg geita fann seg fort ein plass i le for veret. Høringen vart gjenomvåt og kulden kom krypande om han måtte stå for lenge i ro, i alle fall haustadagen.

Betre gjekk det å gjeta geiter i småregn. Då gjekk dei og beitte, og høringen heldt seg varm ved å følgja dei. Det er geita sin natur det – gå og eta. Kresen er ho, og ho ser alltid noko betre lenger borte.

Men når ho begynte å gjorta, la hos seg ned, og høringen måtte venta.

Kyrne var meir i ro også når dei gjekk og beitte. Dei som ikkje følgde dyra om dagen, men var av og

henta dei i kveldinga, fekk og merka at regnet hadde sitt å seia. Då kunne det henda dei måtte leita både vel og lenge bakom steinar og under hellarar og user før dei fann alle.

Uversdagar auka áer og bekker opp. Dyra kunne vera vanskelege å få over der dei tidlegare gjekk utan å laga vanskar. Kyrne var ikkje så redde. Det var verre med dei mindre dyra - og höringen. Jon Moe (f. 1921) meiner det var det faste taket hans i kuhalen som redda han frå å bli teken av flaumen ein gong. Fötene hans hadde ingen kontakt med botnen...

Etter ein slik dag var han ikkje rare karen til å mjølka, kald og valen som han var på hendene. Men han måtte til. Drog litt i spenane og varmde seg på juret innimellom. Når det så auka med mjølk i bøtta, var det å sjå seg godt rundt, og så kanskje lura hendene ned i den lunka mjølka.

Sol og varme sommardagar var heller ikkje berre av det gode. Då var det insekta som var plaga. Kubrems stakk og la egg under skinnnet på kyrne, og dei sprang med halen i veret, skjena som det blei kalla. Så bar det ut i nærmaste vatn, om det var eit. Vart ei ku stukken, var det nok. Då blei alle like skremde. Dyra blei urolege, og mjølkemengda kunne minka merkbart i slike godversperiodar. Derfor var det ein fordel å gjeta høgast muleg i fint ver. Der var det mindre insekt.

Etter ei tid fekk kyrne byllar med larver i. Dei kunne det vera interessant å klemma ut for höringen. Ja, stølsjenta var med ho også. Dei brukte å smørja byllane med tran, tjøre, eller smolt, eit oppkok av tjøre og talg. Men best av alt var hundefett.

## AVKOPLING OG LEIK

Höringen hadde god tid til å tenkja eller drøyma på dager buskapen gjekk roleg og beitte, eller låg og hjorta.

Men det var farleg å setja seg ned for lenge, då kunne svevnen komma. Lengtinga kunne gjerne gå over i draum om betre tider. Kanskje han kjende nokon som hadde reist til Amerika og blitt rike! Det kunn han og gjera ein gong...

Kva skulle han bli når han blei stor? Ja, først og fremst måtte han vera ein god horing, slik at dei gav han ein god attest. Kanskje dei ville ha han att neste år også? Då ville vel mor og far verta stolte av han?

Ein horing hadde alltid kniv, og den var flittig i bruk. Stav måtte i allfall lagast noko fort. Ja, det kunne bli mange stavar i løpet av sommaren, den eine finare enn den andre, tilkrota og utskorne. Borken var gjerne avteken i spiral nedover, i allfall i seinare tid.

Var det tre i nærleiken tok höringen seg gjerne ein sving for å sjå etter lageleg stavemne.

Staven blei brukt i gjetinga, men også til å slå ormar med. Slike dyr ville ein helst sleppa å møta. Særleg i skogsterren var det höringer som gjekk i otte for å treffa på orm for kvart steg dei gjekk.

Kniven kunne brukast til å flekkja never med også. Av nevra blei det laga hattar eller neverskrukker til å plukka bær i.

Kom ein framom ei løe eller eit stølshus, måtte ein skjera inn namnet sitt, om der var plass. For det hadde mange gjort før. Spesielt kjekt var det å finna att far sitt namn. Her hadde han og vore horing. Ein kjende seg litt meir heime då.

Namn var skorne over alt, fine svingete kunstverk ved sida av barnslege trebokstavar. Til og med oppå bordplata i stølshuset var det plass for signaturar, har det vist seg.

Over tregrensa var det mindre mon i kniven. Då kunne ein mura vardar. Springa rundt omkring og finna fine steinar. Vardane kunne vera gode å orientera seg etter seinare.



Dette er det einaste bilde vi har funne der det er spesielt nemnt at det er med ein høring. Olaf Karlsen skal vera høring her på Nyastolen i Guggedalsheia under krigen. Kari Rossemyr var budeie og på trappa framfor «den gamle hytta» står Thorbjørn Guggedal.

Utpå sommaren var høringen godt trent. Han kunne springa fort, hoppa frå stein til stein i rasande tempo. Så sprek har eg aldri vore før, kunne han tenkja.

Ein dag kunne han vera langt, langt avgarde frå stølen. Så langt at tanken kom smygande: Her har kanskje ingen menneske sett sin fot før. – I alle fall ikkje akkurat på *denne* steinen...

I tjørner kunne ein komma over rumpetroll eller froskar som kunne vera forvitnelege å studera ei stund. Var vatnet ikkje altfor kaldt, kunne ein bada litt. Kanskje så smått læra å symja? Slapp høringen å følgja dyra heile dagen, hadde han kanskje tid til å laga ein båt av ei trefjøl, setja på neversegl og ror og sigla i stølsvatnet.

Omstreifarar, rømlingar kanskje, eller fantar. Særleg i Bråtvitheia kunne ein ofte sjå slike sidan ferdavegen til Setesdal gjekk der. Høringane ville helst ikkje komma dei for nær. Som oftast gjorde dei ikkje noko gale. Men det gjekk gjetord om Maglafanten. Han farta i Hjelme-landsheiane, sannsynlegvis også i våre heiars rundt år 1800. Han livnærte seg mellom anna av å tvinga nista frå høringar.

Mykje trivelegare var det å få besøk frå bygda. Det kunne vera bonden som kom med klovhesten, og det kunne vera jegrar om hausten. Om det var lite med rom og senger, så var det alltid plass til alle som bad om husvære natta over. Slattefolka var og årvisse i heia. Høringen fekk kanskje i oppdrag å gå med mat og drikke til dei.

Men det som var aller mest spennande var når det kom friarar til stølsjenta. Utover laurdagen kunne høringen merka om det var ein velsedd friar som var

ventande. Då kunne kanskje jenta stella til både fløytekolla og smørgraut om ho var aldri så knipen med smøret til vanleg.

I kveldinga fekk så høringen streng beskjed: Legg du deg ikkje til å sova nå med ein gong, så skal du få juling i morgen! Slike trugsmål gjorde sjølvsagt det heile berre meir spennande. Høringen ville gjerne følgja med på kva som blei sagt og gjort i slike situasjonar, han.

Men augneloka vart som oftast for tunge...

## LØN

Så kom då endeleg hausten og Bufaredagen, den dagen stølsfolk og buskap flytte frå stolen. Dette var som regel ein laurdag i midten av september. Då vart det sett fram mykje god mat på bordet. Reine festen var det.

Så gjekk det mot slutten med høringen sitt arbeid etter eit år. Det stod berre att å løna han, og han tok takknemleg mot det han fekk.

Eller han kunne røva lomereir på ein holme, eller fiska. I stølshuset kunne det etter kvart finnast bøker og vekeblad, om ein orka å lesa då.

Var ein så heldig at ein fekk tid til å vera litt saman med ein annan høring, då kunne dei finna på mykje moro. Kappast om kven som greidde flest steinar inni Kasteglovro. Eller dei kunne spela kort, Rakkar for eksempel.

Somme lurte seg til å med til å ta ein blås. Jon Moe (f. 1921) fekk sigarettar av turistar. Andre laga seg tobakk og pipe sjølve...

Når det leid på sommaren, kunne ein finna molte i heia, og så var det blåbær og tytebær utover hausten. God mat, og tida gjekk.

Så kunne ein gå og sulla og syngja og smårima for seg sjølv og dyra. Eller syngja for byfolk som Nils Moe (f. 1906) gjorde. Då vanka det betaling og. Då som-

maren var slutt hadde han «ei taske full av tioringar».

Ja, ein gong hørde ein lokkar som denne Ijoma i fjella:

## Geitelokk frå Suldal

Hev du set noko til geiterne mine  
I fjelli dei bita,  
Og fyre fer ho Kvita.  
Mi Duva og mi Dokka,  
Gulltaar og Kvitenhaar;  
og etter dansar ho Lykla....

(Etter Kr. S. Sydnes)

I vårt århundre auka det på med turistar, eller byfolk som dei vart kalla. Treffa slike i fjellet var ei kjærkommen avveksling. Dei hadde med seg kikkert som høringen kunne få sjå i, og dei bydde på sigarettar og andre bysaker.

I eldre tider var det anna folk ein kunne møta på: Høringen har så langt vi veit alltid fått maten. Det var vel også hovudgrunnen til at foreldra sende barna sine på gjeting. I tidlegare tider fekk dei truleg heller ikkje så mykje meir enn mat.

På førstninga av 1900-talet var det vanleg at høringen fekk sko og dress (jakke og bukse). Dette kunne vera brukt, men skulle guten konfirmerast, måtte alt vera nytt.

Etter kvart vart det meir og meir vanleg med rein pengeløn. Først i 30-åra låg sommarløna på rundt 50 kroner. Det kunne henda også då at noko av løna blei gitt i klede. 40 kroner og eit sokkepar er eitt eksempel.

## AVSLUTNING

I innleiinga vart desse spørsmåla stilte:

Kven var høring og korleis hadde han eller ho det i



Kanskje er det ein høring vi ser her og. Ola Aasheim saman med Sofie Dale og Sofie Sandal ved Svultanuten i 1928.

det daglege strevet? Har høringen sine plikter endra seg fram gjennom tidene? Når og kvifor blei det slutt på gjetinga i Suldal?

Ut frå det eg har funne ut, skulle svara bli følgjande om ein trekkjer dei store linjene:

Kven?

Høringen i Suldal var ein gut frå fattige kår, 8-15 år gammal. Det er svært sjeldan ein høyrer om at jenter var høringar før i 1920- åra.

Korleis hadde høringen det?

Sidan høringen oftast kom frå fattige kår, var kleda så som så. Det kunne vera mange, lange og kalde dagar i løpet av høringetida, frå tidleg i mai til slutten av

september. Maten var som regel god om han kunne vera einsidig grunna på mjølkeprodukt.

Arbeidsdagen var lang. Det var tidleg opp og stup-trøytt i seng.

Pliktene.

Før 1900 måtte høringen følgja dyra heile dagen, hovudsakleg på grunn av rovdyra. Men det har alltid vore høringen si oppgåve å styra dyra ut på beite om morgonen, og syta for å få dei tilbake til mjølketid om kvelden.

Høringen har og vore med å mjølka.

I vårt århundre har dyra stort sett gått åleine på beite om dagane. Då fekk høringen fleire oppgåver på stolen: Røra i ystekjelen, kinna smør, vaska kar og kjerald, bera vatn og ved og gjera anna arbeid stølsjenta sette

han til. Midt på dagen blei det gjerne tid til litt leik også.

Sidan høringen sine oppgåver endra seg så pass mykje etter århundreskiftet, fekk ofte han eller helst ho, namnet «lag» utover i 1930- åra.

Kvifor vart det slutt med å ha høringar?

Høringen hadde vore gjetar i fleire tusen år då det etter kvart vart slutt på at han følgde dyra heile dagen. Denne endringa skjedde for snart 100 år sidan, og då fekk han andre oppgåver.

## KJELDER

### PRENTA KJELDER

A. Bøker.

Boka om heiane. Grøndal. Oslo 1982.

Artikkelen: Einar Solheim Pedersen: Stølsbruket i heiene. Hellemo, Lars: Frå det gamle arbeidslivet. Boksentralen. Oslo 1957. 157 s.

Hoftun H.M.: Gamle Suldal. Suldal kommune. 1981. 719 s.  
Hoftun H.M.: Suldal kultursoge. Suldal kommune. 1981. 430 s.  
Reinton, Lars: Sæterbruket i Noreg 1. Oslo 1955. 481 s.  
Rogaland i manns minne; Det Norske Samlaget. Oslo 1970. 193 s.  
Sletto, Olav: Per Stavlang. Det Norske Samlaget. Oslo 1979. 240 s.  
Solheim, Svale: Norsk Sætertradisjon. Oslo 1952. 720 s.  
Veka, Johan: Liv og lagnad i Suldal. Stav. 1944. 144 s.  
Vår nære fortid: Det Norske Samlaget. Oslo 1970. 195 s.

B. Årbøker

Rogaland Historie- og ættesogelag: Ått og heim 1980.

Artikkelen: Jon Bergsåker: Då sauven vart mjølka i Rogaland.

Rogaland folkemuseum: Frå bygd og by i Rogaland 1963.

Artikkelen: Johan Hovda: Slik var det i fjellbygda.

Lars Hellemo: Stev og visediktning i Suldal.

Stavanger Turistforening:

Årbok 1928

Artikkelen: Jakob Roalkvam: Stølsdrift i gammel og ny tid i Rogaland.

Johan Veka: Gamalt ifrå Suldal.

Årbok 1942

Artikkelen: Svale Solheim: Til soga om sæterbruket.

Johan Veka: Stølsliv i Ryfylke før og nå.

Årbok 1955

Artikkelen: Jon Moe: Fjellgarden.

Utover i vårt hundreår var det etter kvart fleire og fleire som slutta med støling. Først i Nedre Suldal.

Kyr og geiter vart sende til Røldal om sommaren, og det blei ikke bruk for høring.

Etter krigen var det få som ennå stølte, og enda ferre hadde råd til å leiga hjelp. Derfor blei det helst gardsfolka sjølve som stod for både stølsjenta og høringen sitt arbeid fram mot slutten på all støling i Suldal i 1959.

Dermed var høringen si lange soge slutt i Suldal.

### Årbok 1976

Artikkelen: Arnvid Lillehammer: Bråtvitgarden.

### Årbok 1978

Artikkelen: Einar Solheim Pedersen og Oddveig Foldøy Solli: Stølsbruket i Ryfylkeheiene.

### C. Avisartikkelen

Stavanger Aftenblad 10.08.1982: Til gards med bører på rygg.

### UPRENTA, SKRIFTLEGE KJELDER

Hallvard M. Hoftun si private samling.

Minneoppgåver om gjeting i Suldal, skrive av:

Mikkel Austaraa (f. 1876)

Marie Natskár (f. 1893).

Frå dei private arkivet «Sætrar og sæterbruk i Noreg».

Johan Veka sitt bidrag frå 1936.

### MUNNLEGE KJELDER

H: Høring	Hallvard O. Hoftun	H
L: Lag	Kari Madland	S
S: Stølsjente	Albert Moe	H
Lars Bakka	Jon Moe	H
Magnhild Bakka	Nils Moe	H
Åsmund Bakka	Marta Solheim	S
Valborg Berge	Odd Stråpa	
Ingeborg Bråtvit	Ingrid Tveit	
Lars Gauthun	Lars Vaage	H
Daniel Hoftun	Kleng Vaarvik	H
Hallvard M. Hoftun		

TERJE BRÅTVEIT, 38, er lærar på Nesflaten skule i Suldal.

*Bøkring er tradisjon i Ryfylke og ein del av den fjordkulturen vi har å ta vare på. Alle foto i denne artikkelen ved forfattaren.*



# Bøkning på Ropeidhalvøya

AV SIRI ALBERTSEN

På Ropeidhalvøya i Ryfylke har det opp igjennom tidene vore mange bøkkerar. Dei har laga tønner for ulike formål, men mest til sildesalting.

Nå er det ikkje så mange igjen her i landet som kan laga tønner av tre. Men på Ropeidhalvøya finst framleis fleire som meistrar dette handverket.

Imidlertid er det med bøkning som med fleire andre tradisjonsrike handverk, at dei står i fare for å forsvinna etter kvart. Sidan dette handverket har spela ei viktig rolle her på staden i lange tider, er det viktig å ta vare på den kunnskapen bøkkerane sitt inne med.

I denne artikkelen vil du møta ei jente som heiter Janni. Ho er 15 år, og bur utanfor Kristiansand. I sommer var ho på ferie hos besteforeldra sine. Dei bur i Høyvik i Suldal.

Det er Janni som fortel om det ho finn ut i sommaren. Ho er nemleg interessert i alt som har med snekering og tresløyd å gjera. Heime er ho med i ein klubb som driv med slikt, kalla «T.T.» Det står for «Ti Tommeltottar». Klubben har ein arbeidsperm, der dei samlar på mønster, arbeidsforklaringar og anna informasjon. Det er i denne permen rapportane hennar skal enda, slik at dei andre i klubben kan lesa og læra om dei vil.

Den personen som Janni får møta og læra av, er Ola

Korleis kan me gjera det? Det kan gjerast ved å skriva kunnskapen ned, ta bilete og laga teikningar slik eg har gjort. Men eg er viss på at om vi snakkar med bøkkerar og prøver å læra litt av det dei kan, held me kunnskapen ved like på ein levande måte. Og det er den beste måten å ta vare på han på.

Eg håpar at denne artikkelen, kan bli til hjelp og inspirasjon for nokon som vil vera med å halda liv i ein viktig del av den kulturen som høyrer med i miljøet på Ropeidhalvøya.

Persson. Han kan fortelja om bøkning og visa korleis tønnene vert lagde. Han er, slik sett, ein representant for den kunnskapen som finst på Ropeidhalvøya innan bøkkerhandverket. Personen er oppdikta, fordi informasjonene dette heftet bygger på, er henta hos fleire personar. Det same gjeld skildringa av verkstaden og miljøet rundt.

## OLA PERSSON ER BØKKER

Eg er på veg til Ola Persson. Det er ein mann i 60-åra som bur nede ved sjøen ilag med kona si. Han er ein av dei som kan laga slike fine tønner. Han er altså bøkker.

Eg kan fortelja at rundt huset er det ein liten hage. Ikkje med grasplen og rette bloma-bed, men med mose og gras innimellom fjellknausar og nokre lauvtre. Det er planta nokre frukttrær på eine sida av huset. Ein stabel ved er lødd opp innmed ei berghylle. Blomane sine har dei i ein slag baljer laga av tre. Alt ser fint og velstelt ut.

Nå sett eg sykkelen frå meg ved gjerdet, tar veska med skriveblokka med meg og går opp mot huset. Eg kikkar rundt hjørnet. Rett fram ser eg ned mot sjøen. Der er ei brygge med eit stort hus på.

På døra heng eit skilt med namna til ekteparet Persson.

Eg bankar på. Kjenner at eg er litt spent. Bankar igjen, lyttar; jo, eg kan høyra skritt i gangen. Eg går eit steg ned, akkurat idet den blåmala døra opnar seg, og ein høg, mørk mann kjem til syne. «Jaså... goddag», seier han. «Hei, eg er Janni», svarar eg og rekk fram handa. «Berre kom inn», seier han – som altså er Ola Persson – og visar meg vegen inn i stova. Der sitt kona, med briller på, og med avis på fanget. «Hugs nå at ho må få lefsa og saft», minner ho Ola på.

«Me går ut i kjøkkenet, me. Værsågod, sett deg, så skal eg finna någe å bita i. Korleis gjekk turen?» Eg fortel om båten til Bestefar, at det gjekk såvidt å legga sykkelen oppi, at eg fekk hjelp av nokre guitar ved brygga attmed butikken.

Eg et lefsa og drikk saft mens Ola sitt med ein kaffekopp. «Ja, Bestefar din fortalte at du var interesserte i desse tønnedn. Veit du kva dei vart brukte til før i tida? – Det var sild, det. Salte sild. – Eller spekesild, så mange seie. – Du har vel ete sild?» «Ja-a-a», seier eg, men er ikkje heilt sikker. Det er visst heller ikkje så nøyne, for Ola har meir å fortelja:

## SILDA VAR VIKTIG

«Eg har nå i alle fall ete mørke sild i mi tid. Det var

kvardagskost før, med sild og poteter. Det var rimeleg å kjøpa sild då, for det var så veldig mørke av ho. Det var eventyrlege mengder med sild så blei fiska utføre kysten av Norge. Båtane kom søklasta inn til plassane der dei tok imot sild, både i byane og andre stader. Det glinsa og skein tå sølv då dei heiste silda opp i svære kummar på land. Så for dei ut på sjøen igjen for å fiska meir.

Då veit du det var nødvendig å ha folk te' å ta imot all den ferska sildå. Det var arbeid for de fleste då, både mannfolk og kvinnfolk – ja, gjedna ungjenter, og. Sildå måtte saltast med ein gong, sko' det bli god nok vare å eksportera te' utlandet. Og då måtte dei ha tønner, ser, du, te' å salta sildå i.

Eg skjønar at Ola no er komen fram til det som verkeleg er viktig for han. Og det som eg har kommet for å læra om. «Har du selt tønner til sildesalting, då?» «Eg har sakta det. Ikkje så få heller.» «Korleis får du dei til å bli tette?»

«He-he. Godt spørsmål, jenta. Men det e' ikkje lett å svara på det slig i ein fart. Det e' jo sjølve kunsten med tønnedn det, å laga dei tette. Hvis du vil, kan me ta ein tur ned i verkstaden min, så kan eg visa deg litt.»

Eg takkar for serveringa, og følgjer med han ut. På veg ned til det store huset på brygga er det mange spørsmål som svirrar rundt oppi hovudet mitt.

## TETTE TØNNER

Oj! Her var det jamen mange tønner! Eg kikkar inn døra i det store huset. Tønner i høge stablar, tønner i lange rekker. Det duftar godt av ny-høvla treverk. Haugar med høvelspon ligg på golvet attmed ein stor, rund maskin. Det går breie reimar opp til ein mekanisme i taket. På ein hoggestabbe står ein gammal fiskebolleboks full av blanke naglar.

Ola samlar seg ein bunke med små, korte bord. Går

bort til eit støvete vindauge der han har ein del verkty liggjande. «Nå skal eg visa deg korleis eg sette opp ei tønna.» Han er alt i gang. «Det e' eit eldgammalt handverk, dette her. Tønner har vore brukte til mangt i umin-



Det er ikkje heilt enkelt å setta opp ei tønne. Det kan fort falle i stavar for ein da.

nelege tider. Men nå e' det ikkje så mange så kjenne teknikken lenger, så den vil vel døy ut me' oss gamlingane. – Nåja; det er rett nok eit par yngre mannfolk her på halvøynå som framleis sele ein del, men det e' ikkje någe stort marked. Plast-tønnedn har tatt øve det mesta.»

Medan han har snakka, har Ola «trylla» fram ei tønne! Ho er ikkje heilt ferdig, men det er lett å sjå kva det skal bli. Og det rare er at eg ikkje har sett ein einaste spiker! Så eg må berre spørja: «Korleis får du alt til å hengja i saman?»

«Å, eg har øvt lenge, veit du.» Han smilar lurt. Eg kjenner meg litt dum.

Ola går og finn ei lita tønne som er ferdig. «Du spurde jo om korleis eg kan laga *tette* tønner. Nå får du sjå itte om dei verkeleg e' tette, då.» Han borer to hol i botn. Går bort til ein spring og byrjar å fylla vatn i tønna. Det går ei stund før ho er full. Eg ser nøye etter rundt heile tønna, men ingen stader kan eg sjå at det renn vatn ut! «Tønna er visst tett, ja», seier eg til Ola. Han smiler: «Ja, det skal ho vera. Tette tønner romlar best...»

«Men du sko' hørt på «romling» – eller kanskje eg sko' sei' «ramling» – den gongen 'an Kristoffer køyrdé på brygga med eit lass såpestamp! Det gjorde han sjølv-sagt ofta, men denne gongen så hadde någen ungar mast seg te' å sidja oppi på veg neditte. Det gjekk nå både vel og bra det første stykkjet, og guten og dei to småjentedin vinka og lo og hadde det voldsomt løye. Men plutselig fekk pipa ein annan låt. Dei hylte og skreik, og det neste hestakaren høyrde, var eit fælandes brak og ei ramling så meste skremde hesten av. Då han snudde seg og såg, låg der både stampar og ungar ned grøfta, og vognå låg på sidå og var heilt tome.

Ungadn hiksta og grein, men var elles ikkje blitt skadde. Det var ei lukka at det gjekk så bra med dei –

men det gjekk lengje før dei spørde om å få sidja på lasset igjen!»

### Å LAGA EI TØNNE – FØRSTE FORSØK

Eg er hos Ola Persson att. Ringde i dag tidleg og spurde om han hadde tid til å snakka med meg. «Jo, berre kom. Eg held nå på og puslar med eit og anna, men eg har tid te' å snakka litt», var svaret eg fekk. Så fann eg fram ryggsekk og jumper, lasta sykkelen i båten og dro i vei.

Sidan sist har eg kikka litt nærmare på tønna som Bestemor fekk. Eg trur eg skjønar meir nå, om korleis ei tønne vert laga. Men i dag har eg lyst til å finna det ut – heilt skikkeleg!

Me er nede på bokerverkstaden. Ola er i gang med å «stryka stav», som han kallar det. Det gjer han på den store, runde skiva eg la merke til sist. Så det er ein slags høvel, det då. Ola samlar saman dei ferdige stavane og seier han må gå ovanpå for å arbeida. Eg har lyst til å be han læra meg å laga ei tønne, men veit ikkje heilt om eg tør. «Det skulle vore kjekt å prøva å laga ei tønne», mumlar eg. «Javel? Men det kan du gjedna. Du kan bruka den staven eg nett lagde te', han står der borte.» Eg synest eg ser han smilar litt i skjegget då han klyv opp trappa.

Eg ser meg rundt. Kva veit eg no om dette? Eg har jo sett på han Ola medan han har sett saman ei tønne, så eg veit i alle fall så mykje: Ei tønne er sett saman av stavane. Stavane vert heldt saman med tønneband. Det er ein botn i kvar ende.

Borte på plassen der Ola plar stå når han sett tønene saman, er ein låg benk. Han er forma slik at han skal passa til ei rund tønne. På sida heng fire jernringar som han nyttar først, i staden for dei eigentlege tønnebanda. Og bunken med nyhøvla stavar står lent innåt

veggen. – Så kva grunn er det til å nøla? Eg tar Ola sitt store forkle ned frå knaggen og knyter det på meg.

Altså; korleis var det nå han Ola gjorde? Eg tar ein jernring, støttar han mot beinet... finn ein stav bak meg, som eg sett på golvet, inni ringen. Eg slepp han så han vert stående skrått inni ringen. Hentar ein ny stav, som eg sett ved sida av den første. Slik held eg fram.

Jamen, dette var då ikkje så vanskeleg! Nå er eg halvveis rundt alt! Kor mange stavar har eg, tru? – Ein, to, tre ...ti, elleve ... Eg tar den tolvte staven. Plasserer han ved sia av dei andre. No vert det litt vanskeleg å halda alt, men det går! ...Femten, ...seksten ... Eg kjenner at eg er trøtt i den eine armen, men eg vil ikkje stoppa nå! Nei, han Ola skal få sjå!

Der kjem visst Ola ned, og. Nå gjeld det! Manglar berre to-tre ...no ... ein til ...og så den siste ...æsj! Altfor brei! «Prøv med denna», seier Ola, som kom ned nett nå, og som sikkert ser at eg har visse problem... «Ja. Den passar visst... forsiktig nå... lura han på plass innimellom ... ååååå... NEI!

– «Heisan! Der fall det i stavar for deg», ler Ola. Eg stirrer. Framfor meg på golvet ligg stavar og jernring i ein einaste vase, som ein haug fyrstikker i ein giftering. «Men du var jammen god som kom så langt. Hugsar første gongen eg prøvde...» Ola ler høgt.

Eg må smila, eg og. Sjølv om eg er litt skuffa. Det var jo så nær på at eg hadde klart det! – «Kva?» Ola sa visst noko som eg ikkje høyrd. «Eg seier at det hadde jo ikkje blitt någe tønna uansett, for stavane må venda rette vegen, veit du.» Åja. Det var nok det eg ikke visste... Brått kjenner eg kor stiv eg er i armen. – Og ryggen, og!

«Du Ola? Korleis gjekk det, den gongen du skulle setta opp *di* første tønne?» «He-he... åjo; det minnest eg godt. Det var ein liten fjerding eg sko' prøva meg på. Eg hadde jo sitt mokje på 'an far, veit du, og visste godt

koss det sko' vera... Men eg måtte prøva mange gonger, eg, før eg kom så langt så du gjorde i dag. Eg veit det var ein del som hjelpte seg med klesklyper. Dei festa staven til bandet med dei. Men det er någe med hand-

lagjet... ein må øva te' det sete i fingrane, – te ein får det retta snittet med det. Men eg var ikkje rare guten, ein ti-tolv år, kanhenda.»



Når ein set fyr i tønna blir stavane mjuke og tønna kan lettare formast.

#### EKSPERTEN I AKSJON

«La meg visa deg ein gong», seier Ola. «Eg ska' visa deg på gamlemåten, utan dei nye maskinane, for då ser du betre ka så skjer.» Han går bort til benken der eg prøvde meg. «Du fann den rette plassen for å sedja opp tønna. Her har eg adle reiskapene eg trenge rett i nærliken. Så må eg finna stav så e' ferdig strokjen, altså høvla på ein spesielle måte i sidene. Det må vera minst tjue, av litt ulik breidde.


Her e' det endabandet så passe te' ei heiltønna. Det held eg i venstre handa, og legg det an mot beina litt oppforbi knenå, slik at det ligg vassrett. Nå kan eg begynna å fydlia i med stav. Då e' det at eg må sjå te' at den breiaste flaten på kvar stav vender ut mot endabandet.

Nå ser du at eg e' meste ferdige, nå gjeld det berre å finna nett dei to-tri stavane som tilSAMAN fydle tomrommet akkurat.»

Eg ser på Ola. Han gjer dette så fort og greitt. Nå kan han sleppa både band og stavar, for alt heng i hop. Denne gongen skjørnar eg – etter å ha prøvd sjølve – at det trengst mykje trening for å få til dette. «Det er nok ein vanskeleg kunst!» seier eg. «Ja,» svarar Ola. «Men ingen heksakunst! Den som vil, kan læra det.»

«Her ser du dikselen, og detta e' drivaren. Dei e' gode å ha når eg skal驱 på dei andre bandå.» Han tar ein ny jernring, litt større enn den forrige. «Dette kalle me overdrivar. Eg presse det nedpå tønnå slig, med diksel og drivar. Då ser du at staven blir pressa nærmare kvarandre.»

Nå vender Ola tønna opp ned og finn fram ein rei-



*Ein brukar diksel og drivar for å slå banda på tønna.*

skap med eit solid reip som han legg rundt dei sprikande stavane. «Med denne trosså kan eg stramma te', slig at staven blir tvinga ennå tettare sammen, så mørkje at eg kan få lura det andre endabandet nedpå.» Han løyer reipet i trossa og legg ho på plass att.

«Ja-ja. Nå e' me kome så langt. Nå må me fyra tønnå. Te' det brukar me detta fyrejernet. Eg stappar spon oppi - vil du henta litt for meg, der borte ved stryke-

skjevå. Ja, det er nok. Så plasserer eg jernet i gruå her, sete tønne-emnet øve og tenne på øverst i sponhaugen. Det så skjer nå, e' at treyrket blir mjukare av varmen. Då kan eg ittepå lettare驱ra staven samen og få rette formen på tønna.

Det lyser opp i grua. Flammene står høgt over tønnekanten. Eg kan sjå at det er heilt tett mellom stavane i øvre halvdel av tønna, men i den nedre kan eg skimta flammene mellom stavane. Etter ei stund er det berre glør att. Tak og vegger i grua er svarte av sot. På hylla

over gruekanten ligg ein stabel med fyrstikkeskar – bra nedsota, dei og.

Etter ein sju-åtte minutt tar Ola tønna av og driv banda lengre ned mot midten. Mens han vender tønna rundt og rundt, får drivaren velretta slag av dikselen. «Nå får tønnå sin endelege fasong», seier Ola, og peikar: «Bukjen her – den fine, runde formå – gjere at tønnå kan tola mørke. Dette e' ein sterke konstruksjon, ser du.»

«Te' slutt i denne omgangen brukar eg dikselen og «beinkar staven». Det e' for at staven ska' dannar ei beinast mogeleg flata.» Han dunkar forsiktig, og held imot med ei slegge på innsida av tønneveggen.

«I tillegg te' å vera sterke, må jo tønnå vera heilt tette. Då gjelde det at botnane og tønneveggjen sluttar tett sammen. Derfor formar me endane med spesiell handverkty, blant anna te' å laga eit spor te' botnen. Det kallar me «krysset». Te' det brukar eg krøssjernet. Elles e' det tre slag høvlar og ein krumkniv eg har til dette arbeidet.

Kniven brukar eg først. Det e' eigentleg ein bandakniv, med handtak i begge endar. Med den smier eg av det innersta hjørna på staven.»

Nå har Ola tatt på seg eit forkle av tjukt stoff. Tønna hallar inn mot den avrunda benken, og han står ho med beina. Med begge hender drar han kniven rundt, og snur tønna etterkvart. Så tar han ein av høvlane og jamnar den øvste kanten. «Dette kallar eg «oppåhøvelen». Så tar eg «orhoggaren», ein høvel som lagar ei breie, uthola fåra på innsidå av tønnekanten. Kjenn her.» Jo, eg kan både sjå og kjenna at kanten er glatta og runda. Ola byter verkty igjen. «Stemmehøvelen» gjere omlag det same så kniven, men lagar ein lengre skrå på cirka tri centimenter. Nå skal eg laga det sporet eg snakka om, der botnen skal passa inn. Te' det nyttar eg «krøssaren». Så endevender han tønna og gjer dei

fem operasjonane omatt. Eg kan sjå at det er ganske tungt å dra høvlane rundt. Det er sikkert mykje hjelp i at alle høvlane har eit anlegg som følger tønnekanten, slik at spora på innsida vert beine.

Nå kan botnen settast inn. Her kjem dikselen til nytte igjen. Ola løyser litt på endabandet, slår nokre harde slag til han kjenner at botnen er på plass i krysset. Akkurat likt må han sjølv sagt gjera i andre enden av tønna.

Til botn vert tre–fire stavemne plugga eller stifta saman til ei lita plate. Av denne sager bøkkeren ut ein sirkel, litt større enn botnen eigentleg skal vera. Med ein passar rissar han først ein indre sirkel, som er der han ettepå skal spissa kanten på botnen. Den ytre spissen er der spissen – og dermed botnen – skal enda (sjå fig. s. 25).

Nå har Ola ein botnamaskin, som gjer dette i ein operasjon. Han har høge stablar med botnar som er ferdige.

Det siste bøkkeren gjer, er å setta på tønnebanda. Dei han nyttar, er av jern, og er valsaa, slik at den eien langsida er litt lengre enn den andre. Dermed passar det til tønna si runde form. «Me kallar det «å valsaa mal i bandet»», sier Ola. Han finn fram eit band, legg det rundt tønna for å måla den nøyaktige lengda, og slår så i to nagler bortpå ambolten. Naglane er forresten dei eg såg førsté gongen eg var her, oppi fiskebolleboksen. Nå er bandet blitt ein sirkel som er litt vidare nede.

Denne trer Ola nedpå enden av tønna og slår med dikselen til det sitt kant-i-kant med tønnekanten. Så tar han av hjelpebanda på buken. Endå ein ny reiskap finn han fram. «Her ser du «bogskeis'en». Med den skavar eg av litt på utsidå av tønnå, slig at ho blir jamn og fin. Det ville vera sønd om du fekk flis i fingrane når du bere ho på plass! Nå skal eg berre sedja på profilband på bukjen, så e' denne tønnå ferdige.»



*Det er ikkje mindre enn fem arbeidsoperasjonar som skal til for å laga «logg» og «kryss» i endane på tønna før ein kan sette botn i ho. Første operasjon er å brukha kniven for å smi av dei innerste hjørnene på staven.*

Eg må kjenna på tønna; er ho tung, tru? Nei, ikkje verre enn at eg fint kan få ho opp på aksla og bera ho bort til dei andre som står fint stabla. Ho er glatt og fin utanpå, og eg er viss på at også denne tønna er tett!

#### TØNNER ER TRADISJON

Tønnene var viktige opp igjennom heile middelalderen og fram mot år 1900. Dei vart brukte til å lagra mat av mange slag - mjøl, salt, tørka kjøtt, tørka fisk, øl og anna. Derfor har det nok vore mange som har kjent kunsten å laga tønner. Det var sannsynlegvis ein på kvar større gard som laga dei tønnene dei trong i hus-haldet der. Kanskje var det og nokre som gjekk rundt og bøkra på gard etter gard, slik som «bygdabøkkeren» i seinare tider. På 1400-talet byrja dei å salta silda for at

ho skulle halda seg. Til då hadde dei tørka all mat som skulle lagrast.

Mange folk frå Ryfylke fiska sild ute ved Karmøy. I lange tidsbolkar var det eit stort sildefiske kvart år, spesielt om våren. Men i visse periodar vart silda borte. I over tjue år rundt 1800 var det svært lite sild å få. Dette hugsa folk lenge, slik at dei var alltid spende på om silda kom om våren. Frå 1872 til 1884 var silda borte igjen, men på heile 1900-talet fram til 1960 var det råd å få fiska sild utafor Vestlandskysten. 50-åra er rekna for å vera «gullalderen» for sildefisket.

Så lenge det vart fiska sild, var det trøng for tønner. I Haugesund vaks det opp tønnefabrikkar. Dei fekk mykje av stavmaterialet frå bønder som hadde eigna skog, såkalla «stavskog». I mange tilfelle reiste desse bondene inn til Haugesund om vinteren for å bokra. Men det vart også ein del tønneproduksjon innover i fjordane, slik som på Ropeidhalvøya. Dei lagde altså tønnene ferdige og sende dei med båt til Haugesund og Karmøy.

I 1865 var det 19 bokkerar i det tidlegare Jelsa prestegjeld. I 1875 var det 40 som dreiv med bøkring her. Auken viser at mange fann ut at dei kunne tjena pengar på å laga tønner. I 1900 var det 12 på Ropeidhalvøya som kalla seg bokkerar. Mange av desse var husmenn og dreiv småbruk og litt fiske ved sia av. Vi må nok rekna med at mange fleire enn desse kunne laga tønner, i alle fall til eget bruk.

## UTVIKLING I METODAR OG VERKTY

Å laga ei tønne er noko som må gjerast på ein spesiell måte. Det må vera stavar som vert halde saman med ei form for band, og med botn i begge endar. Dette skal vera ein tett behaldar. Men verktyet ein nyttar for å få til dette har endra seg opp gjennom tidene. Stadig fleire

delar av arbeidet har blitt gjort med maskinar.

- Sirkelsaga

Den første maskinen som kom, var saga. Rett nok hadde det vore sag i drift i Kjølvik alt frå 1570. Men det var ei «oppgangssag», som var god å saga bord med, men ikkje særleg god til å skjera stav på. Korleis fekk dei då til å laga stav før sirkelsaga kom i 1880-åra?

Jo, dei «reiv stav». Det gjekk føre seg ute i skogen. Tømmeret vart saga for hand i passeleg lange «buttar». Så kløyvdie dei desse gjennom sentrum. Først i fire bitar, og så kvar av desse i passeleg tjukke stavar. Dette gjorde dei med ein kile som dei slo ned i butten med ei slegge, eller kanskje med baksida av øksa. Dei fire store bitane var kalla «klovningar» eller «skier». Å riva stav var eit slitande arbeid, som kravde mykje tolmod og tid – og grei, rett ved i buttane.

Etterpå «økste» dei stavemnene, det vil seia at dei hogg med øksa så staven blei passe tjukk og jamm. Så måtte dei pussa kvar stav, og så vart han lagd til tork. Seinare henta dei han heim i buntar. Men så kom altså sirkelsaga, som dette sitatet fortel:

«Den småindustrien som har funnest, har særleg vore knytt til bokkerarbeid. Dette arbeidet skaut ekstra fart etter at sirkelsaga kom i bruk i 1880-åra. Fleire sagbruk, bekkjasager og seinare motorsager vart oppsette då, i tillegg til dei tidlegare oppgangssagene, med Kjølviksaga som den største og eldste – grunnlagt som handelssag alt ikring 1570. Bøkring vart drive som attåtnæringspå gardane, og etter kvart vaks det opp fleire små tønnefabrikkar. Denne næringa tok slutt då silda vart borte.»

(Frå boka «Ryfylke, folk og natur», s. 207)

Dette er skrive av ein som hugsa langt tilbake. Det er heldigvis ikkje heilt rett som det står til slutt, at næringa vart heilt borte. Vi har framleis veksemder på Ropeidhalvøya, slik at vi kan sjå og få læra om bøkring.

- Strykeskjeba



*Krysshjarnet er siste reiskapen som blir brukt. Det lagar eit «kryss», eller eit spor, som botnane blir sett inn i.*

Då den elektriske straumen kom til Ropeidhalvøya i byrjinga av 1950-talet, kom det fleire maskinar inn i bokkerverkstaden. Den aller første var nok mange stader «strykeskjeba». Den gjer det til ein grei sak å høvla sidene på kvar stav på rett måte. Dette er eit svært viktig arbeid, avdi det avgjer formen på den ferdige tønna.

Korleis gjorde ein dette før?

Då hadde dei ein innretning som vert kalla «langhøvel».

Det er rett og slett ein lang, flat høvel med undersida opp, sett på bein slik at høvelflata kjem i rett arbeids-høgde. Bokkeren stryk staven langsetter denne, og ser til at sidene vert litt skrå. Dessutan skal staven vera breiare på midten.

- Kryssemaskin

Dette er og ein maskin som gjer arbeidet svært mykje lettare. Alle dei fire operasjonane for å gjera tønne-



*Botnar i stablar ferdige til å settast i tønnene.*

kanten fin og jamn, vert gjort i ein handvending med denne maskinen. I tillegg lagar den krysset.

**- Botnamaskin**

Det var og eit stort arbeid å laga til botnar til ein dags produksjon av tønner. Før botnamaskinen kom, måtte ein saga ut sirkelen så nokonlunde for hand. Deretter var det å nytta bandakniven for å laga kanten spiss og jamn.

Med botnamaskinen vart dette gjort på ein gong.

**- Maskinar til å laga jernband**

Jernbanda kom i bruk her i landet ikring 1895. Bandjernet kom i store buntar frå Tyskland. Bøkkerane på Ropeidhalvøya kjøpte stort sett frå forhandlarar i Hau gesund. For å laga til jernband, trong ein fleire maskinar. Det var ikkje alle som skaffa seg desse, så det var enkelte som lagde band ferdige og selde til andre.

Dei maskinane ein brukte, var ikkje automatiske, men måtte drivast med handmakt eller ein stasjonær

bensinmotor. Det var først *bandsaksa*, der ein kappa jernbanda i rett lengd. Deretter var det *lokkeapparatet*, der to hol vart laga i eine enden. Så køyrast bandet gjennom *bandpressa*, der sirkelen vert litt større i eine sida, slik at det passar på den skrå tønnesida. Det vert og kalla «å valsa mal på bandet». I nokre tilfelle vert og ei *profilpresse* nytta for å få ein bul ut på midten av bandet. Til slutt var det *klinkemaskinen* som klinkar to naglar som held bandet saman.

Kva brukte dei så før dei hadde jernband?

Jo, det var trebanda. Og dei har nok vore brukte i periodar lenge etter den tid, for jernbanda var ganske dyre.

Det var helst hassel, eller «hatl», som vart brukt til å laga treband. Men og pil, hegg og selje var var godt brukande. Det var lite «hatl» å finna på Ropeidhalvøya, så dei måtte ro til andre stader for å spørja grunneigaren og han ville selja «hatleband». Det kunne vera til Ombo, Nedstrand eller Saudasjøen. Dei måtte hogga sjøl, og frakta dei lange stakane heim i buntar.

«Bandstakjen» vart kløyvd i to, av og til i fire. Så, hvis dei skulle ha borken av, smidde dei med bandkniven. Sidan den har to handtak, måtte dei finna ein måte å setta fast «bandstakjen» på. Til dette vart bandkrakken ein nyttig og god reidskap. Den er slik laga at ein kan sitta på eine enden og halda band-emnet fast med ein «pedal».

«Hatilebanda» skulle helst torkast før dei vart brukte. Derfor var det ikkje uvanleg at dei smidde ferdig band nok til heile vinteren, og lagra dei på ein luftig plass. Det arbeidet kunne ta ein til to veker for to mann i ein verkstad der det var to som bokra vinteren igjennom.

Når banda skulle brukast, «møykte» ein dei. Ein la dei i vatn, i ein bekk eller i sjøen, for at dei skulle verta mjuke igjen, slik at dei kunne bøyast rundt tønna.

For å feste banda rundt tønna, hogde ein eit lite hakk

i kvar ende, som passa i kvarandre. «Sveipen» vart denne låsen kalla.

- Drivemaskin

Drivmaskinen er oftast hydraulisk, det vil seja at delane vert bevega med oljetrykk. Den driv banda inn-



Til slutt blir endebandet slått på og tønna er ferdig.

på tønna etter at ho er fyra. Då er veden i stavane myuke, så stavane kan pressast tett saman og bøyast så tønna får den runde formen.

Ein hydraulisk maskin har mykje kraft, og det er nødvendig til denne arbeidsoperasjonen. Korleis fekk dei det til før i tida?

Då måtte dei ha all krafta i armar og hender, og leda ho gjennom dikselen, som dei slo på drivaren med. Slik pressa drivaren banda lengre inn på tønna.

#### - Pussemaskin

Det er nok mange mindre verkstader som greier seg godt utan denne maskinen. Den pussar automatisk tønna etter at botnane er isette. Det gamle verktyet som var og er brukt, er «bogskeisen». Det er ein slags høvel.

Det er verdt å merka seg at alle bokkerane kjenner vel til dei gamle måtane å arbeida på, sjøl om dei no nyttar maskinar. Det gjev sikkert ei djupare forståing for det arbeidet maskinane utfører, og gjer at dei ikkje står rådlause om ein maskin skulle svikta.

### BYGDABØKKEREN

Bygdabøkkeren var ein som gjekk rundt i bygda og hjelpte til med bokkarbeid. Særleg på vinteren hadde mange bruk for ein ekstra mann til å arbeida i bokker-verkstaden. Det var nok og slik at ein bygdabøkker hadde fast avtale med ein verkstad der han kom igjen år etter år.

### KJELDER

Det er viktig at ein er klar over kvar informasjonen vi arbeider med kjem frå. Det vil seia kva for *kjelder* som er brukt. Eg vil no gjera rede for kjeldene til informasjonen i dette kapitlet.

LISTENE for 1950 og 1985 er komne fram frå eit spørreskjema som fire bokkerar på Røpeidhalvøya har svara på. Dei har altså gitt informasjon utifrå minnet, sjølv om det er all grunn til å setta lit til

Han var tidleg oppe, bygdabøkkeren. Verktyet sitt pakka han ned i ein skammel, og denne festa han på ryggen med eit tau. Han «bar i tog», sa dei. Dei sa og at bygdabøkkeren «gjekk på lubb». Dette var om vinteren, og skoylet han hadde – ellere rettare: ikkje hadde – «lubben» var tjukke raggsokkar av ullgarn. Under solen var det sydd på fleire lag med stoff. På denne måten kom foten høgre opp frå snøen eller den kalde bakken.

Ein som kunne hugsa at faren hadde hjelp av ein bygdabøkker, fortalte denne historia:

«Han far kom inn og sa te' mor: Eg ventar bokker i dag, mor. Det e' 'an Paul så ska' koma. Du må nok floffa or kjøkenet, du, så me får plass te' å arbeida. Me kan ikkje ha matlagning her, då. Men kaffibrennaren kan stå. Me vil gjedna ha den «nyssen».

Det kunne vera at bygdabøkkeren fekk seg arbeid om sommaren og. Då blei han gjerne vist til láven, som sto tom på den tida. Der høvde det godt å驱va med bokring. Eit stødig og godt golv var der, og det var svalaste plassen.

Bygdabøkkeren var sjølv-lært, han og. Han hadde lært seg å laga tonner ved å sjå på andre og spørja dei. Han måtte halda seg med verktøy sjølv, og passa på å skaffa seg det nya som kom. Til dømes var ein bandakniv som berre var slipt på den eine sida, ein ny ting.

desse fire personane, er det alltid en sjanse for at feil kan snika seg inn, eller at informasjonen kan verta litt unøyaktig. Men når fire personar uavhengig har hugsa likt, kan me rekna med at informasjonen er temmeleg korrekt. Det er merka av på listene kor mange som har nemnd dei ulike namna.

LISTA over bokkerar i 1900 er laga etter informasjon som er skrive ned i Gards- og Åttesoga for Jelsa. Denne boka er nok mest konsentrert om gardane og folk som høyrd til der, slik at informa-

sjonen om dei som kanskje kom utanfrå og slo seg ned på ein liten plass og dreiv litt børing, nok ikkje er heilt systematisk. Allikevel vil ein slik oversikt ha ting å fortelja.

Men kva er det desse listene *ikkje* fortel? Det er det og viktig å vera klar over.

Dei seier ingenting om kor stor produksjon den enkelte bøkker hadde. Kanskje er det slik at dei som berre er nemnd av ein informant, hadde mykje mindre produksjon i 1950 enn dei som er nemnd tre–fire gonger. Kanskje har det med verkstadstorleiken å gjera. Vi veit ikkje, men i listene har vi eit utgangspunkt for å finna det ut.

I listene frå 1950 er personane sitt fødselsår og gardstilknytning ikkje kjent. I lista frå 1900 er dette med. Dette har med kjeldene å gjera. Gards- og ættesoga bygger på systematisk innsamling av nettopp slike opplysningar. Munnlege kjelder vil ikkje legga vekt på det, men gjerna meir på produksjonsår og type produkt. Det har sjølv sagt og samanheng med at det i 1950 var fleire variasjonar i produksjonsmåtane, i og med at ein del no hadde fått maskinar, og byrja å utvida verkstaden.

Til avsnittet om tønner som tradisjon er informasjonen henta frå Suldal Kultursoge, bindet om Jelsa. Det er eit kapittel om «Handverk og Husflid».

Avnittet om «Utviklinga av metodar og verktøy» og «Bygdebøkkeren» er bygd på informasjon frå dei fire intervjua med bøkerar frå Ropeid-halvøya.

#### LISTE OVER BØKKERAR, SAGER, KAIER I 1950

##### 1. Bøkerar:

Karl Hebnes	Hebnes	Sildetønner, 1/1
Nils Ørestrand	Vintravika	Sildetønner, 1/1 og pakktønner
Johannes Tveita	Tveita	
Ola O. Vatland	Vatlandsråg	1/2-tønner
Ola V. Vatland	Vatlandsråg	1/2-tønner
Salomon Kleppe	Vatlandsråg	Sildetønner, 1/1
Helge Torflåt	Vatlandsråg	1/4-tønner
Henry Lie	Vatlandsråg	Sildetønner, 1/1
Rasmus Lie	Vatlandsråg	1/8-tønner
Martinius Lie	Vatlandsråg	1/4-tønner
Sigurd Slåtto	Vatlandsråg	1/2-, 1/4-tønner såpestamp
Peder Solhaug	Vatlandsråg	Sildetønner, 1/1 og pakktønner
Andreas Solhaug	Vatlandsråg	1/4-tønner
Severin Solhaug	Vatlandsråg	Sildetønner, 1/1
Oskar Vatland	Refsbygd	1/2-, 1/4-tønner

Mikkel Stuvik	Finnvik	Sildetønner, 1/1
Jacob Torsteinbø	Finnvik	Sildetønner, 1/1
Andreas Marvik	Osnes, Marvik	Sildetønner, 1/1, 1/2
Villem Soland	Marviksjøen	Sildetønner, 1/1
Johannes Soland	Marvik	Sildetønner, 1/1
Georg Soland	Marvik	Sildetønner, 1/1
Gustav Fjetland	Marvik	1/8-tønner

##### 2. Sager:

Johannes Tveita	Tveita	tønnestav
Sigurd Slåtto	Vatlandsråg	tønnestav
Lars Jekteberg	Vatlandsråg	
Olaf Vatland	Vatlandsråg	
Johannes Fjetland	Vatlandsråg	tønnestav
Sigurd Haug	Vatlandsråg	tønnestav, tømmer
Nils Holmen	Refsbygd	tønnestav, bord
A. Torsteinbø	Finnvik	tønnestav, bord
R. Finnvik	Finnvik	tønnestav, bord
Albert Stokka	Marvik	tønnestav, bord
Endrev Gryte	Hellevik, Marvik	tønnestav, bord

##### 3. Kaiar:

Hebnes, Tveita, Vatlandsråg, Marvik

#### LISTE OVER BØKKERAR, 1900

Osmund Gudmundson, f. 1826	Bjørnevåg
Jon Jonson Gryte, f. 1858	Clubbestøa under garden Bjørklund
Lars Olson, f. 1814	Jektevik under garden Kjølvik
Trond Jonson, f. 1824	Djupevik under garden Kjølvik
Johannes Johanneson Lie, f. 1858	Vatlandsråg under garden Vatland
Osmund Sjurson f. 1821	Bakkane under garden Kalvik
Torbjørn Samuelson, f. 1861	Kalhagvika under garden Marvik
Nils Vigleikson, f. 1869	Marviksjøen under garden Marvik
Ole Johan Jacobson, f. 1864	Åsareid Ytre under garden Åsarøddalen
Osmund Johan Jacobsen, f. 1871	Ytre Åsarøddalen
Rasmus Johan Jonason, f. 1882	Ytre Åsarøddalen under garden Åsarød Ytre
Ola Olson, f. 1834	Ytre Åsarøddalen under garden Åsarød Ytre

## BØKKERAR I 1985

Trygve Ørestrand      Vatlandsvåg  
Oskar Vatland      Vatlandsvåg  
Nils Holmen      Vatlandsvåg  
Oskar Vatland      Refsbygd  
A. Torsteinbø      Torsteinbø  
Arne Johan Kjølvik      Torsteinbø

Sildetønner, 1/1,  
pakktønner

1/4-tønner

Arne Marvik

Albert Stokka

Osnes, Marvik

Marvik

1/1, 1/2-tønner,  
stampar

---

SIRI ALBERTSEN, 31, er lærar på Sand skule. Ho har tidlegare m.a. arbeidd på Marvik skule. Siri Albertsen er oppvaksen i Fredrikstad.

*Viga-tunet med hagen framfor til venstre på bildet. Dei gamle trea er nå fjerna og hagen er klargjort for nyplanting våren 1990.  
Foto: Bygdaposten.*



# Ny hage med gamle fruktslag

AV ÅSE JENSEN

Til våren vil ein sjå dei første resultata av eit spanande tiltak som Åse Jensen har tatt initiativet til. I samarbeid med Nordisk Genbank vil det da bli planta ut 100 tre med gamle fruktslag frå Ryfylke i den gamle hagen på Viga. I denne artikkelen fortel Åse Jensen sjølv om

bakgrunnen for tiltaket, korleis ein har gått fram og kva som er målet. Frå museet si side trur vi hagen på Viga vil bli ein attraksjon som vil auka interessa for heile tunet monaleg.

«EPLER OG PERER  
DI VOKSE PÅ TRER  
NÅR DE BLER MODNE  
SÅ DETTE DI NER»

Til våren kjem nye planter innafør dei gamle murane i Vigatunet. Det er dei gamle, gode sortene som skal få plass her; og kven av oss som har levte i nokre år har ikkje eit forhold til t.d.

- Sandeplomme
- Rosenstrips
- Knutsvikpære

Våren 1988 sette Sven Randa, bonde, Tor Helge Heggland, bonde, Roy Høibo, styrar v/Ryfylkemuséet, Georg Vika, heradsagronom, Terje Pundsnes, heradsgartner, Håkon Helgøy, frukttdyrkar og varaordførar, Njål Tjeltveit, kultur- og miljøvernsjef, Åse T. Jensen, kulturvernsekretær kvarandre i tale. Spørsmålet var: «Korleis kan vi best få tatt vare på dei fine murane i Vigatunet?»

I den tida bøndene satsa på sjølvberging og sal av overskotsvarer gav kroner i taska og på bok, vart det dyrka frukt og bær her. Plasseringa av hagegjerdet rett utanfor inngongspartiet i hovudhuset, gjer dette eit preg av verdsle og syn for varige verdiar. Bonden i Viga satser på mjølkeproduksjon og sau, og frukt og bær berre til huslydene i tunet. Da er det mest det same kva slag dei dyrkar, berre fruktene smaker godt. Gruppa vart samde om å laga ein ny hage med gamle fruktslag, at murene, flaggstonga og blodbøken skulle få vera i fred og at nye tre skulle plantast inn. Fagfolka i gruppen syntet vegen vidare; – nye og gamle dyrkingsmetodar, dvs. tettplanting og låge tre langs murane og høge stammer og tettare kroner i midtpartiet, noko som vil gje ein gamaldags utsjänad, men òg syna nye tankar i tida for dei som vil gå nærare og sjå tre for tre.

Det vil bli høve til å ta trea nærare i augesyn. Benkar og bord vil bli utsett for dei som ønskjer å vara her ei tid. Frukthagar er alltid like spennande og utvikling er der heile året.

Ein slik samling av gamle fruktslag kan vera verdi-full. Det fekk prosjektgruppa erfare da planleggjinga var vel igong. Heradsagronomen fekk da tilfeldig ei oppringning frå Even Bratbert, tilsett i Statens fagtjeste for landbruket og representant for Nordisk Genbank med hovudsete i Sverige. Konsulenten ville også samle på gamle fruktslag ifrå Ryfylke. Da han høyрte han kunne få plass til å ha trea òg, kom han sporen-streks den lange vegen frå Ås og knytte seg til gruppa. Samstundes fekk formannen for Hjelmeland Bygdamuseum, Trygve Brandal, bygdabokforfattar og frukt-dyrka, sete i forsamlingen.

For å fortelja litt om arbeidet til Nordisk Genbank: Den samler på frø og materiale frå kulturvekstane i dei nordiske landa. Frø vert oppbevart i gruvene på Svalbard;  $\approx 4^{\circ}$  C skal dei ha. Nokre vekster kan ikkje fry-sast ned. Dette gjeld først og framst poteten.

Dei ulike slaga må setjast i jorda kvart einaste år for å halda kulturane i live. Og så er det fruktslaga; dei som driv med frukt veit at kjerna nødvendigvis ikkje vert same sorten som morplanta. Difor må trea haldast levande, og bygdatun er høvande stader til slikt. Her arbeider ein nettopp med å ta vare på gamal kultur og dei verneverdige eigenskapene, og dermed var samar-beidet i gang. Artikkelskrivaren skulle registrera og merka frukttre medan fruktene hang på trea. Heradsgartneren skulle bestemme og velja ut sortene. Det var ein vanskeleg og tidkrevjande jobb. Prosjektet vart pre-sentert i Bygdaposten for Hjelmeland, Suldalsposten og Øy-posten, samt på årsmøtet i Fruktdyrkarlaget, noko som gav best resultat. For sjølv om frukt-dyrkarane har rasjonalisert drifta og satsar på dei sortene mottakarsentralene trur dei får selja mest av, er det fortsatt mange lokale sortar att frå den tida torgsal og levering til fast kundekrets var retningsgjevande. Då solgte dei ikkje gule, grønne eller raude fruktar, eller



I skrivande stund står dei nye trea i potter på Norges Landbruks-høgskole på Ås. Foto: Åse Jensen.

store og små som i dag, men meir bestemte sortar som Gravenstein, Åkerø, Dobbøl Philip og Grev Moltke. Desse namnbestemte sortane var jo store elle små, noko som diplomatisk ikkje vart nemnt, smaken var viktigast, og for fruktdyrkarane galdt det om å ha eit rikt og godt utval samt dekning av frukt for heile året, får dei

tidlege sukkerepla og til dei meir holdbare Bramleyane som vart modne ut på vinteren. Jamvel Omboplomma vart påakta. Ho kom på ei tid da ho rådde markedet åleine og med ei frostnatt eller to var ho riktig god og gav brukbart syltetøy. I konkurransen med t.d. Sandeplomma ville ho ha tapt det litle hovudet ho har, og måtte finna plassen på Norgesglasset, seinhaustes å ein ho rett frå trea.

Kulturvernsekretæren har hatt kontakt med 32 treigarar og har registrert

- 54 sortar eple
- 19 sortar pære
- 12 sortar plomme
- 3 sortar kirsebær
- 2 sortar moreller

Av desse har heradsgartneren smaka seg fram til 52 ulike sortar (Året 1988 sylta ikkje samlaren ein frukt utan at heradsgartnaren hadde smaka på dei først. Resultatet vart prøva på eit utval turgåare i Hjelmelandsvågen som åt opp mest alt i glaset).

Trea som skal plantast ut, er nå på Ås. I vinter vart kvistar henta frå ulike stader i Ryfylke og sende dit. Tru det eller ei - Helgøyplomma har hatt fast plass på denne namngjetne, tradisjonsrike Landbrukshogskulen sidan byrjinga av 60-talet. Kva slags eigenskapar han må ha, som alt stod ferdigpoda og var mottakingskomité for Ryfylkeslektta som vart ekspedert og fekk særhandsaming av Postverket? Han er stor og raud og ein fetter av «den store gule» eller Sandeplomma som forresten er ein d'Oulins. Og Sandeplomma gjer ryfylkingane krav på. Første kvisten vart henta frå Hardanger av Hjelmelandsordførar Christen Selvaag som fekk fram ein sort som slepp steinen og smaker som ein gamaldags sommar - i alle fall topplomma (og ein nemner ikkje at han sprakk i regnvér som soldyrkare gjør).



Det er desse, Vesterheim og Velure på Institutt for hagebruk på landbrukshogskolen, som har hatt ansvaret for å få fram dei trea som nå skal plantast ut på Viga. Foto: Åse Jensen.

## EPLE

ARESKOG  
BEAUTY OF BATH  
BELLE DE BESKOOP  
BRAMLEY  
CHARLAMOWSKY  
COX POMONA  
COX ORANGE  
EITHUNSEPLE  
FLASKEPLE  
FOSSEPLE  
FUTEPLE  
GLADSTONE  
GRANAT  
GRAVENSTEN  
GRENDAEPLE  
HEDLØSBEPLE  
HOFFGÅRDSEPLE  
HOLMEPLE  
HUSTOPP  
HØLJEPLE  
HÅKONSEPLE  
INGER MARIE  
JACQUES LEPPEL  
JAKOBSEPLE  
JERNEPLE  
KAUTANGER  
LA EPLE  
LAXTON SUPERB EXQUISET  
LISA EPLE  
PETER STRUFF  
RIVAL  
ROSENSTRIPS  
SÅRFSTAHOLM  
SANDUNGSEPLE  
SIGNE TILLUSCH  
SLINDRE EPLE  
TORSTBIN  
TRANEKJÆR  
TRANSPARANT BLANC  
VINEPLE

## PÆRER

BROKET JULI  
BOURRE GIFFARD, FALSK  
CHARNEU  
DOBBEL PHILIP  
DUNMORE  
FLESKEPPERE  
GREV MOLTKE  
GRÄMERE  
HARDYPÆRE  
HAUSTBERGAMOTTE  
HESTAVIKPÆRE  
KEISERINNE  
KNUTSVIKPÆRE  
LANG GRØNN HUSTPÆRE  
PERSAMOTTE PERRE  
PRECISE  
SUKKERPÆRE



## PLOMME

FALSEC CLAUDER  
FIRST  
GOLDEN SHIRO  
METHLEY  
OMBOPLOMME BLÅ  
OMBOPLOMME GUL  
OPAL  
SANDEPLOMME  
SWISSEPLOMME  
TRÅNEPLOMME  
HESTAPLOMME

## MORELLER

SANTMORELLER  
DET ER ÓGSÅ REGISTRERT  
FRUKT TRE LITAN NAMN

Liste over dei fruktslaga som er registrerte til nå.  
Original: Åse Jensen.

Vel 100 tre vert det plass til på det vel 1 mål store området. Plantene skal merkast med lokale namn og geografisk tilhøyrigitet, da ein trur dette vil gje eit samla inntrykk av Ryfylke og kan henda verta med på å auka interessa for stader i Ryfylke som tidlegare var sentrale nettopp på grunn av frukt og bær, men nå er for utkantar å rekna. Perlene våre finn vi her. Vanvik t.d. var ein føregangsstad i fruktdyrking med yrande liv og butikk i den tida dei hadde båtanløp. I bratte bakkar vart trea planta – høgare enn hus vaks dei. Plukkarane henta fruktene med livet som innsats. Fall dei ned, var det ikkje til roten av treet, men til foten av bakken. Og restene finn vi i dag. Valnøttreet, som er eit av dei tri slaga Sandveds planteskule averterte i 1898, gjer ein meir innhaldsrik og spanande meny til ekornet, medan eigaren sjølv handlar nötter i moderne varehus i Sauda.

Her finn ein og 100-åringar og vel så det. Gamalmor Eple øvst i bakken kunne jamvel ha fortald at bjørnen stod bak stammen og skremde bort oldemor til noverande eigar. Noko uthola er ho, mest berre mose og bark er att, men fortsatt kjem ho med nye skot og fruktar, mest til glede for dei som ikkje er av edlaste rasen og ser mon i ein makk eller to øg.

Hoffgårdseplet fortel om kommunikasjon på sjø og land. Er det sjølvaste Hjelmelandspresten som har hatt bryet med å forsyna Vanvik med sorten? Kommunikasjonsmønsteret med rutebåtar og eit utall anløpsstader gav dei reisande god tid til å utveksla erfaringar og kvistar.

Somme flytta frå heimstaden og ein vil tru, tok dei beste eigenskapene med seg heimefrå. Foss-eplet har ein sett omskrive som Hardangerfrukt og i Norsk Pomologi vert det fortald at sorten finst i salslistene frå ein planteskule i Sogndal i Sogn. I Ryfylke trur ein frukta stammer frå garden Foss på Skiftun. Bygdaboka følgjer Ola Steen, bror til Store-Jon eller Fure-Jon, ein

original det har gått mange historiar om, frå husmannsplassen Steinbrekkå, rundt forskjellige stader. Etter å ha budd på Fosså/Fossåtre, Åland/Tveita, Foss/Steinbrekkå og Nesvik/Hellebergvik, flytta familién til Fitjar på Stord, der Ola hadde smie. Eine læreguten hans, Johannes Haldorsen starta seinare det kjende Rubbestad mek. verkstad.

Om smeden ikkje var fruktdyrkar, kan ein tru han hadde eplesorten Foss med seg og dela ut med rund hand. Eplet er godt og holdbart lenge utover vinteren.

Botanisk hage vert det – ein samling av ulike sortar frukt og bær.

Ramma rundt er ein vakker steingard, så smal at ein knapt kunne tru noko slikt kunne verta ståande i 100 år.

Ein bekk skal etter planen pyntast opp og gje vitjande nok ei naturoppleving – lydinntrykk i tillegg til synsinntrykka.

– Om vi har bruk for det i ei tid der inntrykka kjem frå supermarketnader og Gatt-avtalar? Høyrt om 2½-åringen som i sommar vart var eplekarten på trea og spurde mora kvifor dei hadde hengt opp dei. Stort eldre bør barn neppe vera før dei skjønar samanhengen i produksjonskjeden.

---

ÅSE JENSEN, 43, er kulturvernsekretær i Hjelmeland med ansvar m.a. for Hjelmeland bygdemuseum. Ho er dessutan medlem i styret for Ryfylkemuseet.

*Eit storhende i meldingsåret var at vi fekk i stand ein avtale om finansiering av ein handverkarstilling ved museet. Det huset som fylkeskonservator Egil Harald Grude her ser bekymra på, er naustet på Viga. Det var eit av dei husa som rett og slett heldt på å ramle ned. Når dette heftet går i trykken er det forbildeleg restaurert.*



# Årsmelding 1988

Ryfylkemuseet har også i år lukkast i å halde eit høgt aktivitetsnivå trass i at driftsbudsjettet har stagnert. Museet arbeider med mange nye tiltak som blir finansiert utanom tilskottssordningen, men slit med tronge rammer for dei ordinære oppgåvane ved museet.

Den største hendinga i meldingsåret var opninga av

nye museumsavdeling i Sauda. Industriarbeidarmuseet i Håkonsgt. 51–53 blei opna for publikum 6. juli. Og vi har seinare inngått ein interessant samarbeidsavtale med Sauda Smelteverk om vidareføring av arbeidet vårt i Sauda.

Elles har arbeidet med prosjektering av siste byggesteg på Nesasjøhuset, som skal bli permanente lokale for dei sentrale funksjonane til museet, kome langt. Statkraft har meldt interesse for planane våre om eit vassdragsmuseum i Suldal. Lokalt i Erfjord har vi fått god tilslutning om ein plan for rehabilitering av Hålands-garden til kulturtun og plass for samlingane til Erfjord bygdemuseum. Vi er med på utvikling av svært interessante planar for eit naturvern-, kulturvern- og friluftsområde på Hustveit i Sauda. Vi har omsider fått løvingar til engasjement av ein handverkar, og vi har greidd å halde fram med den systematiske innsamlinga av fotografi frå Ryfylke.

Men sjølv om vi såleis har mye å gle oss over, og det og mye u gjort. Gjenstandsamlinga er langt frå ferdig registrert eller katalogisert, oppbevaringsforholda for gjenstandane er til dels kritiske, bygningane forfall ras-kare enn vi greier å vedlikehalde dei, feltarbeid for innsamling av ulike slag kjeldemateriale går for smått. Opningstidene ved bygdetuna er for snaue, marknads-

føringstiltaka därlege og skuletenesten langt frå tilfredsstillande. Forsking og kunnskapsoppbygging konkurrerer hardt med administrasjon av museet om arbeidskrafta.

Den prioriteringa av oppgåvane ein har lagt til grunn bygger på ein avtale mellom museet og fylkeskommunen frå 1981. Men intensjonane i denne avtalen er ikkje følgt opp med nødvendige løyvingar frå fylkeskommunen. Våren 1989 vil prioriteringa av oppgåvene bli nøyde vurderte i samband med revideringa av den planen vi arbeider etter.

## ÅRSMØTET

Årsmøtet blei halde på Sand 7. april. Møtet samla 37 medlemmar.

Årsmelding og rekneskap vart godkjente utan merknader. Det blei så orientert om ein del større planar styret arbeidde med, og det blei eit lite ordskifte om desse.

Ei gruppe underheldt årsmøtelyden med folkemusikk frå Rogaland og det vart elles vist ein film om vadmålsstampa på Kvæstad i Suldal.

## MEDLEMMANE

Museet har ved utgangen av året 416 betalande medlemmar. Det er ein tilbakegang på 77 sidan i fjor. I tillegg har museet 44 abonnentar på tidsskriftet FOLK i Ryfylke. Det er omlag som i fjor.

Medlemmane fordeler seg slik på dei ulike kommunane og museumslaga (tala for 1987 i parantes).

Sauda	62	( 69)
Suldal	191	(219)
Suldal museumslag	38	( 40)
Jelsa museumslag	19	( 23)
Sand museumslag	122	(142)
Erfjord museumslag	12	( 14)
Hjelmeland	43	( 57)
Andre	120	(148)
Sum	416	(493)

Dette er første året sidan museet blei regionmuseum at medlemstalet har minka. Det har nok gått litt opp og ned i dei ulike laga før og, men samla sett har det vore ein jamn stigning i medlemstalet like frå 1981 til 1987. Den tilbakegangen som nå er registrert er dessutan svært stor.

Vi veit ingenting om årsakene til dette, da museet ikkje har fått andre signal enn at medlemmane har latt vera å betale medlemspengane sjølv etter påminning. Men kanhende tykkjer medlemmane dei får for lite att. Dei to hefta av FOLK i Ryfylke som er sendt ut i år har vore tynnare enn før, og museet har heller ikkje hatt noen særlege medlemstilskipingar. Kanhende må ein vurdere ei omlegging av informasjonen

til medlemmane og skiping av fleire medlemskveldar, turar o.l. for å halde på medlemmane. Tiltak vedrørande tidsskriftet kjem vi tilbake til under utoverretta tiltak.

I Sauda har ein del av medlemmane vore svært aktive. Mye av arbeidet med dei nye utstillingane i Håkonsgt. 51–53 er utført av medlemmar av museumslaget. Ein har i tillegg fått til eit samarbeid med Sauda Hagelag som tok på seg å ordne med hagen kring huset, og som vil ha eit tilsyn med den også vidare.

Også i Suldal museumslag har noen få medlemmar vore svært aktive og har deltatt med ulike slag arbeid. Museumslaget deltek dessutan i tilskipinga av den årvisse Olsok-stemna på Kolbeinstveit.

## STYRET

Styret har etter årsmøtet vore samansatt slik:

Frå Hjelmeland:

Ola Meltveit	til 1989
Åse Jensen (ny), nestleiar	til 1990
Varamedlem: Ånen Stråbø (ny)	

Frå Suldal:

Børge Skeie, leiar	til 1989
Ommund Berge (attval)	til 1990
Varamedlemmar: Borghild Mo (attval) og Gunnvor Bakka (attval)	

Frå Sauda:

Anne Marie Brekke	til 1989
Olav I. Oftedal (attval)	til 1990
Varamedlem: Lars Viland (attval)	

Oppnemnd av Rogaland fylkeskommune:

Reidun Korsvoll	til 1992
Varamedlem: Ingve Lunde	



*Samarbeidet med Ryfylke kunstlag om drifta av 2. høgda i sjøhuset på Sand har gitt oss mange gilde publikumstilbod. Her underheld trubaduren Svein Tång Wa under opninga av sommarutstilling til kunstlaget.*

#### **Valnemd til årsmøtet i 1989:**

Ola Hauge, Suldal (attval)  
Aslaug Astad, Sauda (attval)  
Knud O. Staurland, Hjelmeland (attval)

Styret har hatt 4 møte i meldingsåret og behandla 32 saker. Det er omlag som det har brukta å vera dei siste åra.

Utanom arbeidet med budsjett-, reknesaks- og personalsaker har styret hatt føre seg ei rekke store saker innafor arbeidsområda bevaring og vidare utbygging og utvikling av museet.

Den største bekymringa har styret hatt i forhold til dei mange og store vedlikehaldsoppgåvene som kviler på museet, og som ein heller ikkje dette året fann noen løysing på. Men i desember blei dei siste, nødvendige vedtaka gjort, slik at engasjementsstilling for handverkar kan lysast ut straks i det nye året.

Arbeidet med ein plan for samordning av museumsstellet i Ryfylke har og vore ei tung sak for styret. Styret arbeider og med fleire store planar for nye tiltak der det i dei fleste tilfella viser seg å vera vanskeleg å sameine eigne behov og lokale ønske med dei økonomiske vilkåra museet arbeider under. Desse vil vi komma tilbake til andre stader i meldinga.

I denne situasjonen er det ei glede å kunne melde at samarbeidsforholda i styret er gode.

## PERSONALET

Det har ikkje vore noen endringar i talet på stillingar ved museet i meldingsåret. Museet har framleis 2 1/2 faste stillingar. I tillegg har ein engasjert ein deltidsmedarbeidar som konsulent ved folkemusikkarkivet og det har vore engasjert ekstrahjelp både ved kontoret på Sand og andre stader.

Desse har vore tilsette eller engasjerte ved museet i meldingsåret:

Roy Høibo, førstekonservator og styrar, 1/1 stilling  
Gaute Berge Nilsen, museumsassistent, 1/1 stilling  
Vigdis Nerheim, kontorassistent 1/2 stilling, fødselspermisjon 1/1-16/10

Bjørg Jorunn Myhre, kontorassistent 1/2 stilling, vikariat 1/1-16/10, deretter engasjert som ekstrahjelp i 1/2 stilling

Ruth Anne Moen, konsulent ved folkemusikkarkivet, engasjement 1/5 stilling

Gro Fremmersvik, reingjeringsassistent, timeløna  
Ommund Berge, tilsynsmann, timeløna

Kari Førre, tilsynskvinne, timeløna

Albert Moe, tilsynskvinne, timeløna

Øystein Randa, tilsynsmann, timeløna

Som vakter eller ekstrahjelp har desse vore engasjerte:

Siri Albertsen  
Ester Marie Bakka  
Valborg Berge  
Sigrunn Jensen  
Marit Møgedal  
Ann Kristin Nilsen  
Live Rasmussen

På Viga har Hjelmeland bondekinnelag tatt seg av både vask og vakthald. På Kolbeinstveit og Røynevarden har Suldal museumslag vore vakt. I Sauda har kulturkontoret stilt vakt til rådvelde.

Tilsaman har museet hatt 17 personar på lønningslistene dette året. I tillegg har vi engasjert ei rekke personar i dei bedriftene som har fått oppdrag i samband med byggearbeida i Sauda og på Sand. Vi har fått utført ein del transportoppdrag, og har kjøpt andre varer og tenester for etter måten store beløp. Det meste av pengane er tilført distriktet utanfrå. Eit museum er såleis ikkje utan betydning som økonomisk utviklingsfaktor i eit distrikt.

## ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Arbeidsvilkåra til museet har dei siste åra vore prega av eit stagnerande driftsbudsjet, og det er nå stor avstand mellom dei oppgåvane museet er tiltenkt som regionmuseum for Ryfylke og dei midlane som blir stilt til rådvelde for å løyse denne oppgåva.

Dette fører til at dei forventningane som bygde seg opp dei første åra etter omgjeringa av museet i 1981 ikkje blir innfridd, og det fører til at ei rekke oppgåver som var forsømte allereide da enda ikkje har funne noen løysing. Dette virkar inn på omdømmet til museet, og gjer at museet ikkje framstår som den naturlege og



*Lene Svendheim gjorde ein jobb vi var svært nøgde med da ho monterte det meste av fotoutstillingen til Industriarbeidarmuseet i Sauda.*

truverdige samarbeidspartnaren vi gjerne ville vera i arbeidet med museums- og kulturvernspørsmål.

Museet har likevel lukkast i å finansiere ein heil del tiltak utanom det ordinære driftsbudsjettet, og har også i år greidd å doble dei samla midlane som har stått til rådvelde. Dette er aktivitetar som i stor grad blir styrt av dei finansieringskjeldene ein ser utveg til å hente

midlar frå. Aktivitetane til museet blir såleis ikkje berre styrt av kva styret måtte meine er dei viktigaste oppgåvene. For utanforståande er det likevel ikkje alltid så lett å skjøne kvifor museet legg i veg med stor energi og tilsynelatande romslege budsjett for å løyse nye oppgåver medan gamle oppgåver held fram med å bli forsomte.

Styret har da også lagt ned stor energi i å arbeide fram langsigktige løysingar på dei grunnleggande oppgåvene til museet.

Arbeidet med ein plan for eit samla museumsstell i Ryfylke er eit av dei tiltaka det er arbeidd særleg mye med. Resultata så langt har vore at det blir vist mye god, verbal velvilje til ideen, og at mange gjerne vil vera med og styre Ryfylkemuseet, men at det ikkje er like stor interesse for å legga eit tilfredsstillande finansielt grunnlag for drifta. Styret har derfor ikkje funne grunn til å foreslå noen endringar i styringsstrukturen enda. Det blir likevel arbeidd med forslag om å opprette eit råd for museet der kommunane kunne komma sterkare til orde enn gjennom det eksisterande styringssystemet.

Styret vil vidare vurdere om det kan vera grunnlag for å bygge opp Ryfylkemuseet som eit kompetansesenter for museumsverksemd og kulturminnevern gjennom sal av tenester. Det blir dessutan arbeidd med ei revidering av den faglege planen for museet. I dette arbeidet ønsker ein å legge vekt på dei ideane som økomuseumfilosofien har utvikla.

Arbeidet med å projektere og finansiere permanente lokale for dei sentrale funksjonane på Sand har vore eit anna viktig arbeidsområde. I møtet mellom praktiske krav, arkitektoniske vyer og ein gammal bygning er dette blitt ein vanskeleg sak, og ein er blitt noe forsinka i arbeidet med innreilinga av huset.

I Erfjord har styret lagt fram ein plan om eit kultur- tun på Håland. Bakrunnen for denne planen er dels å kunne presentere den kjente Målastova på ein betre måte og dels å kunne ta betre vare på dei rike samlingane i Erfjord bygdemuseum. Tunet på Hålands-garden er dessutan interessant i seg sjølv som ein heilskap, og forholda ville ligge godt til rette for aktivitetar retta både mot folk i Erfjord og mot turistar. Planen er blitt positivt mottatt i Erfjord.

Planane om utvikling av eit vassdragsmuseum i Suldal kom eit langt steg vidare da ein i juni fekk positiv respons på dei framlagte planane hos Statkraft. Mei-

ninga var så at ein skulle etablere ei ny gruppe med medlemmar frå Statkraft, Suldal kommune og museet som skulle arbeide vidare med desse planane, men dette har dessverre ikkje lukkast å få til.

Betre lukke har vi hatt i Sauda, der det har lukkast å få til ein interessant samarbeidsavtale med Sauda Smelteverk om vidareføring av arbeidet med dokumentasjon og formidling av historia til industristaden. Avtalen omfattar engasjement av ein stipendiat som skal drive med dokumentasjonsarbeid og samarbeid om ein historisk utstilling om Sauda Smelteverk.

På Viga blir det, etter initiativ frå kulturvernsekretæren i Hjelmeland, arbeidd med spanande planar for restaurering av den gamle frukthagen. I dette arbeidet har ein med seg folk frå landbrukskontoret i Hjelmeland og frå Landbrukshogskolen på Ås. Det er tanken å samle inn materiale frå gamle fruktslag og laga nye aplar som kan plantast ut i hagen. Lukkast det vil Viganet bli eit svært attraktivt museumstun.

På bakgrunn av dei store, uløyste oppgåvene musea strevar med kring om i distrikta, kom ein til å kjenne ei viss uro over dei forventningane til fylkeskommunalt engasjement som kom fram i dei svære medieoppsлага om finansieringa av hus til Hafsten-samlinga i Stavanger. På denne bakgrunnen ba museumsstyrarane ved regionmusea om å få vera med på eit møte i fylkeskulturstyret for å legga fram musea si sak. Fylkeskulturstyret har seinare gjort vedtak om å omprioritere sine midlar slik at fordelinga skal bli noe betre i forholdet mellom Stavanger og distrikta, utan at vi vil tillegge det omtalte initiativet æra for det.

## TILVEKST

Tilveksten til samlingane har i meldingsåret vore større enn på lenge. Dette har samanheng med at vi har gjen-



Også i år kan vi melde om nyoppdaga hus som det viser seg at museet tidlegare har tatt på seg ansvaret for. Denne gongen dreier det seg om ei svært interessant kvern og eit turkehus ved Øystad i Kvilldal. Bildet er tatt under ei synfaring der både kultursjefen i Suldal, Audun Skjelbreid (til venstre), og fylkeskultursjefen, Roald Håland (bak i midten), er med.

nomført eit par målmedvetne innsamlingsaksjonar for å få tak i gjenstandar, men det har og kome inn ein heil del materiale dette året utan at vi har spurt om det.

Den største tilveksten har vi fått i samband med innsamlinga av inventar og utstyr til industriarbeidarmu-

seet i Håkonsgt. 51-53 i Sauda. Responsen på våre ønske om gjenstandar har vore overveldande, og miljøutstillinga frå 1920-åra blei svært bra.

Vi har dessutan fått inn ein stor gjenstandsmasse frå Ulla-Førre-anlegga med tanke på eit framtidig vassdragsmuseum. Dessverre lukkast det ikkje å løyse ut større «nøkkelenstandar» frå anleggsdrifta, og det var også ein del anna materiell vi hadde på ønskelistene våre som forsvann i samband med avviklinga av anlegget utan at vi kom bort i dei.

Dei som har gitt ting til museet i år er følgjande:

Statkraft, Ulla-Førre-anlegga, Else Fremmersvik, Rasmus Olaf Vidvei, Jenny Nielsen, Sand Apotek, Kjell Nielsen, Grete Holmboe, Rasmus Steine, Sauda AUF, Sauda Bok og Papirhandel, Statsarkivet, Kari Hauge, Kaspar Nilsen, Ingvar Rød, Ola og Klara Bjørkenes, Vigdis Nerheim, Karl Johan Sørland, Gute Nilsen, Sand skule, Helge Nevøy, Reidun Helland, Albright Stokka, Fritjof Hiim, Bjørg Jørgensen, Helge Husevåg, Ingemund Galland, Elvira Ekholt, Gudrun Solbakken, Ada Dolmen, Anna Sunstad, Anna Lien, Valborg Backlund, Marie Basgård, Ingeborg Kjønnbog, Sauda Smelteverk, Jan Dolmen, Ingrid og Kjetil Fløgstad, Johannes T. Maldal, Pål Løyning, Målfrid Lunde, Per Skåle, Bjørg og Olav Ofstedal, Jorunn Solberg, Arnfinn Klemetsen, Sveinung Meland, Ståle Pedersen, Anne Marie Brekke, Sverre Mo, Sverre Vik, Alf Skåre.

I tillegg har museet kjøp ein gammal bibel frå Liv Hålands dødsbu og ein båt av Anders Klungtveit. Bibelkjøpet blei finansiert med ei gave frå SR-bank.

Gjenstandane i industriarbeidarmuseet er blitt registrert. Elles har det ikkje vore høve til noe registreringsarbeid i år, og museet har framleis store delar av samlingane uregistrert.

Museet har også i år oppdagat bygningar som har vore i museet si eige utan at ein har visst om det. Det dreier seg om eit kvernhusanlegg på Øystad i Kvilldal som det ein gong i tida blei gjort ein munnleg avtale om at museet skulle overta, utan at det nedfelte seg i noe skriftleg materiale. I sommar var husa komne i så dårleg forfatning at noe burde gjerast med dei, og dei tidlegare gjevarane vende seg til museet.

Elles har arbeidet med ei vurdering av Hustveit-tunet i Sauda halde fram, og det har kome i stand eit samar-

beid mellom Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune, Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd og museet for å greie ut dei ulike sidene ved utnyttinga av dette området til naturvern-, kulturvern- og friluftsformål. Det er sterke ønske frå dei andre partane om at museet går inn og tek på seg ansvaret for bygningane på bruket.

Den systematiske innsamlinga av bildemateriale frå Ryfylke held fram. I år har aktivitetane vore koncentrerte om Finnøy kommune, der vi dette året har fare over Talgje, Fogn og Halsne. Men vi får stadig inn nye bilde også frå dei kommunane vi har arbeidd i tidlegare, særleg Hjelmeland og Suldal. I Suldal er det skipa til ein bildeinnsamlingskveld i Vandvik i samband med bygdebokarbeidet. Tilsaman er det tatt 1.200 reprofotoografi av gamle bilde i år. Vi har i tillegg tatt 800 nye bilde. Ein god del av dette siste er dokumentasjon av eigne aktivitetar.



Innsamlinga av gamle foto frå Ryfylke har halde fram i Finnøy med god hjelp av frivillige registratorar. På bildet ser vi frå venstre kultursjefen i Finnøy, Reidulf Vignes, og vår eigen Bjørg Jorunn Myhre.



*For første gong har vi prøvd oss med dokumentasjon på video. Det skjedde på Stavanger Staal på Jørpeland. Det er modell-snakkaren Ingvar Holta som her blir filma av Kjetil Gundersen og Morten Austestad i MK-Video. Formannen på modellverkstaden, Kåre Fjelde, til høgre.*

Gjennom samarbeidet med Suldal kommune om kultursoga for Suldal har det kome inn både intervju-materiale og arkivmateriale. Det største arbeidet med kultursoga i år har vore innsamling, registrering og avskrift av lagsarkiv. Den samla tilveksten av lydband er 15 stk. I tillegg har folkemusikkarkivet samla mate-

riale av same slag, men dette kjem vi tilbake til seinare.

Tilveksten til biblioteket har vore omlag som før, men vi har ikkje greidd å halde oss ajour med tilvekst-protokollen, så vi veit ikkje nøyaktig kor stor tilvekst det er tale om.

Nytt av året er at vi har gjennomført ei dokumentasjonsoppgåve ved hjelp av video. Ved hjelp av midlar frå Norsk Kulturråd og med fagleg støtte frå Jærmuseet er arbeidet ved modellverkstaden på Stavanger Staal dokumentert. Det ligg føre ein redigert versjon av

videoopptaka som kan brukast i utoverretta verksemd, men museet har førebels ikkje utstyr verken til å sjå han sjølv eller vise han fram til andre.

#### OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

Det største problemet museet slit med er därlege oppbevaringsforhold for gjenstandssamlingane og manglande vedlikehald av bygningsmassen.

Dette har vore ein gjengangar i årsmeldingane til museet, og trass iherdig innsats lukkast det heller ikkje i år å komma i gang med noe vedlikehaldsarbeid. Men ved utgangen av året ligg det føre tilsagn om midlar til mellombels engasjement av hanverkar frå Sauda kommune, Suldal kommune, Hjelmeland kommune og fylkeskulturstyret, og vi reknar med å få tilsett folk tidleg på året i 1989.

Vi er likevel klar over at ein handverkarstilling er for lite til å komma opp på eit tilfredsstillande nivå med vedlikehaldet. Vi håper derfor at dette kan vera starten på oppbygginga av ein antikvarisk verkstad der vi kan utvikle både kapasitet og kompetanse til å drive dette arbeidet på ein skikkeleg måte. I denne samanhengen har vi sagt oss villige til å utvikle eit samarbeid også med Riksantikvaren om deltaking i arbeida på freda hus og anlegg i distriktet. På lengre sikt bør ein slik verkstad også få ei viss inntening gjennom sal av tene-ster til kommunar og private huseigarar.

Det blir meir og meir klart at ei tilfredsstillande oppbevaring av gjenstandsmassen før eller seinare vil krevja eit nytt magasinbygg. Men dette vil vera eit økonomisk løft som kan synest langt fram nå.

Som branngrygt arkiv bruker vi ein del av eit rom i kommunehuset på Sand. Her er det blitt tronge forhold etterkvart som bildetilfanget og talet på lydband har vakse, og det er tungvindt å ha sikringskopiane til data-

maskinane liggande på ein slik plass, men for dette formålet vil vi få gode forhold når Nesa-sjøhuset blir ferdig.



*Sauda Hagelag tok på seg å opparbeide og vedlikehalde hagen kring Industriarbeidarmuseet i Sauda.*



*Tradisjonsoverføring i praksis. Ivar Fuglestad lærer sonedottera Torill å spele hardingfele.*

## FOLKEMUSIKKARKIVET

Folkemusikkarkivet kunne gle seg over å passere lydband nr. 100 i samlinga si i meldingsåret, og har nå til saman 105 spoleband. Arkivet har dessutan kring 40 private kassettar og 2-300 melodiar på noter og som tekst og 3 videokassettar. Det er samla ein del opplysningar om stoff i andre arkiv og opplysningar om gamle opptak.

Utanom innsamlings- og registreringsarbeidet har det utoverretta arbeidet ved arkivet vore svært omfattande dette året.

Våren -88 heldt ein fram med skulekonsertane for Rikskonsertane, det blei skipa ei folkemusikkmønstring i Stavanger og Vibå spelemannslag arbeider med ei plateinnspilling. Alle desse tiltaka har folkemusikkarkivet vore sterkt engasjert i.

Noen barnehagegrupper har vore på besøk på arkivet og konsulenten har hatt møte med førskulelærarar

og hatt kåserier og framføringer av folkemusikk i ulike lag, på eigne tilskipingar og i såpass sjeldne omgjevnader som på cafe(!) i Stavanger.

Faktisk har aktiviteten ved arkivet vore så stor at det er blitt lagt merke til i det arbeidet som går føre seg for å bygge opp regionale folkemusikkarkiv også andre stader i landet. Og førespurnadene frå brukarar av materialet aukar på.

Men løvingane til engasjentsstillingen ved arkivet står ikkje i forhold til dei oppgåvane som ligg føre. Løvinga blei redusert frå 3/4 stilling til 1/5 stilling alle reide hausten 1987, og det har ikkje vore muleg å få auka denne.

## FORSKING

Det viktigaste forskingsarbeidet som går føre seg på museet er arbeidet med siste bandet av kultursoga for Suldal. Museet har ein avtale med Suldal kommune som kjøper 1/5 årsverk av museet til dette arbeidet. Førebels er det innsamling av materiale som går føre seg, i form av oppsporing og innsamling av arkivmateriale, intervju med eldre folk og fotoinnsamling.

I samband med budsjettbehandlinga i Suldal kommune hausten 1988 fekk eit forslag frå bygdeboknemnda om å stille midlar til rådvelde for eit heiltidsengasjement tilslutning, men styret for museet fann ikkje å kunne frigi styraren til dette arbeidet i så stort omfang.

Museet har halde fram med samarbeidet med Suldal kommune om å få etablert eit større forskingsmiljø i Ryfylke, og det ser ut til at ein kan nærme seg ei etablering i samarbeid med Rogalandsforskning. Utanom Ryfylkemuseet vil Ryfylke Folkehøgskule og rådgjevings- og planleggingsfirmaet Kon-Sul A/S vera interessante samarbeidspartnarar for eit slikt kontor.

## UTOVERRETTA TILTAK

Vi hadde ein sterk auke i besøktala ved museet frå 1987 til 1988. Det har ikkje vore noen tilsvarande auke dette året, bortsett frå i Sauda, der vi opna ny avdeling. Men besøktala har halde seg oppe på nivået frå 1988.

Dei registrerte tala ser slik ut:

Sjøhuset, Sand	1.732
Barkeland	225
Viga	404
Kolbeinstveit	810
Røynevarden	82
Håkonsgt. 51-53	ca. 500
Tilsaman	ca. 3.253

Tala er dessverre usikre, og det har vore noe ulik praksis med registreringa av besøkande på dei ulike stadene. For eit museum som vårt vil det dessutan vera stort besøk på dei ulike anlegga utanom opnings-tidene. Desse er det ikkje råd å registrere på noen måte.

Frå 1989 har fylkeskonservatoren bedt om meir utfyllande opplysningar om besøket ved museet, og vi skal nå prøve å få til eit betre registrering av besøket.

På sjøhuset, Sand, har det vore følgjande utstillinger i 1988:

- Februar: Kunsthåndverk, v/Riksgalleriet og Kunstlaget.  
April: «Tre frå Ryfylke», v/Kunstlaget.  
Juni: Dona, spøga, leika, hovudutstillinga til museet 1988. Open frå juni til desember.  
Juni: Svein Tang Wa, Odd Sama og Kjersti Prøys, sommarutstillinga til kunstlaget 1988. Open frå juni til august.  
September: Ryfylkeutstillinga 1988, v/Kunstlaget.

- Oktober: Astrid Skaaren Fystro og Kai Hoftstad, v/Kunstlaget.  
 Desember: Toralf Smith Svendsen, v/Kunstlaget.  
 Desember: Barneteikningar, v/Kunstlaget.



*Carstein Mortensen og Gunnar Lunde demonstrerer kjeglespel under opning av leikeutstillinga på Sand.*

Det har vore særlege arrangement med underhaldningstilbod ved opninga av fleire av desse utstillingane.

Ved opninga av leikeutstillingen i juni demonstrerte eldre folk gamle leiker.

Ein laurdag i desember gikk kunstlaget, museet, folkemusikkarkivet og Sand leikarring saman om å skipa til ein barnedag på museet.

I Sauda vart industriarbeidarmuseet i Håkonsgt. 51–53 opna 6. juli med utstillingar om Åbø-byen, kvinne-liv og mannfolk-liv og med eit husvere innreia med inventar og utstyr fra 1920-åra.

På Viga blei det skipa til ein aktivitetsdag ein søndag i juli. Kulturkontoret, bondekvinnelaget og andre frivillige sto for arbeidet med tilskipinga som samla mykje folk sjølv om veret var så uheldig som det kunne vera.

I Sauda er museet også spurt om å hjelpe sogelag med ein utstilling om industrireisinga til tyskerane under krigen.

I samarbeid med Suldal kulturkontor har museet skipa til to søndagsturar i Suldal. Den eine omfatta besøk på Kolbeinstveit og Røynevarden og tur med Suldsdampen. Den andre omfatta gatevandring på Jelsa med besøk i skolemuseet på Jelsa, Jelsa kyrkje, Bjergsted og på Barkeland. Begge desse arrangementa hadde god oppslutning.

Museet har hatt meir med skuleverket å gjera dette året enn tidlegare år. Det har vore halde kurs i preparering ved Erfjord skule og det er halde førelsingar om lokalhistorie både for lærarar og elevar ved Sand skule. Vi har samarbeidd med Stavanger Lærarhøgskole om gjennomføringa av ei halvårseining i samfunnsfag, vi har hatt førelsingar ved Etno-folkloristisk institutt, Universitetet i Bergen, ved Ryfylke folkehøgskule og vi har stilt oss til rådvelde for eit studieopphald Diakonhjemmets sosialhøgskole hadde i Suldal.

Tidsskriftet FOLK i Ryfylke har kome med to num-



Sigrid Bjelland og Ingeborg Kalstveit steiker syrekaker på Viga.

mer i 1988. I det eine nummeret var hovudsaka årsmeldingar for 1987 og ein presentasjon av ymse planar som styret arbeidde med. I haustnummeret var hovudartikelen ein artikkel av Marta Hoffmann om vadmålstamping, medan Lars Hellemo skreiv om barn i leik og arbeid. Den siste artikkelen passte godt saman med leiutstillingen vår. Spørsmål om kva ein kunne gjera med drivhushistoria på øyane vart reist av styraren i same nummeret.

Ein lite påakta del av den utoverretta verksemda vår er ulike former for rådgjeving. Denne blir ikkje registrert på noen særleg måte, og går gjerne for seg på ein uformell måte, men er likevel eit vesentleg innslag i gjezemåla ved museet. Det dreier seg om råd i samband med bevaring av gamle møblar og bruksting, restaurering av gamle hus, trykksakproduksjon, fotografering og anna som folk kjem på at vi kanskje veit noe om.

På meir formelt vis er vi førespurt om å gi vårt syn med ved restaureringa av den gamle handelsstaden

Bjergsted og den gamle dampskipskaien på Jelsa, og vi har vurdert og uttalt oss om planar om rehabilitering av spinneribygningen i Hjelmelandsvågen.

I Suldal kommune blir museet brukt av ulike etatar på mange slags vis. Det er særleg kulturetaten og skulekontoret som finn nytte i å bruke oss, men også teknisk etat er vakne for det vi kan bidra med.

Etterspurnaden etter kåsørar frå museet varierer noe frå år til år, og har i år vore liten. Det er registrert 3 kåserier i meldingsåret, i Ryfylke kunstlag, Suldal museumsLAG og Jelsa grändautval.

#### TILTAK UTANFOR MUSEET

Museet er engasjert i ei rekke aktivitetar som det kan vera vanskeleg å plassere under rubrikkane for det ordinære museumsarbeidet.

Ruth Anne Moen har hatt gjesteførelesing på Stavanger Lærarhøgskole og kurs for forskulelærar på Ullandhaug. Ho har deltatt som instruktør i andre kurs for Sandnes Folkedanslag og Metodistkirkens barnehage på Hundvåg og i instruktørsamling for Rogaland Ungdomslag.

Ho er med i styret for Norsk Folkemusikklag, har deltatt i møte i Forum for folkemusikktilsette, på musikk-konferanse som fylkeskulturstyret har skipa til, på skuleseminar i Rauland, i ei arbeidsgruppe under fylkeskulturstyret som har arbeidd ut ein musikkplan for Rogaland og i planlegging av eit seminar om religiøs sang i Ryfylke saman med Arne Bjørndals samlinger og kultursjefen i Hjelmeland.

Bjørg Jorun Myhre har deltatt på møte i foreningen Museumsarbeidere i Rogaland.

Gaute Nilsen har fått støtte frå Suldal kommune til å delta på messa Reiseliv -88 i Oslo. Han deltar og i arbeidet med å utarbeide ein museumsplan for Rogaland.

Gaute Nilsen har elles deltatt i møte i Forum for friluftsmuseer, han har vore med på ein EDB-konferanse, deltatt i møte i foreningen Museumsarbeidere i Rogaland og vore på kurs i reprofotografering som Fotosekretariatet har arrangert.

Roy Høibo er av Kultur- og vitskapsdepartementet oppnemnt som medlem av Buna- og folkedraktrådet og han er medlem i kulturutvalet til Ryfylkerådet, som m.a. skipar til ein Ryfylke-konferanse kvart år. I år var konferansen på Lindum i Suldal og temaet var Ryfylkeprodukt. Arbeidet med å gjera slike produkt kjente vurderer ein om kan følgjast opp med ein utstilling i sjøhuset på Sand sommaren 1989.

Roy Høibo har og vore med i ei arbeidsgruppe som Ryfylkerådet har sett ned for å utarbeide ein marknadsføringsplan for Ryfylke, han har deltatt i arbeidet med å utarbeide ein kulturminneplan for Rogaland og han sat til i juni i styret for Stiftelsen Norsk Landbruksmuseum.

Han har tidlegare vore med og utarbeidd ei innstilling for Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer om dokumentasjon av industri- og anleggsverksemrd, og er på den bakgrunnen blitt engasjert i behandlinga av den innstillinga om bevaring av tekniske og industrielle kulturminne som Norsk Kulturråd nå har utarbeidd. Ein lekk i dette arbeidet var deltaking på ein stor konferanse om industrien og musea i Porsgrunn. Roy Høibo har m.a. tatt til orde for ei meir desentralisert organisering av denne verksemda enn kulturrådet foreslår, og ei betre kontakt med dei eksisterande fagmiljøa i det vidare arbeidet med dette emnet.

Roy Høibo har elles deltatt i ein musikk-konferanse som Fylkeskulturstyret skipa til i samband med at det er blitt utarbeidd ein musikkplan for fylkeskommunen. Han har deltatt på museumsmøte som fylkeskultursjefen har innkalt til, på møte mellom leiarane for regi-

onsmusea og på andre enkeltmøte om museumssaker. Og han har vore på ei studiereise til museer på Island finansiert gjennom den Lätterstadske stiftelsen.

Museet har deltatt i det arbeidet Ryfylkerådet har drive med for å utvikle Ryfylkevegen til ei turistrute. Museet er dessutan sekretariat for Rogaland Folkemusikklag.

Museet blir i dei fleste høve bedt med på synfaringar som fylkeskonservatoren og riksantikvaren har i regionen, og blir tatt med i drøftingane om kulturvernspørsmål i regionen. Det har vore fleire slike synfaringar og møte i meldingsåret. Størst engasjement er lagt ned i arbeidet med å finne tilfredsstillande løysningar for bevaring av Li-tunet i Suldal.

med, og vi kan gle oss over stor interesse frå media. Både lokalavisene og dei regionale avisene tek jammleg inn stoff om museet, og det er heller ikkje vanskeleg å sleppe til i NRK.

Styret vil takke for denne interessa og for det største-parten gode samarbeidet vi har hatt med fylkeskommunen sine kulturorgan, med vertskommunen Suldal, Ryfylkerådet og kulturkontora i Sauda, Hjelmeland, Finnøy og Strand.

Sand, 16. februar 1989

Børge Skeie  
formann

Ommund Berge	Åse Jensen	Reidun Korsvoll
Olav I. Oftedal	Ola Meltveit	Lars Viland

## AVSLUTNING

Det er viktig for museet at det blir kjent det vi arbeider

# Rekneskap 1988

## INNTEKTER OG UTGIFTER INNANFOR TILSKOTSORDNINGEN

Eigeninntekter	16.634
Tilskot	985.598
Andre inntekter	11.759
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1013.991</b>
Lønn faste	444.277
Lønn andre	40.316
Arb.giv.avg. m.m.	76.170
<b>Sum lønn/avg.</b>	<b>560.764</b>
Innkjøp	50.836
Vedlikehald	22.002
Kontorutgifter	57.670
Husleige/Straum m.m.	171.742
Reiseutgifter	78.584
Varekjøp for salg	4.684
Vedl. saml/utstyr	11.190
Utstill./publ. m.m.	35.389
Dok. utgifter	7.062
Andre driftsutg.	9.324
<b>Sum andre driftsutgifter</b>	<b>448.486</b>
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1009.251</b>
<b>Resultat drift</b>	<b>4.739</b>

## INNTEKTER OG UTGIFTER UTANFOR TILSKOTSORDNINGEN

Eigeninntekter	56.107
Tilskot	1099.151
Andre inntekter	92.808
Forbruk av tidl. løvv.	446.218
<b>Sum inntekt ut/tilsk.</b>	<b>1694.284</b>
Lønn	84.915
Arb.giv.avg. m.m.	8.246
<b>Sum lønn/avgifter</b>	<b>93.162</b>
Inventar/utstyr	5.273
Vedlikehald	827.542
Reiseutgifter	2.406
Varekjøp/publikasjon	42.823
Foto/dok	5.083
Andre utgifter	0
Nyanlegg	84.305
<b>Sum andre utgifter</b>	<b>967.434</b>
<b>Sum u/tilsk.ordn.</b>	<b>1060.596</b>
<b>Ubrukte løyvingar</b>	<b>613.745</b>
<b>Resultat u/tilsk.ord.</b>	<b>19.943</b>
<b>Samla resultat</b>	<b>24.682</b>

<b>BALANSE</b>			
Kasse	658	Skattetrekk	21.919
Postgiro	131.398	Foreningskont.	489
Bank SR	596.433	Pensjonstrekk	0
Bankinnskudd	76.640	Interimskonto	6.976
<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>805.130</b>	Overf. bevilgningar	<b>613.745</b>
Uteståande fordringar	0	Kortsiktig gjeld	643.129
Sum fordringar	0	Eigenkapital	137.318
<b>Sum aktiva</b>	<b>805.130</b>	Rekneskapsres.	<b>24.682</b>
		<b>Sum eigenkapital</b>	<b>162.001</b>
		<b>Sum passiva</b>	<b>805.130</b>

Sand, 16. februar 1989

Børge Skeie  
formann

Ommund Berge      Åse Jensen      Reidun Korsvoll

Olav I. Oftedal      Ola Meltveit      Lars Viland

Rekneskapen er revidert av Fylkesrevisjonssjefen,  
som i brev av 19/4-89 melder at han ikke har noko å  
merke til rekneskapen for 1988.

# BØKER OG HEFTE FRÅ RYFYLKEMUSEET

Lars Hellemo: Frå Torvskrud til tingSal (1985)	kr 78,-
Roy Høibo: Då besta va' ung (1982)	kr 25,-
Roy Høibo: Folk og hus i Suldal (1984)	utseld
Roy Høibo: Blant silkebus og bønder (1987)	kr 78,-
Roy Høibo: Ulla-Førre (1987)	kr 188,-
Roy Høibo og Njål Tjeltveit: Hjelmeland – bilete frå farne år (1987)	kr 248,-
Roy Høibo: Jelsa kyrkje (1989)	kr 30,-
Frå bygd og by i Rogaland, årbok for Rogaland Folkemuseum	
Enkelte årganger 1950–1975	kr 10,-
1976–1979	kr 20,-
Folk i Ryfylke, tidsskrift for Ryfylkemuseet 1984–1989	kr 45,-

Bøkene kan tingast frå Ryfylkemuseet, 4230 Sand, telefon 79 73 77, eller kjøpast i ekspedisjonen på sjøhuset på Sand, der vi også har annan lokalhistorisk litteratur for sal.













# Jelsa kyrkje

Jelsa kyrkje frå 1647 er rekna mellom dei finaste kyrkjene vi har i Ryfylke. Etter restaureringa i 1950-åra har ein fått fram att mye av den gamle dekorasjonsmålinga og det er lagt stor vekt på å tilpasse nye element i kyrkjerommet til det gamle inventaret. I samarbeid med Jelsa sokneråd har museet gitt ut eit hefte om kyrkja. Heftet er på 35 sider og har mange fargebilete og ein del svart/kvitt bilete. Heftet kan tingast hos Ryfylkemuseet.

**Jelsa kyrkje, hefte, kr. 30,-**

RYFYLKEMUSEET